

# NAV lærer ikkje innvandrankvinner å spinne

*Om ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarar si tilknyting til  
arbeidslivet*

av

Tale Krogsæter Aarre



Masteroppgåve i statsvitskap

Institutt for statsvitenskap

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2017

Ord i oppgåva, utan vedlegg: 36 303

Ord i oppgåva, med vedlegg: 43 196

# NAV lærer ikkje innvandarkvinner å spinne

*Om ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarar si tilknytning til  
arbeidslivet*

Tale Krogseter Aarre

Copyright Tale Krogseter Aarre

2017

NAV lærer ikkje innvandrarkvinner å spinne

Tale Krogseter Aarre

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

# Samandrag

I denne masteroppgåva har eg gjort ei kvantitativ analyse av over 200 000 nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak som har delteke på statlege arbeidsmarknadstiltak i perioden januar 2011 til desember 2015. Eg har sett på kva for tiltak ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak deltek på, og om tiltaka påverkar sannsynet for at dei kjem i arbeid. Datamaterialet er henta frå SSB og NAV.

Eg har tatt utgangspunkt i tre teoriar: Becker sin teori om humankapital, den statsvitskaplege teorien om policy-verkøy og økonomisk teori om tilbod av arbeidskraft. Ut frå desse teoriane har eg utleidd hypotesar som utgangspunkt for analysearbeidet. Analysen er gjort gjennom seleksjonsmodellar og logistiske regresjonsmodellar.

Modellane viser kva for tiltak som gjev størst effekt på sannsynet for å kome i arbeid. I følge mine analyser gjev tilskot til lønsutgifter, arbeidspraksis og kvalifiseringstiltak størst sannsyn for å kome i arbeid. Ved å klassifisere tiltaka etter teoriane, finn eg at tiltak som gjev spesifikk opplæring, som går gjennom automatiske system som den økonomiske marknaden og som har fleire aktørar involvert, gjev størst sannsyn for å kome i arbeid. Analysen viser ingen seleksjonseffekt ved deltakinga på dei ulike tiltaka, altså at deltakarane sjølve påverkar kva for tiltak dei deltek på. Dette er eit funn som bør testast i komande studiar, for dette er i motstrid til tidlegare forskning.

Det er ikkje berre effektane av arbeidsmarknadstiltak som avgjer om ein kjem i arbeid eller ikkje. Studien viser at velferdsyttingane kontantstøtte og einsleg forsørgjarstønad har negativ påverknad på sannsynet for om ein kjem i arbeid. Deltaking i introduksjonsprogrammet synast også å ha ein negativ effekt på sannsynet for å kome i arbeid. Dette kan type på at programmet ikkje greier å tette kompetansgapet mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak, noko ein ser att i den sterke positive effekten ved å kome til landet på grunn av utdanning. Til samanlikning har arbeidsinnvandring mykje svakare positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid.

# Forord

*Can't you feel that sun a-shinin'?*  
*Ground hog runnin' by the country stream*  
*This must be the day that all of my dreams come true*  
*So happy just to be alive*  
*Underneath the sky of blue*  
*On this new morning, new morning*  
*On this new morning with you*

Eg har fått høyre at det å levere masteroppgåva er ei lette. Det trur eg på. Det er spanande arbeid, og eg har lært mykje. Men, eg skriv dette fem veker før leveringsdatoen, og eg har enno ikkje fått kjenne på den lette kjensla i kroppen som Bob Dylan skildrar. No er det litt tungt. Eg har teke meg vatn over hovudet (igjen), og statistikken plagar meg. I slike stunder er eg verkeleg heldig som har nokon å støtte meg på når eg tidvis vert lei. Takk, Are, for alt du er, og for alt du gjer for meg. Dylans fire siste strofer er dedisert til deg.

Kjære pappa. Takk for all hjelp. Dine gode råd og ditt kritiske blick er uvurderleg. Kvar eg hadde vore utan deg, både i masteroppgåva og i livet, er det godt eg aldri får svar på. Takk for at du gjev meg noko å strekke meg etter, og for at du er ein heim for alt som er godt.

Takk til rettleiaren min Terje P. Hagen. Du har vore ei stor hjelp, både til å stake ut kurs, men også med konkrete og sårt trengte råd. Ei ekstra takk for at du aldri har sett dumt på meg når eg har stilt dumme spørsmål. Eg har blitt klokare i denne prosessen, eg lovar.

Takk til Ane, Joachim og Det epistemiske fellesskap. De har alle vore til hjelp på ulikt vis, og eg set stor pris på kvar og ein av dykk. Takk for fine stunder og mykje lærdom.

Oslo, 21.05.2017  
Tale Krogsæter Aarre

# Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>10</b>
1.1	Problemstilling og bakgrunn .....	10
1.2	Strukturen for oppgåva .....	11
<b>2</b>	<b>Bakgrunn</b> .....	<b>13</b>
2.1	Introduksjon.....	13
2.2	Norsk innvandrings- og integreringshistorie .....	13
2.3	Integrering i den norske integreringsmodellen .....	15
2.4	Særmerke ved ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara .....	17
2.5	Introduksjonsprogrammet.....	18
2.6	Arbeidsmarknadstiltaka i NAV .....	18
2.7	Hovudpunkt i kapitlet .....	19
<b>3</b>	<b>Tidlegare forskning</b> .....	<b>21</b>
3.1	Introduksjon.....	21
3.2	Den norske arbeidsmarknaden .....	22
3.3	Tidlegare funn.....	23
3.3.1	Forsking på arbeidsmarknadstiltak og effektane av dei .....	23
3.3.2	Forsking på samanhengen mellom velferdsytningar og arbeid.....	24
3.4	Eit hol som må tettast .....	26
3.5	Hovudpunkt i kapitlet .....	27
<b>4</b>	<b>Teori</b> .....	<b>29</b>
4.1	Innleiing.....	29
4.2	Norsk velferdsøkonomi – ei oppmoding til arbeid?.....	29
4.2.1	Valet om å arbeide eller ikkje .....	30
4.3	Humankapital .....	31
4.3.1	Generell og spesifikk kompetanseheving.....	32
4.3.2	Relasjonen mellom inntekt og alder .....	33
4.3.3	Kvinner og insentiv til kompetanseheving .....	34
4.3.4	Det høgteknologiske samfunnet.....	34
4.4	Val av policy-verktøy .....	35
4.4.1	Dimensjonar ved policy-verktøy .....	37
4.5	Hovudpunkt i kapitlet .....	40
<b>5</b>	<b>Klassifisering av tiltak</b> .....	<b>42</b>
5.1	Introduksjon.....	42
5.2	Klassifisering av tiltak.....	42
5.2.1	Avklaringstiltak .....	42
5.2.2	Oppfølgingstiltak.....	43
5.2.3	Arbeidsutprøving.....	44
5.2.4	Tilskot til lønsutgifter .....	44
5.2.5	Kvalifiseringstiltak.....	45
5.3	Koding av tiltak .....	46
5.4	Hovudpunkt i kapitlet .....	47
<b>6</b>	<b>Data</b> .....	<b>48</b>
6.1	Introduksjon.....	48

6.2	Tidsperioden .....	48
6.3	Populasjonen.....	49
6.4	Variabelgjennomgang .....	49
6.4.1	Avhengig variabel.....	49
6.4.2	Demografiske forklaringsvariablar.....	50
6.4.3	Velferdsytingar som forklaringsvariablar .....	51
6.4.4	Tiltaksgruppe .....	51
6.4.5	Manglande verdiar .....	51
6.5	Hovudpunkt i kapittelet .....	53
7	Forskningsdesign.....	54
7.1	Introduksjon.....	54
7.2	Verdien av god metode .....	54
7.3	Binomisk logistisk regresjon .....	56
7.3.1	Norsk velferdsøkonomi.....	57
7.3.2	Humankapital .....	58
7.3.3	Policy-verktøy.....	60
7.4	Seleksjonsutfordring .....	62
7.5	Ein variant av Heckman sin seleksjonsmodell .....	62
7.5.1	Humankapital .....	65
7.5.2	Val av policy-verktøy.....	66
7.6	Hovudpunkt i kapittelet .....	67
8	Resultat.....	69
8.1	Introduksjon.....	69
8.2	Presentasjon av data.....	69
8.3	Kva for tiltak deltek ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak på? .....	74
8.4	Resultat frå logistisk regresjonsanalyse.....	76
8.4.1	Modell to.....	77
8.4.2	Sannsynet for å kome i arbeid.....	81
8.4.3	Modell ein.....	83
8.4.4	Modell tre: generell og spesifikk kompetanseheving .....	90
8.4.5	Modell fire: indirekte og direkte tiltak .....	91
8.4.6	Modell fem: automatiske og ikkje-automatiske tiltak .....	92
8.4.7	Modell seks: synlege og ikkje-synlege tiltak .....	93
8.5	Resultat frå Heckman-modellane.....	94
8.6	Oppsummering av resultatata frå modellane .....	95
8.7	Kva var det eg lurte på, igjen?.....	96
8.8	Deltek kvinnene på tiltaka som gjev dei arbeid? .....	98
8.9	Hovudpunkt i kapittelet .....	99
9	Validitet og reliabilitet .....	100
9.1	Introduksjon.....	100
9.2	Høver modellane godt til data? .....	100
9.3	Ekstreme verdiar og uteliggjarar .....	102
9.4	Multikolaritet.....	103
9.5	Autokorrelasjon .....	104
9.6	Validitet.....	104
9.6.1	Indre validitet.....	104
9.6.2	Ytre validitet .....	106
9.6.3	Målevaliditet .....	107
9.7	Reliabilitet.....	108
9.7.1	Stabilitet i omgrepa.....	108
9.7.2	Indre reliabilitet .....	109
9.7.3	Ytre reliabilitet.....	110

9.8 Hovudpunkt i kapitlet .....	110
10 Konklusjon .....	112
10.1 Svar på problemstillingane.....	112
10.2 Teoretiske funn.....	113
10.3 Vidare forskning .....	114
Litteraturliste .....	115
Vedlegg .....	120



# Figurar og tabellar

Figur 1 .....	14
Figur 2 .....	26
Tabell 1 Oversikt over hypoteser, kategorisert etter teori. ....	41
Tabell 2 Klassifisering av tiltaksgruppe etter policy-dimensjon.....	47
Tabell 3 Klassifisering av tiltaksgruppe etter om dei gjev generell eller spesifikk kompetanseheving. ....	47
Tabell 4 .....	71
Tabell 5 .....	72
Tabell 6 .....	75
Tabell 7 .....	78
Figur 3 .....	79
Tabell 8 .....	83
Figur 4 .....	84
Figur 5 .....	87
Figur 6 .....	88
Tabell 9 .....	89
Tabell 10.....	90
Tabell 11.....	91
Tabell 12.....	92
Tabell 13.....	93
Tabell 14.....	96
Tabell 15.....	97



# 1 Innleiing

*For den som ikke vet hvor han skal finnes det ingenting som heter medvind.*

*Seneca den yngre*

## 1.1 Problemstilling og bakgrunn

Av gruppene som står lengst frå det norske arbeidslivet finn ein ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara, med ei sysselsetjingsgrad på femti prosent (Orupabo & Drange, 2015, p. 7). For dei fleste er arbeid avgjerande for å integrerast i samfunnet, noko som vert forsterka av staten si arbeidslinje. Difor er det viktig, både for den einskilde og for samfunnet som heilskap, å finne årsakene til den låge deltakinga. Når ein har klårt for seg årsakene, har ein teke eit viktig steg på vegen mot å vegen finne ei løysing.

Regjeringa slår fast at arbeidsmarknaden er den viktigaste arenaen for integrering i Noreg (Meld. St. 30 (2015-2016), 2016, pp. 7-8). Ein har difor ei stor policy-utfordring når berre halvparten av ei samfunnsgruppe deltek i det som er hovudsatsingsfeltet for det norske integreringsarbeidet. Mange som deltek, gjer det berre delvis. Av dei som *er* i arbeid, har mange frivillig eller ufrivillig deltidsarbeid. Kva er årsakene til den låge deltakinga? Denne masteroppgåva skal ta for seg dette spørsmålet og undersøkje det i ein kvantitativ studie av arbeidsmarknadstiltaka i Arbeids- og velferdsetaten, korleis velferdsytningar spelar inn, og undersøkje demografiske kjenneteikn hjå kvinnene. Problemstillinga for prosjektet er:

*Kva for arbeidsmarknadstiltak deltek ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara på, og korleis påverkar tiltaka sannsynet deira for å kome i arbeid?*

Det er mange årsaker til at ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara har lågare sysselsetningsgrad enn andre samfunnsgrupper. Dersom det stemmer, slik mykje av forskinga på feltet hevder (Ager & Strang, 2008, p. 170; Freeman, 2004, p. 953; Hansen, 2012, p. 4), at deltaking i arbeidslivet er sentralt for integrering i samfunnet elles, hastar det med å finne årsakene til gruppa si låge yrkesdeltaking. Utanforskap har store sosiale og økonomiske konsekvensar for både den einskilde og for samfunnet, og gevinsten ved å inkludere desse kvinnene på arbeidsmarknaden vil truleg vere verdifull på andre samfunnsområde. Integrering skal danne eit sosialt samhald mellom borgarane og stabilitet for samfunnet (Brochmann, Borchgrevink, & Rogstad, 2002, p. 30). Ein vil ha vanskar med å oppnå dette dersom ein stor del av ei gruppe står utanfor hovudarenaen for integrering.

For å finne svar på spørsmåla eg stiller, tek eg føre meg eit utval nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak som har delteke på arbeidsmarknadstiltak, og undersøker om dei er i arbeid seks månader etterpå. Eg studerer tiltaka kvar for seg, men også etter ei inndeling i det ein kallar policy-dimensjonar og skiljet mellom kva for type kompetanseheving dei gjev. Dimensjonane er utleidd frå teori om korleis styresmakter utformer policy for å løyse samfunnsproblem, og kompetansehevingstypologien kjem frå teori om humankapital.

For å undersøke effektane av tiltaka på overgangen til arbeid nyttar eg to ulike kvantitative modelltypar. Den eine korrigerer for seleksjon til tiltak. Dette inneberer at det ikkje er tilfeldig kva for tiltak ein person deltek på. Den andre er logistisk regresjon. Desse analysane skal gje svar på korleis dimensjonar ved arbeidsmarknadstiltak og type kompetanseheving påverkar sannsynet for å kome i arbeid. I analysane kontrollerer eg for effektane av demografiske variablar og velferdsytingar.

## 1.2 Struktura for oppgåva

Denne oppgåva har ti kapittel. I dette *første kapitlet* presenterer eg problemstillinga for arbeidet og gjer kort greie for kvifor forskingsspørsmålet er viktig. Eg presenterer også dei viktigaste funna i analysen. I *kapittel to* definerer eg omgrepet integrering, og gjer kort greie for norsk innvandringshistorie og korleis norsk integreringspolitikk har utvikla seg i takt med auka innvandring. Eg tek så for meg kva som kjenneteiknar ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak, og ser på oppbygginga av introduksjonsprogrammet og dei statlege arbeidsmarknadstiltaka i arbeids- og velferdsetaten.

I *kapittel tre* gjer eg greie for kva som kjenneteiknar den norske arbeidsmarknaden. Eg presenterer tidlegare forskning på feltet, og eg viser kvar dette prosjektet høver inn i denne samanhengen. I *kapittel fire* legg eg fram den teoretiske ramma for arbeidet. Eg presenterer tre teoriar, og frå desse utleier eg hypotesar. I *kapittel fem* klassifiserer eg arbeidsmarknadstiltaka eg skal analysere, og eg gjer det på grunnlag av to av teoriane. I dette kapitlet kodar eg tiltaka og klargjer dei for analysen.

I *kapittel seks* legg eg fram datamaterialet mitt. Eg fortel om tidsperioden materialet er frå, kven som utgjer populasjonen, og eg går gjennom alle variablane eg nyttar i analysen. I *kapittel sju* fortel eg korleis analysen skal gjennomførast. Eg legg fram dei to metodane eg nyttar, logistisk regresjon og ein to-stegsmodell inspirert av James J. Heckman, og bygger modellane eg så skal nytte i *kapittel åtte*. Her legg eg fram resultatane mine, drøftar om hypotesane eg har utleidd får støtte i empirien eller ikkje, og vurderer om ikkje-vestlege

kvinnelege innvandrara faktisk deltek på dei tiltaka som gjev størst sjanse for å kome i arbeid. I det nest siste kapitlet, *kapittel ni*, stiller eg spørsmålet om eg kan stole på resultata eg har fått. Er dei valide og reliable, og er modellane robuste? Dette drøftar eg inngåande for slik å kunne konkludere, som eg gjer i *kapittel ti*, om resultata eg har fått gjev svar på problemstillinga, og om svara er til å lite på.

## 2 Bakgrunn

*Det finst ikkje kunnskap  
som ikkje er verdfull.*

*Edmund Burke*

### 2.1 Introduksjon


Dette første kapittelet legg grunnlaget for at lesaren skal forstå kompleksiteten i forskingsspørsmålet som vert undersøkt i oppgåva. Det er mange faktorar som spelar inn på spørsmålet eg stiller. Kva er det som gjer at ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak står så langt frå arbeidslivet? For å kunne gje svar på dette spørsmålet, undersøker eg arbeidsmarknadstiltaka til NAV og korleis demografiske variablar og velferdsytingar spelar inn på sannsynet for at gruppa kjem i arbeid.

Dette kapittelet skal gje ein god introduksjon til den omfattande oppgåva det er å undersøkje spørsmåla over. Først skal eg kort gjere greie for norsk innvandrings- og integreringshistorie, før eg forklarar kva som kjenneteiknar den norske integreringsmodellen. Eg vil deretter kort ta føre meg særmerke ved ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak. Er det noko ved gruppa som gjer at dei har særlege utfordringar med å kome i arbeid? Eg tek deretter for meg introduksjonsprogrammet, og forklarar korleis det er utforma, før eg gjer greie for dei fem arbeidsmarknadstiltaka som skal analyserast.

### 2.2 Norsk innvandrings- og integreringshistorie

*Integrasjon* vart svaret på spørsmålet om korleis ein skulle møte nye borgerar og minoritetar i Noreg på 1970-talet. Tidlegare hadde Noreg assimilasjon som strategi i møtet med minoritetar. Etter at innvandringa skaut fart frå 1967 vart dette tanke- og handlingsmønsteret endra. I åra som kom vart innvandringa stadig større, og styresmaktene si haldning til innvandring og integrering måtte tilpassast eit politisk bilete i stadig endring. Figuren under illustrerer utviklinga i innvandringa til Noreg frå 1970 til 2017.

Figur 1. Innvandrere og norskfødte med innvanderforeldre, etter landbakgrunn. Landgruppering fra 1. januar 2017



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Figur 1  
(SSB, 2017b)

Før 1967 var det lite innvandring frå andre delar av verda enn frå Nord-Europa (Brochmann & Hagelund, 2010, p. 213). Etter 1967 auka alle typar innvandring, og særleg arbeidsinnvandringa. Uro for økonomien, i tillegg til sosioøkonomiske og politiske omsyn, førte til innvandringsstoppen i 1975 (ibid., p. 229). Det var på denne tida den norske integreringspolitikken vart etablert, og hovudinnsatsen var retta mot å sikre bustader til nykomne og integreringstilskot til byane og tettstadene med størst innvandring. På 80- og 90-talet auka innvandringa til Noreg, særleg i form av familie- og asylinnvandring. Integreringspolitikken retta seg framleis mot økonomisk integrering (Valenta & Bunar, 2010, pp. 468-469), men no understreka ein også verdien av likebehandling av innvandrarar og nordmenn. Ein var urolege for at det ville verte for kostbart med høg kvalitet på offentlege tenester dersom innvandringa haldt fram med å auke. For å sikre at byrda for velferdsstaten ikkje vart for stor, stramma ein difor ytterlegare inn i innvandringspolitikken (Brochmann & Hagelund, 2010, p. 241).

Flyktnings spørsmålet, som i stor grad hadde vore handsama som ein separat del av innvandringsdiskursen, blei aktualisert ved stor tilstrøyming frå mellom anna Vietnam på 70- og 80-talet. I takt med at innvandrings- og integreringsspørsmåla vart meir kompliserte, vart organisasjonsvanskane for forvaltninga prekære. Ikkje berre auka innvandringa, men årsakene til innvandringa vart stadig meir sprikande. Frå å i hovudsak ha arbeidsinnvandring, skulle

ein no også ta hand om barna og syskena til personar som kom til riket grunna flukt og elende. Var det framleis mogleg å handsame innvandrarak som ei samla gruppe? Måtte ein sjå etter nye måtar for å klare å handtere integreringsoppgåvene? Og kor mange innvandrarak kunne ein eigentleg ta imot? Desse spørsmåla vart gjenstand for stor debatt, både hos politikarak og folk flest. Det hjalp ikkje på oppgåveløysinga at ansvaret for dei ulike delane av integrerings- og innvandringspolitikken var spreidd mellom ulike instansar. I von om å få ei betre koordinering av arbeidet, vart Utlendingsdirektoratet (UDI) oppretta i 1988. (ibid., pp. 242-243). Med tilknytninga til EU gjennom EØS-avtalen fekk Noreg plikt til å kontrollere grensene (ibid., p. 255), og saksområdet blei stadig meir politisert. Innvandrings- og integreringspolitikken utvikla seg vidare, og no med større vekt på innvandrarak si *plikt* til å delta i fellesskapet, som tidlegare var formulert som meir frivillig. Arbeid og utdanning blei særleg trekt fram som vilkår for slik deltaking (ibid., p. 257).

Med eit nytt hundreår kom nye utfordringar, særleg på integreringsfeltet. Den låge deltakinga på arbeidsmarknaden blant innvandrarak blei sett på som problematisk både for integreringa av einskildmennesket og for velferdsstaten. *Arbeidslinja* blei lansert på 90-talet som eit generelt mål for velferdspolitikken. Den skulle nå både etniske nordmenn og innvandrarak. Ordlyden var at «Arbeidslinja betyr at virkemidler og velferdsordningar – enkeltvis eller samlet – utformes, dimensjoneres og tilrettelegges slik at de støtter opp under målet om arbeid til alle» (ibid., p. 253). På 2000-talet vart ein merksam på kjønnskilnader i integreringa, og ein kopla dette nært til skilnader i kultur og religion. Lågare yrkesdeltaking hos minoritetskvinner blei knytt til patriarkalske familiemønster, og kvinneundertrykking blei sett i søkjelyset, både av styresmakter og medium. Integrering av minoritetskvinner blei sett på som spesielt vanskeleg. Det var i denne tida den første lova på integreringsfeltet vart vedteken. Introduksjonslova peikte tydelegare enn før på spenninga mellom fridomen til å velje kulturell tilknytning og behovet for å tilpasse seg eit nytt samfunn. Det blei no eit krav at innvandrarak skulle akseptere dei mest grunnleggjande norske samfunnsprinsippa (ibid., pp. 262-263). Introduksjonsprogrammet blei lansert som integreringstiltak i introduksjonslova og er den dag i dag ein av dei viktigaste delane av norsk integreringssatsing. Eg gjer greie for introduksjonsprogrammet i delkapittel 2.5. Først skal vi sjå på det vi kallar *den norske integreringsmodellen*, og kva det er som kjenneteiknar ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak.

## 2.3 Integrering i den norske integreringsmodellen



Kva for regime ein stat fører i integrasjonspolitikken speglar deira forståing og haldning til omgrepet integrering (Brochmann et al., 2002, p. 61). Integrasjonspolitik handlar om kva for verkemiddel ein stat nyttar for å hindre sosial og økonomisk marginalisering (Brochmann & Hagelund, 2010, p. 27).

Castles og Miller skildrar fire integrasjonsmodellar i vestlege demokrati; assimilering, differensiell eksklusjon, multikulturalisme og integrering (Castles, de Haas, & Miller, 2014, pp. 266-270). *Assimilasjon* er ein prosess der individ vert innlemma i eit kulturelt fellesskap. Prosessen stoppar når ein har nådd punktet der ein ikkje lenger kan skilje individet sine normer og verdiar frå fellesskapet sitt (Brochmann et al., 2002, p. 31). *Differensiell eksklusjon* er namnet på modellen som vart typisk for gjestearbeidarane. Migrantane vart berre innlemma i delar av samfunna, men særleg i arbeidslivet. Tilknytninga var meint å vere mellombels, ut ifrå ideen om at migrantane ville reise attende til heimlandet etter ei tid (Castles et al., 2014, p. 266). *Multikulturalisme* kjenneteiknar integreringsmodellen der innvandrarak skal kunne delta fritt på alle samfunnsområde utan ei forventning om å skulle gå vekk frå sin opphavlege kultur og verdsett. Det finst to hovudvariantar av denne modellen. I den eine er det ei haldning om "live and let live", utan at staten skal gjere noko aktivt for å promotere utfoldinga av kulturell diversitet. I den andre tek staten ei aktiv rolle i å leggje til rette for at ulike kulturar skal kunne utfalde seg (ibid., p. 270). *Integreringsmodellen*, i motsetnad til assimileringmodellen, har som mål å danne lojalitet og tilhøyrslø til eit samfunn gjennom sosialisering og dialog mellom ulike kulturar. Slik kan ein oppnå stabilitet i samfunnet utan å berre fremje majoritetskultur. Ein har rom for at minoritetskultur kan vidareførast og vernast. Ved normer og læring kan nye borgarar tilpasse seg majoritetssamfunnet sitt verdigrunnlag og levemåte, utan å måtte gje avkall på sine kulturelle røter (Brochmann et al., 2002, p. 30).

Noreg sin integreringspolitikk hamnar under karakteristikkane til *integreringsmodellen* (Brochmann et al., 2002, p. 30). Modellen inneberer altså ei mjuk form for assimilering, der både samfunn og individ må tilpasse seg kvarandre. Det endelege målet er inkorporering i den dominante kulturen (Castles et al., 2014, pp. 268-270).

Den norske integreringsmodellen er mynta på «krav til den enkelte om deltakelse, kvalifisering og arbeid ...» og elles at «innenfor disse rammene er det mange måter å være norsk på» (Meld. St. 30 (2015-2016), 2016, p. 10). Innvandrings- og integreringsminister Sylvi Listhaug stadfestar vidare at «Arbeid er nøkkelen til vellykket integrering» (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016). Arbeidsmarknaden vert løfta fram som den viktigaste arenaen å lukkast på for å verte integrert i det norske samfunnet (Kvande, 2015, p. 288).

Noreg har ein sosialdemokratisk velferdsstat der arbeidslinja er tett samantvinna med velferdsordningar, og der retten til arbeid har same status som retten til stønader dersom ein står utanfor arbeidslivet (Esping-Andersen, 1990, p. 28). Ein kan difor ikkje studere arbeid uavhengig av velferdsordningar. Ein må sjå på arbeidsdelen av sektoren som éin del av den overordna arbeids- og velferdsforvaltinga (Kvande, 2015, p. 17), og dette inneberer å i tillegg sjå på korleis velferdsordningar påverkar sannsynet for å vere i arbeid.

## **2.4 Særmerke ved ikkje-vestlege kvinnelege innvandrарar**

Ikkje-vestlege innvandrарar er personar som kjem frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand (Høydahl, 2008, p. 66). Gruppa som eg studerer i denne oppgåva, altså kvinnene frå desse områda, kjem med andre ord frå alle verdshjørna og har med det svært ulike bakgrunnar og særmerke. Dei kjem frå ulike religionar, tradisjonar og sosiale og økonomiske tilhøve. Skiljet mellom vestlege og ikkje-vestlege land vart introdusert i 1995 av Statistisk sentralbyrå for statistiske føremål. Grupperinga gav store utslag. Det er ei forenkla kategorisering som ikkje tek omsyn til viktige skilnader mellom regionar og statar. Det har likevel blitt eit populært omgrep også utanom statistiske føremål. Ein ser visse likskapar innan gruppene som gjer at ein har sett det som føremålstenleg å differensiere mellom vestlege og ikkje-vestlege innvandrарar, til dømes i tenestetilbod (ibid., pp. 66-67).

Om lag 70 prosent av kvinner i Noreg deltek i arbeidslivet, og Noreg plasserer seg såleis i verdstoppen når det gjeld kvinneleg sysselsetting (Reisel & Teigen, 2014, p. 109). Mange av dei ikkje-vestlege landa har heilt andre sysselsetjingstal for kvinner. I både Pakistan og Marocco var den kvinnelege sysselsetjinga på 25 prosent i 2016, og i Algerie så låg som 17 prosent (Verdsbanken, 2016). Ein tradisjon for lågare kvinneleg sysselsetjing medfører vanskar med å delta i det norske arbeidslivet. Ikkje berre har ein truleg lågare motivasjon til å delta, men om ein så ynskjer det, manglar mange verdifull kunnskap og erfaring.

Introduksjonsprogrammet er eit viktig tiltak for å få kvinnene til å kvalifisere seg for arbeid og for å få innpass på arbeidsmarknaden. Likevel ser ein at kvinner deltek lenger i programmet enn menn. Årsakene til dette er i hovudsak svangerskap og omsorgsoppgåver (Djuve, Kavli, & Hagelund, 2011, p. 10). Introduksjonsprogrammet skal tilpassast den einskilde for å gje eit best mogleg tilbod, men det viser seg at deltakarar som treng mykje

tilpassing, typisk kvinner med omsorgsoppgåver, ofte får eit mindre arbeidsretta program, som igjen fører til lågare sannsyn for overgang til arbeid eller utdanning (Djuve et al., 2011, p. 56). Eit døme kan vere ei einsleg somalisk kvinne med sju barn. Kva for høve har ho eigentleg for å kome inn på arbeidsmarknaden?

## **2.5 Introduksjonsprogrammet**

Introduksjonslova blei verksam 1. september 2004, og plikt til å tilby undervising i norsk og samfunnskunnskap vart pålagd ved lov 1. september 2005 (Kommunal- og regionaldepartementet, 2005). Lova pålegg alle kommunar å busette flyktingar og tilby eit gratis kvalifiseringsprogram (introduksjonsprogrammet) til dei som oppfyller krava i lova (Djuve et al., 2011, p. 8). Krava er mellom anna at ein er mellom 18 og 55 år, og at ein har vore busett i kommunen i mindre enn to år, og busetjinga er etter særskilt avtale mellom utlendingsmyndet og kommunen. Programmet er obligatorisk, og skal gje brukarane grunnleggjande ferdigheiter i norsk, og opplæring i norsk samfunnsliv og førebu brukarane på deltaking i yrkeslivet. Det skal utarbeidast ein individuell plan for kvar deltakar, og planen dannar grunnlaget for eit tilrettelagd tilbod til den einskilde. Sidan det er kommunane sjølve som har ansvaret for å utforme programma utover krava i lova, er det naturlege variasjonar mellom det konkrete innhaldet frå kommune til kommune. Når ein deltek i introduksjonsprogrammet får ein introduksjonsstønad som yting til livsopphald, som er på to gonger grunnbeløpet i folketrygda for deltakarar som er 25 år og eldre. For yngre deltakarar er beløpet to tredelar av dette (Introduksjonsloven, 2003).

Introduksjonsprogrammet gjev 600 timar opplæring i norsk språk og samfunnsliv som deltakaren ved programslutt skal prøvast i (Introduksjonsloven, 2003). Programmet er eit heiltidsprogram som i hovudregelen varer to år. I særlege tilfelle kan det utvidast til tre år (Djuve et al., 2011, p. 8).

## **2.6 Arbeidsmarknadstiltaka i NAV**

Arbeids- og velferdsetaten (NAV) tilbyr arbeidsmarknadstiltak for dei som treng hjelp til å kome i arbeid. NAV skal tilby arbeidsmarknadstøtte til alle som ynskjer slik hjelp, frå unge til gamle, personar med funksjonsnedsetjing, etniske nordmenn og personar med utanlandsk opphav. For å nå ut til alle har etaten mange tiltakstypar som skal kunne tilpassast kvar og ein. Det finst svært mange ulike tiltak, og kva for tiltak som vert tilbydd har endra seg over tid. Å sjå på kvart einskild tiltak er alt for tidkrevjande, men vi kan vurdere dei etter *type*

*tiltak*. Det statlege NAV tilbyr åtte ulike typar arbeidsmarknadstiltak. Tre av desse typane er meint for personar med nedsett arbeidsevne. Fordi personar med nedsett arbeidsevne har heilt andre utfordringar ved å delta i arbeidslivet enn personar som ikkje har nedsett arbeidsevne, vel eg å ikkje studere personar som går på slike tiltak. Eg står att med fem typar arbeidsmarknadstiltak som eg no skal gjere greie for.

*Avklarings tiltak* er retta mot personar som treng hjelp til å avklare kva arbeidsevne ein har. Tiltaket kan nyttast av personar som er usikre på om dei kan halde fram med det arbeidet dei har, men det kan også nyttast av personar som ikkje er i arbeid og som ikkje veit kva slags arbeid dei kan gjere. Mange som nyttar slike tiltak har vore lenge utanfor arbeidslivet eller har helsetilstandar som medfører vanskar med å vere i arbeid. Slike tiltak inneberer ofte tilpassing av arbeidsoppgåver, yrkesretteiing og utprøving av ny arbeidsplass (NAV, 2016b).

*Oppfølgingstiltak* er meint for personar som treng rettleiing for å halde seg i arbeid eller til å finne nytt arbeid. Dette skjer gjennom støtte til jobbsøking eller oppfølgingstiltak på arbeidsplassen slik at ein kan halde fram i det arbeidet ein har (NAV, 2015b).

*Arbeidsutprøving* er eit tiltak for dei som treng å vere i arbeid i ein periode, anten for å få opplæring, for å få referansar til vidare jobbsøking, eller for å prøve om ein kan meistre eit visst arbeid. Ein kan få arbeidsprøving i ordinær verksemd, skjerma verksemd eller verksemd som har underteikna avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Dei to sistnemde tiltaka er for personar som har ekstra store vanskar med å kome i arbeid (NAV, 2015a).

*Tilskot til lønsutgifter* vert gitt til verksemdar for å halde folk i arbeid, eller for å gje insentiv til å tilsetje personar som står utanfor arbeidslivet. Denne tiltakstypen fører til at arbeidsgjevar får dekkja delar av lønsutgiftene. Ein skil mellom mellombels lønstilskot, som er meint for å auke sjansen for å kome i arbeid, og varig lønstilskot, som er meint for personar med varig nedsett arbeidsevne som treng langsiktig støtte for å halde seg i arbeid (NAV, 2015c).

*Kvalifiseringstiltak* er for dei som treng meir opplæring for å kunne klare å konkurrere i jobbsøkingarprosessar på linje med andre. Tiltaket kan innebere støtte til ordinær utdanning, men som regel skjer slik opplæring gjennom arbeidsmarknadskurs (AMO-kurs). Dette er korte, yrkesretta kurs, ofte med både teoretisk og praktisk innhald (NAV, 2016c).

## **2.7 Hovudpunkt i kapitlet**

Å integrere innvandrere på arbeidsmarknaden er ikke ei enkel oppgave. Gruppen eg studerer er heterogen, og mange møter ekstra store hinder for å bli integrert. Somme er analfabeter, andre har traume frå krig og elende, og dei fleste kjem frå samfunn og kulturar som er svært annleis enn det dei møter i Noreg. For å få fleire innvandrere i arbeid kan styresmaktene nytte ulike metodar, til dømes politiske signal og oppmodingar, etablering av kvotesystem for arbeid og utdanning, og vedta lover og reglar som særleg vernar om rettane til innvandrere. Hovudsatsinga i det norske integreringsarbeidet av ikkje-vestlege innvandrere har vore etableringa av introduksjonsprogrammet, med ein tanke om at det saman med dei ordinære arbeidsmarknadstiltaka ville leggje eit godt grunnlag for å få innvandrerane i arbeid. Nettopp difor vil introduksjonsprogrammet utgjere ramma for dette prosjektet, og arbeidsmarknadstiltaka vil vere gjenstand for analysen. Vi skal no sjå på kva for teoretiske premiss som er utgangspunktet for analysen.

## 3 Tidlegare forskning

*Forskere har allerede sådd tvil om emnet,  
og hvis de fortsetter sine undersøkelser  
kommer vi snart ikke til å vite noen ting om det.*

*Mark Twain*

### 3.1 Introduksjon

Mark Twain si harselering med forskarstanden har noko føre ved seg, men det er også ein overdriven kritikk. Det han viser til er at forskarar tek atterhald ved vurdering av resultata sine, for slik å unngå å dra slutningar som ikkje er valide. Forskarstanden er generelt konservativ og vil heller forkaste ein alternativ hypotese enn nullhypotesen. Dei fleste vurderer det som verre å vere dristig og dra slutningar som kanskje ikkje er gyldige heller enn å ta atterhald og ikkje vere for bastant i konklusjonane sine.

Om ein ser forbi ironien til Twain, kan ein tolke hans utsegn som at ein ikkje berre treng éin eller to studiar for å svare på eit forskingsspørsmål, men mange. På denne måten kan ein gjennom ulike metodar freiste å avdekkje om resultata ein ser konturane av faktisk er valide. Når det gjeld spørsmålet eg studerer, har det vore gjort ein del forskning på temaet, men absolutt ikkje nok, og på ingen måte nok på gruppa eg ser på. Det er her min motivasjon for prosjektet ligg, nemleg i å kunne leggje ein stein til varden som skal kaste ljøs over kvifor ikkje-vestlege kvinnelege innvandrарar står så langt frå arbeidslivet.

Dette forskingsprosjektet høyrer heime innanfor fagfeltet offentleg politikk og administrasjon. Prosjektet dreier seg både om integrering og om korleis offentleg policy verkar. Sidan særmerke ved den norske arbeidsmarknaden set ramma for problemstillinga, byrjar eg kapittelet med å skildre arbeidsmarknaden og det særnorske preget det har. Eg gjer så greie for kva for forskning som finst både om arbeidsmarknadstiltak sine effektar, og på korleis velferdsytingar påverkar folk sine insentiv for å vere i arbeid. Det finst ein del forskning som tek føre seg norske arbeidsmarknadstiltak, men lite på korleis tiltaka påverkar sannsynet for at ikkje-vestlege kvinnelege innvandrарar er i arbeid. Det finst også for lite forskning på kvifor tiltaka styresmaktene set inn for å forhindre utanforskapen som gruppa opplever, har slått feil. Det finst ein del forskning på effektane av velferdsytingar på sannsynet for å vere i arbeid, og det viser seg at ytingane kan verke som insentiv til å ikkje delta i arbeidslivet, særleg om ein kjem frå land der lønsnivået er lågare enn det er i Noreg.

## 3.2 Den norske arbeidsmarknaden

Den norske arbeidsmarknaden er prega av låg arbeidsløyse og høg sysselsetting hos begge kjønn (Reisel & Teigen, 2014, p. 31). Den kvinnelege yrkesdeltakinga er på rundt 70 prosent, som er meir enn i dei fleste andre land i verda (NOU 2016:1, 2016, p. 69). Noreg har også høgare sysselsetjing hos eldre og unge jamført med andre land, medan mannleg sysselsetjing er på linje med samanliknbare land, (ibid., p. 68), rundt 75-80 prosent (SSB, 2017a). Når det gjeld arbeidstid, er det eit gjennomgåande trekk at kvinner arbeider deltid i langt større grad enn menn. Litteraturen syner til at dette heng saman med særleg to ting. Den første er individuell tilpassing til arbeidslivet. Mange kvinner vel til dømes å arbeide deltid når dei har små barn. Den andre, og kanskje viktigaste årsaken, er at i takt med at velferdssektoren vart større frå 1960- og 70-talet (Benum, 2015), kom rekrutteringa i stor grad frå den då store gruppa av kvinner med omsorgsoppgåver som ikkje var i arbeid. For at det skulle vere mogleg å kombinere familieliv med arbeid, vart deltidsarbeid vanleg. Dette har forma bransjen, som den dag i dag framleis etterspør mange deltidsarbeidande (Reisel & Teigen, 2014, pp. 37-38).

Sjølv om den kvinnelege sysselsetjinga i Noreg er høg, er arbeidsmarknaden kjønnsdelt både på tvers og på langs. OECD hevder at den norske arbeidsmarknaden er ein av dei mest kjønnssegregerte i verda (Bakken, 2009, p. 79). Dette vert kalla *det norske likestillingsparadokset* (Reisel & Teigen, 2014, p. 11). På tvers er arbeidsmarknaden kjønnsdelt slik at vi kan snakke om typiske ”kvinneyrke”. Andelen kvinner som arbeider i offentleg sektor er stor, og kvinneyrkene finn ein innanfor helse- og sosialtenester, undervising, personleg tenesteyting og i hotell- og restaurantbransjen (ibid., pp. 31-32). Kjønnssdelinga på langs refererer til at menn oftare enn kvinner har høgare rang i arbeidslivet. Gjennomgåande har menn høgare stillingar enn kvinner i heile stillingshierarkiet (ibid., p. 49).

Innvandrarar sin posisjon på arbeidsmarknaden er vanskelegare enn for etniske nordmenn. Arbeidsinnvandrarar som har kome til landet det siste tiåret, har svært høg sysselsetting, men elles er arbeidsløysa for innvandrarar høgare enn for resten av folket. I 2016 var arbeidsløysa for gruppa på rundt 7 prosent, og tre gongar høgare enn for etniske nordmenn. For mange innvandrarar tek det lang tid å kome i arbeid, og innvandrarar er ofte meir utsett for å miste arbeidet ved konjunkturedringar. Årsaken er manglande evne til omstilling og låg kompetanse (NOU 2016:7, 2016, p. 193). Sysselsetjinga hos innvandrarar

heng særleg saman med innvandringsårsak, kvar ein kjem frå, kjønn, alder, utdanningsnivå og kor lenge ein har vore i Noreg. Særleg flyktningar og innvandrarar som kjem på grunn av familie, står langt frå arbeidslivet. Låg utdanning og kort butid er også viktige årsaker til den låge deltakinga (Brochmann, 2006, p. 116). Innvandrarar deltek gjennomsnittleg kortare tid i arbeidslivet enn etniske nordmenn. Dei kjem seinare i arbeid, og dei sluttar tidlegare (NOU 2016:7, 2016, pp. 193-194).

I det norske arbeidslivet er det eit mål at alle skal kunne delta (Regjeringa, 2016). Staten tilbyr ordningar og stønader for å fremje dette målet. Det finst ordningar for å inkludere personar med funksjonsnedsettingar og innvandrarar (IA-avtalen), ein får meir ferie ved høg alder for å få folk til å stå lengre i arbeid, og ein har ordningar for å leggje til rette for foreldre. Noreg har ei omfattande ordning for nye foreldre ved at arbeidstakarar får foreldrepengar frå NAV i rundt eit år etter fødsel, og stønaden kjem heilt eller delvis i staden for inntekta ein ville ha fått dersom ein var i arbeid (NAV, 2017a). Kontantstøtte, som vart innført i 1998 (Rønsen, 2004), er ei anna ordning til nye foreldre. Ein kan få kontantstøtte dersom barna ikkje går i barnehage med offentleg tilskot, og ein kan få støtte i opptil 11 månader for kvart barn (NAV, 2017b).

### **3.3 Tidlegare funn**

I dette delkapittelet tek eg føre meg både forskning på effektar av arbeidsmarknadstiltak og korleis velferdsytingar påverkar sannsynet for å vere i arbeid. Det finst både internasjonal og norsk forskning på begge emna. Det finst arbeidsmarknadstiltak og velferdsytingar i andre land som liknar dei i Noreg, og det finst samfunn som komparativt er nokså like Noreg. Likevel kan det vere uklokt å tenkje at erfaringar frå andre land også gjeld for det norske samfunnet. Samanhengane mellom samfunn, system og marknadsdynamikk er unike for kvart land, og ein står i fare for gjere ikkje-valide generaliseringar dersom ein overfører forskingsfunn frå eit land til eit anna. Gjennomgangen er difor avgrensa til å sjå på forskning gjort på norske tiltak og ytingar.

#### **3.3.1 Forsking på arbeidsmarknadstiltak og effektane av dei**

Statlege, norske arbeidsmarknadstiltak viser gjennomgåande positive, men moderate, effektar på overgangen til arbeid (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016a, p. 50). Røed og Raum viste at effekten av arbeidsmarknadstiltak på overgangen til jobb er størst rett etter avslutta tiltak og vert redusert nokså raskt (Røed & Raum, 2006, pp. 555-557). Ikkje-vestlege



innvandrara deltek i langt større grad på arbeidsmarknadstiltak enn nordmenn. Meir enn éin av tre på tiltak er ikkje-vestleg innvandrar (Hardoy & Zhang, 2013, p. 7). I eit forskingsprosjekt utført av Hardoy og Zhang med både innvandrara og nordmenn i utvalet, viser det seg at tiltaka generelt sett har like stor effekt for menn og kvinner. Tiltaka reduserer overgangen til trygd for alle grupper (Hardoy & Zhang, 2013, p. 4).

I følgje Arbeids- og velferdsdirektoratet er arbeidsmarknadsopplæring (AMO) det mest brukte tiltaket for arbeidssøkjande innvandrara. AMO er eit tiltak under tiltakstypen *kvalifiseringstiltak*. Direktoratet peiker på at årsakene til at dette tiltaket er særleg populært, er at innvandrara manglar kompetanse eller treng ekstra norskopplæring ((2015-2016), 2016, p. 71). I studien til Hardoy og Zhang vert dette stadfesta. I deira studie er AMO det mest brukte tiltaket, og deltakinga for gruppa på tiltaket *tilskot til lønsutgifter* er mykje mindre enn for nordmenn. Forfattarane peiker på at årsaken til dette kan vere at gruppa er mindre attraktiv for arbeidsgjevarar (Hardoy & Zhang, 2013, pp. 7-8). Rauum, Torp og Zhang sin studie av AMO-tiltaket for alle arbeidssøkjara i 2002 viste at tiltaket førte til at deltakarane si løn auka dei komande åra (p. 29). Ein annan studie av det same tiltaket viste også positiv effekt på sjansen for å få arbeid (Torp, 1994, pp. 539-548).

Arbeidstrening og AMO-kurs er dei mest brukte tiltaka for arbeidslause innvandrara (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016a, p. 48), men tilskot til lønsutgifter er det tiltaket som har størst effekt på sannsynet for at gruppa kjem i arbeid. Det viser eit forskingsprosjekt utført av Fafo (Kvinge & Djuve, 2006, p. 49). Denne studien viser at for innvandrara vert sannsynet for å kome i arbeid mindre med aukande alder, medan det å vere gift aukar sannsynet for at både menn og kvinner er i arbeid. Butid har ikkje signifikant påverknad på sannsynet for å kome i arbeid i denne studien (ibid., p. 47). For ikkje-vestlege innvandrara med låg eller inga utdanning frå Noreg, er det ein positiv effekt på overgang til arbeid for deltakarar på arbeidsutprøving og tilskot til lønsutgifter. Opplæringstiltak har ein positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid for afrikanara og asiatar når det vert kombinert med tilskot til lønsutgifter, og arbeidsutprøving etterfølgt av tilskot til lønsutgifter har også ein positiv effekt på sannsynet for å vere i arbeid for desse to gruppene. I denne studien såg ein at personar som fekk tilskot til lønsutgifter var personar som høgst truleg ville ha fått jobb også utan tiltak. At tiltaket syner positiv overgang til arbeid treng ikkje å reflektere effektane av tiltaket, men heller eigenskapane til personane som deltek (ibid., p. 49).

### **3.3.2 Forsking på samanhengen mellom velferdsytningar og arbeid**


Høge velferdsytningar kan i seg sjølv kan påverke ynsket om å delta i arbeidslivet (NOU 2011:7, 2011, p. 62). Ruud Koopmans argumenterer for at sjenerøse velferdsstatar gjev den einiskilde lågare insentiv til å investere i utdanning. Årsaken er at ein er sikra god levestandard uansett. Anten får ein arbeid utan ekstra utdanning, eller så kan ein leve på velferdsytningar, som i Noreg held eit relativt høgt nivå (2009, pp. 8-9). Kjem ein frå eit land med lågare lønsnivå enn det i Noreg, kan ein oppleve ordningane som meir lukrative enn det nordmenn gjer, som samanliknar satsane på ytingane med det norske lønsnivået. Denne effekten av velferdsytningane vert ofte sett i samanheng med det ein kallar ”terskeeffekten”, som viser til situasjonen der innvandrarakar som manglar grunnleggjande kvalifikasjonar har spesielt store vanskar med å finne arbeid. Fordi lønene i Noreg er relativt høge, sjølv i dei lågtlønnte yrka, og det må vere lønsamt for arbeidsgjevarar å tilsetje, kan desse personane slite med å innfri krava til produktivitet. Dei to effektane vi her ser, kan forsterke kvarandre. Arbeidsgjevarar kan føle mindre ansvar for å tilsetje innvandrarakar på grunn av gode inntektssikringsordningar. Sidan desse ordningane er så gode, kan innvandrarakar oppleve at kostnadene med å finne arbeid er så store at alternativet, å leve på ytingar, vert attraktivt (NOU 2011:7, 2011, pp. 62-63).

Kontantstøtteordninga vert ofte kritisert for at den fører til at kvinner står utanfor arbeidslivet, og særleg innvandrarkvinner (Meld. St. 30 (2015-2016), 2016, p. 7). Utbetalingane er høge nok til at nokon kan velje dette framfor ordnært arbeid, og særleg dersom ein har partner med arbeidsinntekt. Empirien syner at det hovudsakleg er mødre med låg utdanning som vel kontantstøtte, og mange av desse har innvandrarbakgrunn (Kvande, 2015, p. 23). Det er også fleire innvandrarakar enn etniske nordmenn som får kontantstøtte (Egge-Hoveid, 2014, p. 21). At det er ei utfordring at kontantstøtta fører til at særleg innvandrarkvinner i større grad står utanfor arbeidslivet, vert vist tydeleg ved at arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie har argumentert for at eit krav om butid på fem år for å få kontantstøtte vil «øke arbeidsinsentivene» (Støbakk, 2016).

Statistikkar frå SSB syner at dei som nyttar kontantstøtte mest er gifte eller sambuarar med høgst éi arbeidsinntekt. Mødre med utdanning på ungdomskule- eller vidaregåande skulenivå nyttar kontantstøtte meir enn mødre med høgare utdanning. Det er også ein samanheng mellom arbeidsinntekt og kontantstøttebruk. Hushald som har mindre enn 600 000 i samla inntekt, nyttar ordninga i større grad enn hushald med samla inntekt over denne summen. Kvinner i deltidsarbeid nyttar kontantstøtte meir enn kvinner i heiltidsarbeid. Kva er årsakene til at somme vel kontantstøtte? Undersøkingar som ser på dette, finn at viktige

årsaker er at ein ynskjer å arbeide mindre eller slutte heilt å arbeide (Pettersen, 2003, pp. 27-28). Under er ein tabell som syner svaret frå ei slik undersøking:

**Figur 4.1. Andel mødre og gifte eller samboende fedre som mener ulike forhold er ganske eller svært viktige for at de valgte kontantstøtte. Prosent**



Figur 2  
(Pettersen, 2003, p. 27)

Rønsen utførte eit forskingsprosjekt som skulle sjå på langsiktige verknader av innføringa av kontantstøtte. Hennar funn er at kontantstøtta har redusert sannsynet for at kvinner er i arbeid, og at det er ein tendens til at dette gjeld kvinner med universitets- og høgskuleutdanning, og særleg dei med lågare grads utdanning.

### 3.4 Eit hol som må tettast

Mykje av forskinga på arbeidsmarknadstiltak er gjort på heile arbeidsstokken, og ein har i mindre grad sett på ikkje-vestlege innvandrarak. I takt med at integreringsfeltet har vorte stadig meir politisert, har fokuset på gruppa i forskning på arbeidsmarknadstiltak teke seg opp. Denne forskinga har i stor grad sett på gruppa under eitt, og ikkje sett på kjønna kvar for seg. Sidan ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak er den gruppa i Noreg som står lengst frå arbeidslivet (Orupabo & Drange, 2015, p. 7), er det eit tap, både for samfunnet og desse kvinnene, at gruppa ikkje har vorte studert nøyare. Denne oppgåva skal freiste å tette delar av

dette holet ved å undersøkje kva for tiltak desse kvinnene deltek på, og kva påverknad tiltaka har på sannsynet deira for å kome i arbeid.

Styresmaktene nyttar store ressursar for å få innvandrara til å arbeide, og det er difor viktig å forstå kvifor dei ikkje lukkast i dette. Når berre femti prosent av ei samfunnsgruppe deltek, treff kanskje ikkje tiltaka godt nok for denne gruppa. Ved å undersøkje korleis tiltaka er utforma og analysere dei i ljøs av teoriar om utforming av offentlige policy-verktøy, skal eg vurdere om tiltaka verkar etter målet som er sett for dei, nemleg at tiltaksbrukaane kjem i arbeid. Ved å finne svaret på dette spørsmålet, freistar eg å føre forskinga på feltet eitt steg vidare.

### 3.5 Hovudpunkt i kapitlet

I dette kapitlet har eg sett på særmerke ved den norske arbeidsmarknaden, og kva for forskning som finst på feltet frå før. Den norske arbeidsmarknaden er prega av eit høgt kompetansenivå, og det medfører et kompetansegap mellom nordmenn og innvandrara. Som konsekvens har innvandrara vanskeleg for å konkurrere om arbeid med etniske nordmenn (NOU 2016:7, 2016, p. 193). Hovudfunn frå tidlegare forskning på arbeidsmarknadstiltak er at ikkje-vestlege innvandrara i langt større grad enn nordmenn deltek på slike tiltak, og at effektane av tiltaka på sannsynet for å kome i arbeid er moderate. Tiltaket *tilskot til lønsutgifter* er det minst brukte tiltaket hos ikkje-vestlege innvandrara, men det er også det tiltaket som har vist seg å ha best effekt for gruppa. Forklaringa på at tiltaket gjev god effekt, kan vere at dei som deltek på tiltaket i utgangspunktet har større sjanse for å kome i arbeid, uavhengig av kva for tiltak dei deltek på. At tiltaket er lite brukt, kan spegle arbeidsgjevarar si vurdering av gruppa som lite attraktiv på arbeidsmarknaden. Tidlegare forskning på effekten av velferdsytingar på sannsynet for å vere i arbeid viser at generøse ytingar kan føre til at særleg innvandrara vel ytingar framfor arbeid,. Fordi dei norske ytingane er høge samanlikna med mange andre land, kan dei opplevast som lukrative når dei vert vurderte mot kostnaden ved å kome inn på arbeidsmarknaden.

Det trengst meir forskning på kvifor akkurat ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara står så langt frå arbeidslivet, og kvifor styresmaktene sine tiltak ikkje har den verknaden dei er meint å ha for gruppa. No har eg skildra eit bakteppe som vonleg hjelp lesaren til å forstå at spørsmåla eg stiller er samansette. No er det på tide å ta fatt på oppgåva, og freiste å svare på problemstillinga mi, nemleg om kva for tiltak gruppa nyttar, og korleis tiltaka påverkar

sannsynet for at disse kvinnene kjem i arbeid. Teoretiske bidrag skal strukturere vegen fram til svara på desse spørsmåla, og neste kapittel tek difor føre seg teoriane eg nyttar.

# 4 Teori

*Whenever a theory appears to you  
as the only possible one,  
take this as a sign  
that you have neither understood the theory  
nor the problem  
which it was intended to solve.  
Karl R. Popper*

## 4.1 Innleiing

Teoriar er framifrå verktøy for å strukturere tankar, teste ut mønster og undersøkje samanhengar i det ein studerer. Men dei er, som sitatet over indikerer, nettopp *teori*. Dei fortel ikkje heile sanninga. Dei fungerer glitrande som utgangspunkt for å studere empiriske fenomen, men ein må ikkje la seg rive med og gløyme at ein teori ikkje er noko anna enn eit forenkla bilete av røynda. Det er nemleg ein forskar sin skjebne å vere kringsett av atterhald.

Denne oppgåva gjer nytte av tre teoriar, og desse er grunnlaget for utleiing av hypotesar. Den første teorien er ein grunnleggjande teori om tilbodet av arbeidskraft i marknaden. Den seier noko om dei økonomiske insentiva personar har for å velje å arbeide eller ikkje. Den andre teorien er ein sosiologisk inspirert økonomisk teori om det vi kallar humankapital. Humankapital er evnene og kompetansen personar har, og desse påverkar deira stilling på arbeidsmarknaden. Den siste teorien er ein statsvitskapleg teori om val av verktøy for å fremje ein viss policy. Valet av verktøy seier mykje om korleis ein forstår eit politisk problem og korleis ein ynskjer å løyse det. Spørsmålet er så om verktøya som er vald er *eigna* for å løyse problemet. Svaret på dette får vi i analysekapittelet.

Kapittelet er delt i fire delar. Eg skal først gjere greie for dei tre teoriane. I kvart kapittel utleier eg hypotesar frå kvar av teoriane. Eg avsluttar så kapittelet med ei kort oppsummering og ein tabell over hypotesar avleidd frå teoriane.

## 4.2 Norsk velferdsøkonomi – ei oppmoding til arbeid?

Det er mange årsaker til at folk vil delta i arbeidslivet. Sosialt tilhøyr, å kunne gjere noko for andre enn seg sjølv, og ynskje om sjølvrealisering er berre nokon av dei. For mange spelar løn og omfanget av arbeidet ei viktig rolle for om ein ynskjer å arbeide eller ikkje. Det finst

også årsaker til ikkje å ville delta i arbeidslivet, som dårlege utsikter på arbeidsmarknaden og orientering rundt familieliv. Eit ynskje om ikkje å delta på arbeidsmarknaden kan verte forsterka av generøse velferdsordningar. Dersom kostnaden ved å delta i arbeidslivet er stor, aukar insentivet for å ikkje delta.

Den grunnleggjande økonomiske modellen for tilbodet av arbeidskraft er basert på føresetnaden om vektinga ein konsument gjer mellom å konsumere fleire godar eller å ha meir fritid. Ein går ut ifrå at kvar og ein ynskjer å konsumere flest mogleg godar og samstundes ha mest mogleg fritid. Modellen går ut på at personen vil oppnå størst mogleg nytte, illustrert ved ei indifferenskurve. Ein kan oppnå same nytteverdi ved eit lite konsum men mykje fritid, som motsett. Ein legg til grunn at ein person vil ha mindre og mindre lyst til å ofre konsum i byte mot meir fritid, dess meir fritid personen har (Cahuc & Zylberberg, 2004, pp. 5-6).

#### **4.2.1 Valet om å arbeide eller ikkje**

Det finst, som vi har sett, grunnar til å velje å vere i arbeid eller å stå utanfor arbeidslivet. Teorien om tilbod av arbeidskraft peikar ut spesielt tre samanhengar eg skal dra nytte av her. Den første gjeld i kva grad velferdsordningar gjer det attraktivt eller ikkje å velje arbeid framfor stønader. Den andre faktoren vedkjem kjønn, og kva det spelar for rolle at ein er kvinne i arbeidslivet. Den siste faktoren gjeld alder. Eg skal kort ta for meg kvar og ein av dei, og utleier hypotesar for kvar av dei tre samhengane teorien viser til. Hypotesane har namna sine etter forkortinga til teorien, *norsk velferdsøkonomi (NVØ)*.

##### **Velferdsfaktoren**

Dersom ein person står på eit likevektspunkt på indifferenskurva, kan generøse velferdsordningar medføre eit økonomisk insentiv for å arbeide mindre, eller til å slutte heilt å arbeide. Dersom ein er indifferent, og velferdsordningane som vert tilbydde er generøse, kan ein oppnå større nytte ved å gå frå å vere i arbeid til å få stønader. Ein vil då få meir fritid samstundes som konsumet (til ei viss grad) oppretthaldast (Cahuc & Zylberberg, 2004, pp. 5-7). Dette fører oss til første hypotese:

*NVØ H<sub>1</sub>: Generøse velferdsordningar aukar insentivet til å stå utanfor arbeidslivet.*

##### **Kjønnsfaktoren**

Empiriske studiar syner at menn i større grad enn kvinner vekter løna arbeid høgare enn å vere heimeverande (Cahuc & Zylberberg, 2004, p. 16). Dersom partnaren har høg løn aukar insentivet for kvinner til å stå utanfor arbeidslivet (ibid., pp. 18-19), eventuelt å arbeide mindre (ibid., p. 49). Dersom ein er to vaksne i hushaldet, kan ein dele på inntektene, og den eine får meir fridom til å velje å ikkje arbeide. I Noreg er alle sikra livsopphald gjennom velferdsordningar, slik at sjølv om ingen av dei vaksne er i arbeid, vil insentivet for å stå utanfor arbeidslivet gjelde, om enn i mindre grad enn om dei vaksne er i arbeid (Cahuc & Zylberberg, 2004, pp. 14-19). Dette fører til følgjande hypotese:

*NVØ H<sub>2</sub>: Kvinner sitt sannsyn for å stå utanfor arbeidslivet aukar dersom kvinna har partner eller omsorgsoppgåver for barn.*

### **Aldersfaktoren**

I Noreg har vi eit inntektsbasert pensjonssystem, noko som tyder at ein må opparbeide seg rett til å få meir enn minstepensjon. Dette krevjar at ein sparer til pensjon gjennom løna arbeid. Dersom ein potensiell arbeidstakar har kort tid til pensjonsalder, vil dette verke som eit insentiv til å stå utanfor arbeidslivet. Årsaken til dette er at kostnadene ved å vere i arbeid vil verte vekta mot gevinsten ved å auke pensjonen sin. Det tek lang tid å opparbeide pensjon, og dersom kostnadene ved å vere i arbeid vurderast som store, kan dette få avgjerande tyding. Den tredje og siste hypotesen vert difor som følgjer:

*NVØ H<sub>3</sub>: Dess eldre ein er, dess mindre er sannsynet for at ein deltek i arbeidslivet.*

## **4.3 Humankapital**

Kunnskapen, evnene og kompetansen ein person har, er det vi kallar humankapital. Investering i humankapital er å satse på kompetanseheving. Det kan til dømes skje ved opplæring, godt helsestell og arbeidstrening (Becker, 1962, p. 9). Ein kallar det humankapital nettopp fordi ein ikkje kan skilje evner og kunnskap frå personar, for dei er ein del av mennesket (Becker, 2008). Teorien om humankapital seier at ved å investere i menneske og auke kompetansen deira, aukar ein framtidige inntekter. Forklaringa på dette er at ved å investere i humankapital, får ein eigenskapar som vert verdsett i arbeidslivet. Slik aukar ein produktiviteten, kvaliteten på arbeidet, og høvet til å få betre betalte stillingar (Cahuc & Zylberberg, 2004, p. 69).



Alle investeringar har kostnader, også investering i humankapital. Slike kostnader kan vere tap av inntekt ved tid brukt på utdanning heller enn i arbeid, og utgifter til utdanning og trening. Investering i humankapital kan difor gje økonomisk tap på kort sikt, men avkastning på lang sikt (Cahuc & Zylberberg, 2004, p. 69).

Teorien om humankapital blei introdusert av Gary Becker på 1960-talet (Becker, 1962; Cahuc & Zylberberg, 2004, p. 69). Eit hovudpremiss for teorien er at utdanning berre er kjelde til framtidige inntekter dersom skilnader i løn vert reflektert av skilnader i produktivitet. Fordi arbeidsmarknaden set kompetanse høgt, vil konkurransen om arbeidsplassar føre til eit insentiv for den einskilde til å auke sin kompetanse (Cahuc & Zylberberg, 2004, pp. 69-71).

Becker si forsking førte til forklaringar på fleire empiriske fenomen. Han synte at arbeidsløyse er negativt korrelert med kompetansenivå, at stigande inntekt ofte går hand i hand med høg kompetanse, og at ressurssterke og kvalifiserte personar får meir opplæring enn andre (Becker, 1962, p. 10). Han understrekar også den store tydinga humankapital har for familiar og særleg for barna. Spesielt utdanning har det med å gå i arv. Har foreldra lang utdanning, er det truleg at også barna har lang utdanning (Becker, 2008, p. 3).

Eit problem med investeringar i humankapital, er at kapitalen er lite likvid. Ein kan ikkje gå til banken og be om eit lån med garanti i humankapitalen sin. Investering i humankapital vert difor oftare gjort av personar som har finanskapital, og slik kan sosioøkonomiske lagdelingar førast vidare.

Eg skal no ta føre meg fire sider ved teorien om humankapital som er særleg relevante for denne oppgåva, nemleg korleis kompetanseheving kan påverke tilknytning til arbeidslivet, korleis alder spelar inn på kva for arbeidsmarknadstiltak ein nyttar, at kvinner står i ei særstilling i høve til menn i arbeidslivet, og at det er eit høgt kompetansekrav i det norske samfunnet som førar til at innvandrarar har vanskar med å finne arbeid. Eg utleier så hypotesar på grunnlag av dei teoretiske forventingane, og hypotesane har forkortinga *HK*, som står for namnet på teorien dei er utleidd frå, *humankapital*.

### **4.3.1 Generell og spesifikk kompetanseheving**

Becker skil mellom generell og spesifikk kompetanseheving. Generell kompetanseheving, eller opplæring, kjem til nytte på mange arbeidsplassar, medan spesifikk opplæring er, som namnet indikerer, meir retta mot særlege yrke eller arbeidsplassar. Den er såleis ikkje like anvendeleg for den einskilde. Ein føresetnad for teorien om humankapital er at

kompetanseheving har ein kostnad, for elles ville etterspurnaden etter opplæring vere uendeleg. Kostnader kan, som vi såg i byrjinga av delkapittelet, vere tap av potensielle inntekter under utdanning, utgifter til opplæring som materiell og skuleavgifter, eller det kan vere kostnaden ved å få lågare løn i opplæringsperioden. For å finansiere opplæring på arbeidsplassar vil nemleg arbeidsgjevarar gje lågare løn til dei som er under opplæring (Becker, 1962, pp. 11-19).

Spesifikk opplæring fører oftare til høgare løn etter opplæring enn det generell opplæring gjer. Årsaken er at ved generell opplæring tek arbeidstakaren heile kostnaden gjennom lågare løn, men også heile gevinsten, for ho får kompetanse som er nyttig på mange arbeidsplassar. Slike tilsette er ofte ikkje uvurderlege for ei verksemd, men det er ikkje så farleg, for dei kan lett få arbeid andre stader på grunn av sin generelle kompetanse.

Ved spesifikk opplæring er både kostnaden og gevinsten delt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Årsaken er at begge partar vert meir sårbare ved slike investeringar. Dersom ein person med spesifikk kompetanse sluttar i arbeidet, går det ut over avkastinga verksemda kunne fått på investeringa, og arbeidstakaren vil samstundes ha vanskelegare for å få arbeid andre stader enn om ho hadde hatt generell kompetanse. Spesifikk opplæring er ein risiko begge partar tek. Risikoen for arbeidsgjevar er at den tilsette sluttar i arbeidet, medan risikoen for arbeidstakar er at ein mistar arbeidet og får vanskar med å finne anna arbeid. Samstundes er det potensial for god avkastning på investeringa for begge partar. Verksemda kan dra nytte av spisskompetansen til den tilsette, og arbeidsgjevar vil ofte tilby høgare løn for å hindre at den tilsette sluttar. På grunn av dette får den tilsette både eit vern av stillinga og høgare løn (Becker, 1962, pp. 13-21).

Teorien seier altså at generell kompetanseheving kan gje betre høve i arbeidslivet generelt, men at spesifikk kompetanseheving gjev større sannsyn for arbeid etter opplæringa. Dei teoretiske forventingane fører meg til følgjande hypotese:

*HK H<sub>1</sub>: Dess meir spesifikk opplæringa i tiltaket er, dess meir truleg er det at personen kjem i arbeid.*

### **4.3.2 Relasjonen mellom inntekt og alder**

Kompetanseheving har ein sterk påverknad på relasjonen mellom inntekter og alder. Fordi avkastning av investering i humankapital vert større over tid, altså dess eldre personen vert, dess høgare løn vil personen ha i høg alder. Ein kostnad ved investeringa er at ein har lågare

løn medan ein er under opplæring, og difor har ein lågare inntekt ved lågare alder (Becker, 1962, p. 15). Men vil opplæring alltid vere ei god investering? Kva for avkastning ein vil få av investeringa er avhengig av framtidig aktivitet. Dersom ein arbeidstakar er ung, kan investeringa gje avkastning over mange år, og insentivet for å investere vert større. Dersom arbeidstakaren derimot er gamal, vil insentivet verte mindre, sidan tida ein kan hauste avkastning i vert kortare (ibid., p. 37). Resonnementa fører meg til den andre hypotesen:

*HK H<sub>2</sub>: Dess yngre personen er, dess meir truleg er det at tiltaket personen nyttar gjev spesifikk kompetanseheving. Dess eldre personen er, dess meir truleg er det at personen nyttar eit tiltak som gjev generell kompetanseheving.*

### **4.3.3 Kvinner og insentiv til kompetanseheving**

Becker skriv at dess større marknaden er, dess større er insentivet for å investere i eigen humankapital (Becker, 1962, p. 39). Den norske marknaden for kvinneleg arbeidskraft er stor fordi kvinner si deltaking i arbeidslivet er større her enn i dei fleste andre land (NOU 2016:1, 2016, p. 69).

Becker viser til at kvinner ofte har store omsorgsoppgåver for barn. Difor brukar dei mindre tid i arbeidslivet enn menn. Dette kan svekke både deira eigne insentiv til å skaffe seg utdanning, men også svekke insentiva for arbeidsgjevarar til å ta kostnaden det er å lære dei opp. Fordi kvinner har fleire opphald utanfor arbeidslivet enn menn, vil dei ynskje kompetanse som både kan hjelpe dei i arbeidslivet og utanfor arbeidslivet (Becker, 1962, pp. 38-39). Dette fører meg til den tredje hypotesen:

*HK H<sub>3</sub>: Kvinner har færre insentiv enn menn til å velje tiltak som gjev spesifikk kompetanseheving.*

### **4.3.4 Det høgteknologiske samfunnet**

I eit høgteknologisk og høgt utdanna samfunn som Noreg er det i dag lite arbeid å få som ikkje krev utdanning. Fleire og fleire jobbar som ikkje krev utdanning vert erstatta ved effektivisering og digitalisering. Den typiske samlebandsarbeidaren er nesten utradert. Mange flyktningar og familieinnvandraran manglar ofte grunnleggjande kvalifikasjonar, og har vanskeleg for å finne arbeid som ikkje krev ein visst grad av kompetanse (NOU 2011:7, 2011, p. 62).

Ei utfordring hos innvandrarak er låg evne til omstilling, og ved konjunktarendringar er gruppa ei av dei som vert hardast råka av arbeidsløyse. Årsaken er i stor grad *kompetansegapet* mellom ikkje-innvandrarar og innvandrarak. Særleg ikkje-vestlege innvandrarak har, med somme viktige unntak (til dømes iranarak og syrarar), oftare mykje meir grunnleggjande kunnskapar enn ikkje-innvandrarar, og har difor vanskar med å få både arbeid og opptak til utdanning (NOU 2016:7, 2016, p. 193). Dersom den generelle kompetansen manglar, må ein i følgje teorien anten heve denne for å kunne tileigne seg spesifikk kompetanse og såleis kome i arbeid, eller ein må finne arbeid der det berre er spesifikk kompetanse som krevjast. Som vi har sett, vert det stadig færre slike jobbar.

Konsekvensen av at generell kompetanse ofte er ein føresetnad for spesifikk kompetanse er at mange er i tiltakssystemet over lengre tid. Dei må byggje generell kompetanse før dei kan delta på eit tiltak som tilbyr spesifikk kompetanseheving. I tillegg vil personar som treng generell kompetanseheving ha større vanskar med å få arbeidspraksis hos verksemder, for verksemder har interesse av å gje spesifikk opplæring for å få utbyte av hospiteringa, og slik auke eiga avkasting. Dei teoretiske forventingane fører meg til følgjande hypotese:

*HK H<sub>4</sub>: Dess lågare utdanning ein har, dess større er sannsynet for at ein deltek på tiltak som gjev generell kompetanseheving.*

## 4.4 Val av policy-verktøy

Den tredje teorien vi skal sjå på, dreier seg om vala av det vi kallar policy-verktøy. Policy-verktøy vert definert som «a method through which government seeks a policy objective» (Salamon & Lund, 1989, p. 29). Policy dreier seg om *innhaldet* i politikken som vert ført, og Theodore Lowi (Castles et al., 2014, pp. 268-270) meinte at policy førar til politikk. Kva for policy ein vel for å handtere eit problem påverkar den politiske situasjonen, og endringar i den politiske situasjonen påverkar folk sine politiske preferansar. Lowi meinte at ein på grunn av dette ikkje kan tale om ei kjede som *byrjar* ved den politiske situasjonen. Han meinte at *valet av policy* fører til at den politiske situasjonen endrar seg, og at *dette* vert utgangspunktet for kva for verktøy det seinare vil vere mogleg å nytte for å handtere situasjonen.

NAV har, som vi har sett, ni ulike typar arbeidsmarknadstiltak. Tiltaka er verktøy staten kan nytte for å få folk i arbeid. Lowi si forståing av kva for rolle val av politiske

verktøy spelar, gjer at nettopp *valet av verktøy* for å løyse eit politisk problem vert heilt sentralt for både forståinga av problemet, og for løysinga av det. Forstår ein problemet med at personar står utanfor arbeidslivet som eit problem som skuldast låg kompetanse, kan policyen ein vel for å løyse problemet vere å nytte eit policy-verktøy som kvalifiseringstiltak. Når ein seinare ser på resultatane av å nytte dette policy-verktøyet, kan det vere med å forme forståinga av problemet, og det kan igjen endre policyen på området. Dersom kvalifiseringstiltak ikkje fører til at fleire kjem i arbeid, vil ein kanskje velje eit anna policy-verktøy neste gong. Kunnskapen ein får ved å evaluere policy-verktøy ein har brukt kan vere med å endre *politikken* på området. Årsaken er at den overordna forståinga av problemet og kva for type policy-verktøy som kan løyse problemet vert annleis.

Med utgangspunkt i Lowi sitt syn er utforminga av NAV sine tiltak viktig for å forstå kvifor somme kjem i arbeid, og somme ikkje. Ved å analysere korleis tiltaka fungerer kan ein skildre dei og sjå korleis dei er bygde opp, og ikkje minst korleis dei er meint å verke. På denne måten kan ein predikere utfallet av bruken av dei, og såleis vurdere om dei fungerer slik dei er meint. I kapittel 4.4.1 utleier eg hypotesar for korleis teorien om policy-verktøy predikerer at tiltaka vil fungere når ein vurderer dei etter policy-dimensjonar. I kapittel 4.3.1 gjorde eg det same, men her er tiltaka vurdert etter om dei gjev generell eller spesifikk kompetanseheving. I kapittel 5.2 skal eg klassifisere tiltaka etter både dimensjonane og type kompetansehevingstiltak, for slik å sjå korleis dei konkrete arbeidsmarknadstiltaka kan ventast verke.

Policy-verktøy er fleirdimensjonale og kan difor vere vanskelege å definere (Salamon & Elliott, 2002, p. 552). Litteraturen er ikkje samd i kor mange policy-verktøy som faktisk finst, og ulike klassifiseringar legg vekt på ulike dimensjonar. Verktøy kan også vere like på somme dimensjonar men ulike på andre. Denne oppgåva tek utgangspunkt i Lester Salamon si klassifisering av policy-verktøy, der han skil mellom fem måtar å vurdere verktøy på: effektivitet, kostnadseffektivitet, fordeling, administrasjon og politisk legitimitet (Salamon & Elliott, 2002, p. 21). I denne oppgåva er det omsynet til effektivitet, altså den første måten å vurdere verktøya på, som er relevant for analysen. Arbeidsmarknadstiltak har som mål å få folk i arbeid, så spørsmålet er om ein får til nett dette. I denne oppgåva vurderer eg difor *berre* effektivitetskriteriet når eg analyserer arbeidsmarknadstiltak.

Effektivitet som vurderingskriterium dreier seg om å vurdere om ein når dei uttalte måla ved bruk av policy-verktøy. Somme vel å vurdere måloppnåing i ljos av kostnader, men oftast vert ikkje dette teke med i vurderinga (ibid., pp. 22-24). Det vert heller ikkje gjort her, sidan det vil krevje ei mykje meir omfattande analyse. Korleis vurderer ein så om policy-

verktøy er effektive? Dette kan vere ei krevjande øving, for policyar har sjeldan heilt klåre mål. Mål kan vere tvitydige, og dei kan bestå av mange delmål (Salamon & Elliott, 2002, p. 23). Arbeidsmarknadstiltak har som endelege mål å få folk i arbeid, og vi kan såleis vurdere tiltaka i ljós av om folk er i arbeid eller ikkje ei definert tid etter at dei har delteke i tiltaka.

#### 4.4.1 Dimensjonar ved policy-verktøy

Salamon skildrar policy-verktøy over fire dimensjonar. Kva for dimensjonar som gjer seg mest gjeldande i eit tiltak, hjelp oss med å kategorisere det og forstå korleis det er meint å verke. Eg skal no ta føre meg kvar av dei fire dimensjonane under vurderingskriteriet *effektivitet*. Eg utleier hypotesar på bakgrunn av dei teoretiske forventingane til dimensjonane når det gjeld omsynet til effektiviteten til arbeidsmarknadstiltak. Hypotesane har namn etter forkortinga til policy-verktøy, *P-V*.

##### Grad av maktbruk

Den første dimensjonen dreier seg om i kva grad styresmaktene *avgrensar åtferda* til folk ved *makt* når dei deltek i arbeidsmarknadstiltak, i motsetnad til å oppmode eller råde ein frå visse typar åtferd. Låg grad av maktbruk omfattar mellom anna skattlegging, ansvar for brot på reglane, og offentlege informasjonskampanjar. Middels grad av maktbruk kan vere subsidiar, til dømes lån eller offentlig finansiering av prosjekt, eller avgifter og gebyr på uynskt åtferd. Høg grad av maktbruk er sosiale og økonomiske reguleringar. Desse set formelle grenser for kva for åtferd som er ynskjeleg. Salamon hevdar at dess meir makt eit verktøy gjer nytte av, dess større sannsyn er det for at det verkar etter føremålet. Årsaken til dette er at autoriteten bak tiltaka er klårare, det er mindre spelerom for å tilpasse tiltaka etter omstenda, og staten sine kostnader er avgrensa sidan eksterne aktørar oftast utfører tenesta (Salamon & Elliott, 2002, pp. 24-26).

Samstundes vedgår Salamon at fordelene ved policy-verktøy det ligg makt bak fort vert overskugga av negative verknader. Slike verktøy kan føre til tap av kostnadseffektivitet. Dei kan verke effektive fordi dei oftast ikkje fører til store kostnader for staten, men kostnadene som vert påført *private aktørar* er større, og for samfunnet som heilskap vert dei ofte ikkje kostnadseffektive. Dei kan vere vanskelege å handheve, fordi forvaltingsorgana som er ansvarlege for å setje i verk tiltaket er nøydde til å halde orden på svært mange avgjerder gjort av ulike aktørar. Aktørane opererer ofte i ulike omstende med eigen agenda intakt. Ein kan også oppleve stor motstand frå brukarar mot arbeidsmarknadstiltak det ligg

makt bak (Salamon & Elliott, 2002, pp. 26-27). Det kan truleg opplevast som ein risiko for brukarar å nytte slike tiltak dersom dei vert tvungne til å bøte på ”skaden” ved ikkje å lukkast i å kome i arbeid. Sidan det norske velferdssystemet er generøst, kan det vere meir ynskjeleg å halde seg utanfor arbeidslivet enn å freiste å kome inn i det dersom krava for å i det heile tatt å *prøve* å kome i arbeid er så høge. Oppslutnaden om slike tiltak vil truleg verte mindre, men dei vil samstundes truleg fungere godt for dei som faktisk deltek på dei. Forventingane frå teorien fører meg til følgjande hypotese:

*P-V H<sub>1</sub>: Arbeidsmarknadstiltak det ligg makt bak, aukar sannsynet for at folk kjem i arbeid.*

### **Leveransesystemet**

Ein kan ein skilje mellom tre aspekt ved iverksetjinga av eit policy-verktøy: autorisering, finansiering og levering. Både offentlege og private aktørar kan autorisere iverksetjinga av ein policy eller kjøpet av ei teneste. Dersom det er den same aktøren som autoriserer, finansierer og leverer ein policy, kallar vi det *direkte iverksetjing*. Døme på direkte iverksetjing er statlege tenester, informasjonskampanjar og statlege verksemdar. Iverksetjinga vert mindre direkte dess fleire aktørar som er del av leveransesystemet. Dersom det er ein kombinasjon av offentlege og private aktørar som deltek i leveransesystemet, vert iverksetjinga enno mindre direkte. Eit døme på indirekte iverksetjing er tilskot, medan skatt og kontraktar er noko midt i mellom indirekte og direkte iverksett (Salamon & Elliott, 2002, pp. 28-29).

Salamon hevdar at indirekte iverksetjing, i motsetnad til direkte iverksetjing, er mindre effektivt og vanskelegare å administrere (Salamon & Elliott, 2002, pp. 27-29). Her finn han støtte hjå Pressman og Wildavsky. Dei argumenterer for at trass i at måla som er spesifiserte kan vere svært klåre, kan måla verte eroderte og iverksetjinga forseinka dersom det er mange aktørar med i iverksetjingsprosessen. Årsaken er at aktørane må kome til semje seg imellom på kvart steg i prosessen. Pressman og Wildavsky argumenterer difor for at for å få mest mogleg effektive iverksetjingsprosessar, bør det vere så få aktørar som mogleg med i prosessen. Dette er eit argument for direkte iverksetjing (Pressman & Wildavsky, 1973, p. 143). Denne konklusjonen får støtte frå ny økonomisk teori, nærare bestemt litteraturen om prinsipal-agentproblemet. Prinsipalen, som autoriserer og/eller finansierer policyen, har eit problem i høve til sin agent, som leverer tenesta. Det er nemleg sannsynleg at prinsipal og agent har ulike mål og verdiar. Dei nyttar ikkje same framgangsmåte, og dei har som

sjølvstendige aktørar eigne verdisett. Dette kan føre til agenten ikkje når måla som prinsipalen har sett. Konklusjonen er altså at det er ein fordel at iverksetjinga av ein policy ikkje går over organisasjonsgrenser. Salamon understrekar også at ikkje alle aktørar har som mål å få større likskap og fordeling i samfunnet. Difor vert slike mål ofte nedprioriterte når ein nyttar indirekte iverksetjing (Salamon & Elliott, 2002, pp. 31-32). Den teoretiske forventinga er at dess meir direkte iverksetjinga er, dess meir truleg er det at ein vil nå måla som er sette. Den andre hypotesen lyder slik:

*P-V H<sub>2</sub>: Dess meir direkte tiltaka er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.*

### **Grad av automatikk**

Den tredje dimensjonen viser til om ein nyttar eksisterande administrative leveringssystem eller ikkje i iverksetjinga av ein policy. Eksisterande leveringssystem ber preg av meir automatikk enn ikkje-eksisterande system. Døme på leveringssystem som har stor automatikk er den økonomiske marknaden, nettverk av lokale styresmakter, domstolane og skattesystemet. Det vil ofte vere ein viss overlapp mellom denne dimensjonen og dimensjonen om direkte eller indirekte iverksetjing. Dersom ein *har* overlapp, altså at dei automatiske policy-verktøya er indirekte iverksett, vil ein, slik vi såg i delkapittelet over, minkar sannsynet for at ein når policy-måla (Salamon & Elliott, 2002, pp. 32-33).

Det kan vere freistande å nytte etablerte leveringssystem for å setje i verk policy, sidan ein slepp arbeidet med å byggje opp eit nytt system. Salamon (2002, p. 34) peiker likevel på at det kan vere negative sider ved å nytte automatiske system for å nå siktemåla i ein policy. Automatiske system har nemleg ein eigen dynamikk uavhengig av policyen den skal setje i verk. Teorien peikar difor mot følgjande hypotese:

*P-V H<sub>3</sub>: Dess meir automatisk eit policy-verktøy er, dess mindre er sjansen for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.*

### **Kor synleg verktøyet er**

Den siste dimensjonen måler i kva grad policy-verktøyet er synleg, spesielt når det gjeld rolla den spelar i budsjettprosessar. Ikkje overraskande vil det vere lettare å få gjennom policyar som ikkje tek opp plass i budsjett og rekneskap. Dess dyrare ein policy er, dess vanskelegare er det å få støtte til den. Fordelane ved synlege policy-verktøy er at det er lettare å halde dei



iverksetjande myndene ansvarlege for om måla vert nådde eller ikkje. Dette vil ofte føre til større press for å nå dei gitte måla og dermed høgare måloppnåing (Salamon & Elliott, 2002, pp. 35-36).

Ei anna side ved denne dimensjonen, dreier seg om kva for føremål policyane skal tene. Salamon (2002, p. 37) peikar på at synlege verktøy ofte vil tene mål som har stor legitimitet hjå folket. Eit slikt mål kan vere likskap. Det kan vere vanskeleg å nytte synlege verktøy for å tene særlege grupper, sidan dette kan oppfattast som særbehandling. Teorien om den siste dimensjonen fører meg til denne hypotesen:

*P-V H<sub>4</sub>: Dess meir synleg eit arbeidsmarknadstiltak er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarar kjem i arbeid.*

## 4.5 Hovudpunkt i kapitlet

Dette kapitlet har teke føre seg tre teoriar innanfor ramma av den norske integreringsmodellen. Modellen er kjenneteikna ved at nye personar skal verte innlemma i samfunnet, men ein skal likevel kunne verne om sin opphavlege kultur. Dei tre teoriene som vert nytta i denne oppgåva er den generelle, økonomiske modellen for tilbod av arbeidskraft, humankapital-teorien formulert av Becker, og Salamon sitt rammeverk for valet av og effekten av policy-verktøy. Teorien om tilbodet av arbeidskraft førte til formulering av tre hypotesar, humankapitalteorien det same, medan teorien om effekten av policy-verktøy førte til fire hypotesar. Under er alle hypotesane samla i ein tabell.

Teori		Hypotese
Norsk velferdsøkonomi	NVØ H <sub>1</sub>	Generøse velferdsordningar aukar insentivet til å stå utanfor arbeidslivet
	NVØ H <sub>2</sub>	Kvinner sitt sannsyn for å stå utanfor arbeidslivet aukar dersom kvinna har partnar eller omsorgsoppgåver for barn.
	NVØ H <sub>3</sub>	Dess eldre ein er, dess mindre er sannsynet for at ein deltek i arbeidslivet.
Humankapital	HK H <sub>1</sub>	Dess meir spesifikk opplæringa i tiltaket er, dess meir truleg er det at personen kjem i arbeid.

	HK H <sub>2</sub>	Dess yngre personen er, dess meir truleg er det at tiltaket personen nyttar gjev spesifikk kompetanseheving. Dess eldre personen er, dess meir truleg er det at personen nyttar eit tiltak som gjev generell kompetanseheving.
	HK H <sub>3</sub>	Kvinner har færre insentiv enn menn til å velje tiltak som gjev spesifikk kompetanseheving.
	HK H <sub>4</sub>	Dess lågare utdanning ein har, dess større er sannsynet for at ein deltek på tiltak som gjev generell kompetanseheving.
<b>Policy-verktøy</b>	P-V H <sub>1</sub>	Arbeidsmarknadstiltak det ligg makt bak, aukar sannsynet for at folk kjem i arbeid. Samstundes vil tvingande tiltak føre til mindre oppslutnad om slike tiltak enn om ikkje-tvingande tiltak.
	P-V H <sub>2</sub>	Dess meir direkte tiltaka er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.
	P-V H <sub>3</sub>	Dess meir automatisk eit policy-verktøy er, dess mindre er sjansen for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.
	P-V H <sub>4</sub>	Dess meir synleg eit arbeidsmarknadstiltak er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarar kjem i arbeid.

Tabell 1 Oversikt over hypoteser, kategorisert etter teori.

Desse elleve hypotesane vil verte prøvde mot datamaterialet eg har på personar som har delteke i arbeidsmarknadstiltak. Eg skal i neste kapittel ta føre meg det empiriske grunnlaget for analysen.

# 5 Klassifisering av tiltak

*Skal man lede et orkester  
må man være villig  
til å vende ryggen  
mot publikum.  
Max Lucado*

## 5.1 Introduksjon

Sitatet til pastoren og skribenten Max Lucado kan tolkast som at ein somme tider er nøydd til å vende blikket innover for å greie å utføre ei oppgåve. Det må eg gjere her. Eg er nøydd til å sjå forbi dei faktiske tiltakstypane og sjå kva det er som kjenneteiknar dei, og kva for mål tiltaka skal nå. Berre på denne måten kan ein vurdere kva den grunnleggjande ideen bak eit tiltak er, og dette gjer oss i stand til å vurdere om dei er eigna til å nå måla dei er sett til å nå.

Kapittelet tek føre seg dei fem statlege arbeidsmarknadstiltaka. Før eg kan analysere dei empirisk, må dei klassifiserast etter det teoretiske grunnlaget for oppgåva. Eg skal no sjå på korleis dei plasserer seg i høve til teorien om policy-verktøy, og i tillegg i ljøs av generell og spesifikk kompetanseheving frå teorien om humankapital.

## 5.2 Klassifisering av tiltak

Eg skal i dette delkapittelet kort ta føre meg kvar tiltaksgruppe for seg, og vurderer korleis dei skal kodast etter teoriane. I slutten av kapittelet strukturerer eg klassifiseringa i to matriser saman med prediksjonane som hypotesene i kapittel 4.3.1 og 4.4.1 gjev om tiltaka. Klassifiseringa av tiltak gjer at eg kan analysere tiltaksgruppene empirisk med utgangspunkt i dimensjonane om policy-verktøy og ved skiljet mellom spesifikke og generelle tiltak.

### 5.2.1 Avklaringstiltak

Avklaringstiltak skal hjelpe personar til å vite kva for arbeid som kan for høve dei. Tiltak som setjast inn, kan vere rettleiing eller tilpassing på arbeidsplassen (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016b). Personen vert ikkje sanksjonert dersom tiltaket ikkje fører til arbeid, og det er altså eit tiltak det ikkje står makt bak. På dimensjon éin er det altså ingen grad av maktbruk.

Når det gjeld leveringssystemet, er det direkte. Det er NAV som autoriserer, finansierer og oftast leverer tiltaket. Ved utprøving av ny arbeidsplass nyttar NAV ein ekstern

leverandør (ei verksemd) til å tilby arbeidspraksis. Som regel er det NAV som administrerer hospiteringa, gjennom tilrettelegging, finansiering og autorisering.

Avklaringstiltak er ikkje eit automatisk tiltak, for det går ikkje gjennom automatiske system, men vert gjort manuelt. Ein jobbkonsulent hos NAV samarbeider med personen som er på tiltak. I dialogen mellom konsulenten og den einskilde utformer dei tiltaket.

Avklaring er ikkje eit særleg synleg tiltak. Tiltaket vert finansiert gjennom løna til jobbkonsulentar, og mykje av tilrettelegginga er kostnadsfri. Ved hospitering hos verksemdar kan det medføre kostnader, men sjeldan store.

Er dette eit tiltak som førar til generell eller spesifikk kompetanseheving? Ved hospitering hos verksemdar kan ein tale om spesifikk kompetanseheving, men ved tilrettelegging på eksisterande arbeidsplass eller yrkesrettleiing får ein generell kompetanseheving. Sidan tiltaket er meint som ei *avklaring* av kva for arbeid ein kan utføre, vil det oftast vere tale om generell kompetanseheving for å gjere personen rusta til å framleis vere yrkesaktiv.

### **5.2.2 Oppfølgingstiltak**

Ved oppfølgingstiltak får ein rettleiing til vidare yrkesaktivitet. Praktiske tiltak kan vere oppfølging på arbeidsplassen, rettleiing til å halde fram i eit arbeid, eller hjelp til jobbsøking (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016b). Heller ikkje her er det konsekvensar for den einskilde dersom tiltaket ikkje fører fram til yrkesaktivitet. På dimensjon éin finn eg altså at det ikkje ligg makt bak tiltaket.

På dimensjon to, leveringssystemet, ser ein tydeleg at det er eit direkte tiltak. Det er NAV som autoriserer, finansierer og leverer tiltaket til brukaren gjennom dialog og rettleiing.

Oppfølgingstiltak er nokså like avklaringstiltak, på den måten at jobbkonsulentar arbeider manuelt og i dialog med brukarane av tiltaka. Det er altså ikkje eit automatisk tiltak.

På den siste dimensjonen, om tiltaket er synleg eller ikkje, kan eg klassifisere oppfølgingstiltak som eit ikkje-synleg tiltak. Utgiftene til tiltaket vert i all hovudsak finansiert gjennom løna til NAV-tilsette. Tilpassing på arbeidsplassen er oftast i form av rettleiing eller endring av oppgåver, og fører i liten grad til utgifter.

Oppfølgingstiltak kan karakteriserast som eit generelt kompetansehevande tiltak. Årsaken er at tiltakstypen ikkje er innretta for å lære brukarane spesifikke ferdigheiter, men er meint å hjelpe personar til å greie seg i arbeidslivet ved å hjelpe til med tilrettelegging eller

retteleing. Tiltaket tek form av støtte til brukaren heller enn som kompetansehevande funksjon.

### **5.2.3 Arbeidsutprøving**

Ved arbeidsutprøving hospiterer brukarane i verksemder. Her kan dei få opplæring med sikte på tilsetjing i verksemda, ein hever kompetansen og ein får prøvd ut om ein kan meistre eit visst arbeid (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016b).

Som for dei andre tiltaka, ligg det ikkje noko makt bak tiltaket. Med andre ord er det ingen sanksjonar dersom tiltaket ikkje fører til at brukaren kjem i arbeid. På dimensjon éin er det altså inga maktbrukt.

Når ein person får delta i arbeidsutprøving, er det NAV som autoriserer og finansierer det, men det er ikkje NAV som leverer det. Vi snakkar her om eit indirekte tiltak. Det er verksemder som leverer tiltaket til brukaren, og dei påverkar i stor grad om personen kjem i arbeid eller ikkje.

Tiltaket er automatisk. Somme verksemder er positive til å ta imot praksiskandidatar på grunn av dei sosiale sidene ved tiltaket, men for dei fleste vil marknadskreftene styre tilbodet av praksisplassar. Få verksemder ynskjer å ta imot praksiskandidatar dersom det ikkje gagnar dei sjølve. Sjølv om verksemdene ikkje må betale for arbeidskrafta, og den såleis kan opplevast som gratis, vil likevel verksemda bruke tid på opplæring av kandidaten, og dette gjev eit tap i effektivitet. Det kan i tillegg kome andre utgifter for verksemda ved å ha ein praksiskandidat, som ved tilgang til system, elektronisk utstyr og anna.

Arbeidsutprøving er eit ikkje-synleg tiltak. Brukarane av tiltaket får ikkje løn medan dei er på tiltaket, men stønad til livsopphald frå NAV. Budsjettføringa er altså på stønadsdelen av velferdsbudsjettet, og ikkje tiltaksdelen (NAV, 2016a). Dette fører til at utgiftene ikkje er så lette å spore tilbake til tiltaket, og det vert difor ikkje synleg.

Arbeidsutprøving er eit spesifikt tiltak. Kompetansen til den einskilde vert heva på eit konkret område, og kunnskapen har gjerne ikkje så stor overføringsverdi til andre yrke. Eit døme på spesifikk kompetanseheving er når ei rekneskapsverksemd lærer opp ein praksiskandidat i å avstemme ein rekneskap. For at ei verksemd skal ha utbyte av å la praksiskandidatar hospitere hos dei, lærer dei ofte opp kandidatane i konkrete oppgåver slik at kandidaten får prøvd seg på noko nytt, og verksemda kan få avlasting for arbeidsoppgåver.

### **5.2.4 Tilskot til lønsutgifter**

Personar som går på tiltaket *tilskot til lønsutgifter* får løn frå arbeidsgjevar på vanleg vis. Løna vert refundert av NAV, så verksemda betaler ikkje løna til brukaren i ein periode. På dette tiltaket er brukaren *tilsett* i verksemda (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016b).

Som for dei andre tiltakstypene ligg det ikkje noko makt bak dette policy-verktøyet heller. NAV inngår ein avtale med verksemda som tilset tiltaksbrukaren, og denne opphøyrer etter ei tid, om ein då ikkje har avtale om varig lønstilskot. Fordi verksemda tilset personen, er det dei som har makt andsynes den tilsette, og dei har høve til å styre tilsetjingsforholdet utan innblanding frå NAV.

Dette er ikkje eit direkte verktøy, for NAV nyttar ein ekstern leverandør som har fullstendig avgjerande makt i påverknaden på avhengig variabel, altså på om personen kjem i arbeid eller ikkje. Det er altså eit indirekte tiltak.

Tiltaket er automatisk, for marknadskreftene, eit nokså automatisk system, er dei som avgjer om personen får arbeid eller ikkje. Sidan verksemda tilset tiltaksbrukaren, fungerer arbeidsformidlinga frå NAV til verksemda på nokså ordinært vis, for ei verksemd vil neppe tilsetje nokon dei ikkje treng.

Tilskot til lønsutgifter er eit synleg tiltak, som ein raskt kan forstå av namnet på tiltaket. NAV refunderer løna til tiltaksbrukaren i ein periode, og har difor insentiv til å avslutte tiltaket så raskt som råd, for utgiftene belastar etaten økonomisk og administrativt. Dette er synlege utgifter i rekneskapan til etaten, og ein har såleis interesse av å redusere dei.

Som ved arbeidsutprøving er tilskot til lønsutgifter eit spesifikt tiltak. Ei verksemd tilset ein tiltaksbrukar og gjev personen kompetanse som er relevant for arbeidsplassen. Somme tider vil opplæringa vere generelt kompetansehevande, men ei verksemd vil truleg satse meir på den spesifikke kompetansehevinga heller enn den generelle, sidan den første oftast vil gje verksemda betre avkastning.

### **5.2.5 Kvalifiseringstiltak**

Kvalifiseringstiltak vert gitt til personar som treng meir kompetanse for å kome i arbeid. Tiltaket kan innebere korte, arbeidsretta kurs, eller det kan vere støtte til ordinær utdanning (Arbeids- og sosialdepartementet, 2016b).

Som alle dei føregåande tiltaka, har heller ikkje kvalifiseringstiltaket makt som verkemiddel. Også her får dimensjon éin utfall at det ikkje står makt bak tiltaket.

På dimensjon to er tiltaket er indirekte. Autoriseringa og finansieringa vert gjort av NAV, men leveringa er det eksterne aktørar som står for. Desse aktørane er viktige for om folk kjem i arbeid eller ikkje.

Kvalifiseringstiltak er eit ikkje-automatisk tiltak. Det er ikkje eit system som leverer det, for det vert levert gjennom manuelt arbeid. Det er i dialogen mellom tilsette hos NAV og brukaren at avgjerda om å nytte tiltaket vert gjort, og deretter finn NAV ein tiltaksarrangør som kan tilby kvalifiseringstiltaket brukaren treng.

Dette er eit synleg tiltak. Arbeids- og velferdsetaten betalar tiltaksarrangør for å levere kvalifiseringstiltak, og det er såleis ei stor utgift for etaten (Fjeldstad, 2016).

Kvalifiseringstiltak gjev spesifikk kompetanseheving. Brukarane deltek på arbeidsretta kurs, der dei ofte gjer både teoretisk og praktisk arbeid. Somme får støtte til å byrje i ordinær utdanning, som ofte vil reknast for å vere spesifikk kompetanseheving. For at etaten skal auke sjansen for at tiltaket førar fram til arbeid, godkjenner dei søknader om støtte til ordinær utdanning. Studiet personen ynskjer å ta vert vurdert, og dersom det er lite truleg at det vil føre fram til arbeid, kan ein få avslag på søknaden.

### **5.3 Koding av tiltak**

På bakgrunn av klassifiseringa av arbeidsmarknadstiltak kan eg kode tiltaka og klargjere dei for analysen. Tabell 4.2.1 syner koding etter dimensjon i policy-verktøyrammeverket. Dersom to av tre dimensjonar taler for eit utfall (som det gjer for avklaringstiltak og kvalifiseringstiltak), vert det koda etter overvekta i dei samla prediksjonane. Tabell 4.2.2 syner koding etter om tiltaka gjev spesifikk eller generell kompetanseheving.

<i>Tiltaksgruppe</i>	<b>Policy-verktøydimensjon</b>				<b>Prediksjon</b>
	Makt	Direkte	Automatisk	Synleg	Suksess eller ikkje på arbeids- marknaden
Avklaringstiltak	Nei	Ja	Nei	Nei	Suksess
Oppfølgingstiltak	Nei	Ja	Nei	Nei	Suksess
Arbeidsutprøving	Nei	Nei	Ja	Nei	Ikkje suksess
Tilskot til lønsutgifter	Nei	Nei	Ja	Ja	Ikkje suksess
Kvalifiserings- tiltak	Nei	Nei	Nei	Ja	Suksess

Tabell 2 Klassifisering av tiltaksgruppe etter policy-dimensjon.

<i>Tiltaksgruppe</i>	<b>Kompetanseheving</b>		<b>Prediksjon:</b>
	Generell	Spesifikk	Suksess eller ikkje på arbeidsmarknaden
Avklaringstiltak	Ja	Nei	Ikkje suksess
Oppfølgingstiltak	Ja	Nei	Ikkje suksess
Arbeidsutprøving	Nei	Ja	Suksess
Tilskot til lønsutgifter	Nei	Ja	Suksess
Kvalifiseringstiltak	Nei	Ja	Suksess

Tabell 3 Klassifisering av tiltaksgruppe etter om dei gjev generell eller spesifikk kompetanseheving.

## 5.4 Hovudpunkt i kapitlet

Klassifiseringa av tiltak har lagt grunnlaget for å forstå arbeidsmarknadstiltaka i ljøs av teoriane om humankapital og policy-verktøy. Det er ingen tiltak som nyttar makt som verkemiddel. Sidan denne dimensjonen ikkje varierer kan eg ikkje analysere den i den kvantitative analysen. Alle dei andre dimensjonane varierer mellom tiltaka. Resultatet av klassifiseringa er difor tre dikotome variablar som representerer dei tre policy-tiltaksdimensjonane direkte/ikkje direkte, automatisk/ikkje automatisk og synleg/ikkje synleg. Eg har også ein dikotom variabel som skil mellom om tiltaket fremjar generell eller spesifikk kompetanseheving.



# 6 Data

*In God we trust. All others must bring data.*

*William Edwards Deming*

## 6.1 Introduksjon

Datamaterialet som er grunnlaget for analysen er levert i fellesskap av Nav og SSB. Datamaterialet er ikkje identifiserbart, og begge instansar har utlevert data på premisset at prosjektet ikkje er meldepliktig. I dette kapittelet skal eg ta føre meg karakteristikkane ved datasettet, som legg grunnlaget for å forstå kva det er vi har å gjere med. Eg skal først ta føre meg kva for periode eg studerer, og kvifor avgrensinga i tid er gjort. Eg skal deretter sjå på kva for populasjon eg har å gjere med, og korleis eg har avgrensa den for å gjere den relevant for prosjektet. Deretter går eg gjennom alle variablane eg skal nytte i analysen. Eg skil mellom velferdsytingar som forklaringsvariablar og demografiske variablar. Eg har i tillegg éin variabel som ikkje høver til desse kategoriane, og det er variabelen som fortel kva for arbeidsmarknadstiltak personane har delteke på.

## 6.2 Tidsperioden

Datamaterialet er samla saman på bakgrunn av éin, avgjerande karakteristikk. Denne er at personane har delteke i arbeidsmarknadstiltak i perioden januar 2011 til og med desember 2015. Historikken til personane går tilbake til mars 2010. Årsakene til tidsavgrensinga er både praktisk og fagleg grunngjeve. Ved innføringa av arbeidsavklaringspengar (AAP) i mars 2010 (Kann & Kristoffersen, 2015, p. 106) vart dei tre tidlegare stønadene attføringspengar, rehabiliteringspengar og tidsavgrensa uførestønad slått saman til éin stønad, nemleg AAP. Statistisk, og praktisk, er det lettare å både velje ut og handsame data som er einsarta. I tillegg blei AAP innført som eit verkemiddel for å få fleire frå stønad over i arbeid (ibid.). Ved berre å nytte statistikk frå tida etter AAP vart innført er det difor lettare å sjå resultat av satsinga på arbeidslinja. Dette er altså eit fagleg argument for valet av tidsperiode. I tillegg er det viktig å ha data som ligg oss nært i tid for å få resultat som kan vere relevante for policy-prosessar i dag. At tidsperioden sluttar med desember 2015 er fordi NAV og SSB ikkje har komplette data frå etter dette tidspunktet.

## 6.3 Populasjonen

Populasjonen eg ser på i analysen er altså alle nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak som har delteke på arbeidsmarknadstiltak i perioden januar 2011 til og med desember 2015. Det er personar av begge kjønn og i alle aldrar over 18 år. For å sikre at personane ikkje lenger deltek i tiltak, er populasjonen avgrensa slik at berre personar som har registrert avgang frå tiltak, altså at tiltaket er fullført og avslutta, er inkludert.

Ein variabel i datasettet fortel om personane som vert analysert har fullført og avslutta arbeidsmarknadstiltaket dei har delteke på. Denne kallast *avgangsvariabelen*. Det vert så registrert om dei er i arbeid seks månader etter. Ved å avgrense datasettet til å berre inkludere personar som har *avslutta* arbeidsmarknadstiltak, vert datasettet kraftig redusert frå nesten éin million personar til rundt 250 000. Det er viktig å nytte denne avgrensinga på grunn av det Hardoy og Zhang kallar ”innlåsingeffekten” (2013, p. 9) arbeidsmarknadstiltak har. Med innlåsingeffekt meiner dei at når personar deltek i tiltak, minkar sannsynet for å kome i arbeid. Årsaken er at dei ikkje søker arbeid like aktivt som dei gjer før og etter tiltak. Ved å avgrense datasettet til å berre inkludere dei som har avslutta tiltaka, unngår eg å ha med personar som vert påverka av denne innlåsingeffekten.

## 6.4 Variabelgjennomgang

Data er altså eit tverrsnitt av alle personar i Noreg som har delteke i arbeidsmarknadstiltak i perioden januar 2011 og desember 2015. Eg skal no ta føre meg alle variablane i datasettet. Eg tek først for meg avhengig variabel som fortel om suksess på arbeidsmarknaden, operasjonalisert som personane er i arbeid eller ikkje seks månader etter fullført arbeidsmarknadstiltak. Eg tek så føre meg dei demografiske forklaringsvariablane, og deretter variablane som fortel om velferdsytingar påverkar arbeidsmarknadsstatus. Til slutt skal eg ta for meg variabelen som fortel kva for arbeidsmarknadstiltak personane har delteke på. Denne variabelen fell ikkje under dei føregåande variabelgruppene.

### 6.4.1 Avhengig variabel

Avhengig variabel fortel om personane er i arbeid eller ikkje seks månader etter fullført arbeidsmarknadstiltak. Variabelen er koda 0 for dei som ikkje er i arbeid, og 1 for dei som er i arbeid. Variabelen er svært skeiv, noko som reflekterer at berre 4,7 prosent av utvalet har

positivt utfall, altså er i arbeid etter seks månader. Dette gjeld for begge kjønn i utvalet, ikkje for kvinner åleine.

### 6.4.2 Demografiske forklaringsvariablar

Dei demografiske variablane eg ser på er *kjønn*, *alder*, *fødeland*, *sivilstand*, *utdanning*, *innvandringsårsak* og *barn i hushaldet*. Eg skal no kort ta føre meg kvar av dei for seg.

*Kjønn* er ein nokså ukomplisert variabel, sidan den som regel berre har to verdjar. Dette er tilfellet i mitt datasett, og menn er koda 0 og kvinner 1. På denne måten vert menn referansekategori.

*Alder* er gruppert i seks kategoriar i stigande rekkjefølgje, og er såleis ein kontinuerleg variabel på intervallnivå. Det første intervallet er for personar under 20 år, det neste for alderen 20-29 år, deretter 30-39 år, så 40-49 år, 50-59 år, og det siste intervallet er for personar som er 60 år og eldre.

*Fødeland* fortel kva for land personen er fødd i. Variabelen er altså kategorisk, og skil mellom verdsdelane i ikkje-vestlege land. Dette er altså Afrika, Asia, Sør-Amerika og Oceania, utanom Australia og New Zealand.

*Sivilstand* har vart levert frå SSB i fem kategoriar. I analysen er det av viktig å vite om kvinna har ein fast partner eller ikkje. Med dette meinast ein reell partner, altså eit fast og forplikta forhold, der begge partar er i live. Eg har difor omkoda variabelen slik at den reflekterer dette, med verdien 0 til ugift og 1 til gift.

*Utdanningsvariabelen* er delt i fire kategoriar, der eg skil mellom grunnskuleutdanning, vidaregåande utdanning, universitets- eller høgskuleutdanning, lågare nivå, og universitets- og høgskuleutdanning, høgare nivå. Variabelen skil ikkje mellom om utdanninga er teke i Noreg eller i eit anna land.

*Innvandringsårsak* er ein kategorisk variabel som fortel om grunnlaget for at ein person kom til Noreg. Det er altså ein variabel på nominalnivå, og har fem kategoriar: familie, flukt, arbeid, utdanning og andre årsaker.

*Barn i hushaldet* fortel kor mange barn som bur heime, uansett alder. Denne variabelen gjev eit rimeleg bilete på om foreldre har omsorgsplikter for barn eller ikkje. Det er lite truleg at barn som er myndige skal påverke kvinna si tilknytning til arbeidslivet *etter* at dei har flytta heime ifrå. Data er samla inn på punktet det vart registrert om kvinna har kome i arbeid eller ikkje, altså fangar statistikken opp om kvinna har hatt heimebuande barn i perioden eg ser på.

### 6.4.3 Velferdsytingar som forklaringsvariablar

Eg har to variablar som seier noko om korleis velferdsytingar påverkar sannsynet for å vere i arbeid. Den første er kontantstøtte. Denne variabelen er særleg interessant å sjå på, sidan den hovudsakleg vert nytta av mødre med låg utdanning, og mange av desse har innvandrarakgrunn (Kvande, 2015, p. 23). Kontantstøtte er ei yting foreldre får dersom barnet ikkje går i barnehage med offentleg tilskot, og ein kan få kontantstøtte i opptil 11 månader for kvart barn (NAV, 2017b). Kontantstøtte er operasjonalisert som ein dikotom variabel. Variabelen skil ikkje mellom om ein får full eller gradert kontantstøtte. Gradert kontantstøtte gjev utbetalingar på 3000 kroner i månaden, medan full kontantstøtte gjev det dobbelte (NAV, 2017b).

Den andre variabelen som seier noko om kva for velferdsytingar som kan påverke om ein står i arbeid eller ikkje er *einsleg forsørgjarstønad*. Einsleg forsørgjarstønad kan ein få på visse vilkår dersom ein er åleine om å forsørge barn. Det finst fleire stønader under denne paraplyen, men variabelen er ein dikotomi som ikkje skil mellom desse. Dette er beklageleg, for det er stor skilnad på stønadene. Dei går frå dekning av utgifter til barnetilsyn til utbetalingar på 2,25 G for overgangsstønad (NAV, 2017c).

Den tredje variabelen innanfor stønadssystemet er introduksjonsstønad, som ein automatisk får som stønad til livsopphald når ein deltek på introduksjonsprogrammet. Variabelen er dikotom, med positivt utfall for dei som har motteke stønaden. Variabelen er avgjerande for at eg skal kunne sjå på den gruppa eg er særleg interessert i å studere, nemleg ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakgrunn som har delteke i både introduksjonsprogrammet og på arbeidsmarknadstiltak.

### 6.4.4 Tiltaksgruppe

Den siste variabelen fortel kva for arbeidsmarknadstiltak personen har gått på. Variabelen er levert som *tiltaksgruppe*, på same form som arbeidsmarknadstiltaka er skildra i kapittel 2. Variabelen har fem kategoriar, og er på nominalnivå. På bakgrunn av kodinga i kapittel 4.2, er variabelen dikotom i analysane av tiltak sin påverknad på suksess på arbeidsmarknaden.

### 6.4.5 Manglande verdiar

Dersom det manglar verdiar i eit datamateriale, må ein avgjere årsakene til at dei manglar. Dersom det ikkje er tilfeldig kvifor verdiar manglar, vert ikkje data representative. Er

årsakene tilfeldige, er data representative, men ein må like fullt handtere dei manglande verdiane (Christophersen, 2013, p. 81).

Av tolv variablar var det tre av variablane som ikkje hadde manglande verdjar, nemleg *alder*, *tiltaksgruppe* og *arbeid etter seks månader*. For å avdekkje årsakene til manglande verdjar på dei andre variablane, valde eg to framgangsmåtar. Først utførte eg Little's MCAR-test. Dette er ein test som berre undersøker om dei manglande verdiane er *missing completely at random* (MCAR). Testen vart signifikant, som gjer at eg måtte avvise nullhypotesen om at dei manglande verdiane var MCAR. Eg må framleis avgjere om dei manglande verdiane er *missing at random* (MAR) eller *not missing at random* (NMAR).

Eg gjorde så analyser av korrelasjon mellom avhengig variabel og dummy-variablar for kvar av dei uavhengige variablane. Dummy-variablane hadde verdien éin for manglande verdjar og null for alle andre verdjar. På denne måten kan ein teste om dei manglande verdiane korrelerer med avhengig variabel, noko som indikerer at dei manglande verdiane er NMAR. Testar som separat variansetest (t-test) kan eg ikkje nytte, sidan dei manglande verdiane må ha eit omfang på over 5%. Ingen av dei kontinuerlege variablane har så mange manglande verdjar.

I korrelasjonsanalysane vurderte eg korrelasjonsmåla Pearsons r og Spearmans rho. I tillegg til at dei kan gje kvarandre utfyllande informasjon, er kvart av korrelasjonsmåla betre eigna for somme typar data. Pearsons r er det beste korrelasjonsmålet når variablane er normalfordelte, samanhengen er lineær og variablane er intervallskalerte (Christophersen, 2013, p. 38). Når eg vel skeivleik  $> 0,5$  som grense, er Pearsons r det beste korrelasjonsmålet for variablane med skeivleik mindre enn 0,5 frå 0. Dette gjeld variablane *barn i hushaldet* og *kjønn*. For dei andre variablane er Spearmans rho det beste korrelasjonsmålet. Dersom resultatet er at korrelasjonen mellom dei uavhengige variablane og avhengig variabel er signifikant, tyder det på at dei manglande verdiane er NMAR.

Analysane viste at av alle dei uavhengige variablane med manglande verdjar, *barn i hushaldet*, *innvandringsgrunn*, *fødeland*, *utdanning*, *sivilstand*, *introduksjonsstønad*, *kontantstøtte*, *einsleg forsørgjarstønad* og *kjønn*, var det berre éin av dei, *innvandringsgrunn*, som var MAR. Dei andre variablane manglar truleg på grunn av ikkje-tilfeldige årsaker, altså er dei NMAR.

Ved å utelate manglande verdjar som er MAR kan ein få forventingsskeive estimat. Dette peikar mot å gje erstatningsverdjar til variabelen *innvandringsgrunn*, som har denne typen manglande verdjar (Christophersen, 2013, pp. 81-82). Samstundes er *innvandringsgrunn* ein kategorisk variabel, og kategoriske variablar bør etter hovudregelen

utelatast. Årsaken er at dersom ein gjev slike variablar erstatningsverdiar, vert utvalet lett skeivt (Christophersen, 2009, p. 166). Eg valde å utelate dei manglande verdiane til variabelen listevis.

Av alle typane manglande verdiar er det NMAR som er dei vanskelegaste å handtere. Uansett om ein inkluderer eller ekskluderer dei, får ein lett skeive resultat (Christophersen, 2013, p. 82). Eg valde å utelate dei manglande verdiane listevis. På denne måten unngår eg at dei uavhengige variablane får større forklaringskraft enn dei kanskje har. Samstundes reduserer eg utvalet, og underestimerer kanskje avhengig variabel. Dette må takast med i vurderinga av resultatata. At alle variablane utanom éin er NMAR, indikerer at datamaterialet ikkje er representativt for andre utval enn mitt eige. Dette gjer at eg ikkje kan generalisere funna til andre utval. Det eg har data på er *heile* universet av nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak som har delteke på tiltak i perioden eg ser på. Eg kan difor seie mykje om dette utvalet. Tabellar frå analysane av manglande verdiar finst i vedlegg B.

## 6.5 Hovudpunkt i kapitlet

I dette kapitlet har eg vist at datasettet er eit tverrsnitt av personar som har delteke i arbeidsmarknadstiltak i perioden januar 2011 og desember 2015. Personane kjem frå ikkje-vestlege land, og at dei har også delteke i introduksjonsordninga. Avhengig variabel er suksess på arbeidsmarknaden, og eg har to kategoriar for uavhengige variablar, nemleg demografiske variablar og velferdsytingar. Eg har ein siste variabel som ikkje høyrer til desse to gruppene, nemleg tiltaksgruppe. Analysane av manglande verdiar i datamaterialet indikerer at det er systematiske årsaker til at dei manglar. Dette medfører i så fall at materialet ikkje er representativt, noko eg må ta omsyn til i vurderinga av validiteten til studien. I det neste kapitlet skal eg vise korleis eg skal bruke variablane til å svare på kva det er som gjer at ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak deltek i ulike tiltak, og korleis effekten av tiltaka er på deira suksess på arbeidsmarknaden.

# 7 Forskingsdesign

*En klok mann lærer av andres feil,  
bare en tosk lærer av sine egne.*

*Russisk ordtak*

## 7.1 Introduksjon

Å finne opp hjulet på nytt har ikkje særleg mykje for seg. Det russiske ordtaket minner oss på at det er klokt å undersøkje kva andre har gjort før oss, og kva for lærdomar dei har fått. Då kan ein sleppe å gjere dei same feila på nytt, og heller kome eit steg vidare. Det er det eg skal prøve på i dette prosjektet.

I dette kapittelet forklarar eg kvifor metodiske val er tekne, kva for konsekvensar dei har for analysen, og korleis ein bør tolke resultata. Modellane for analysane vert lagde fram, og dei er delte inn etter kva for teori og metode dei høyrer under. Først skal eg ta føre meg korleis eg går fram for å svare på problemstillinga. Kva er det eigentleg eg skal finne ut? Her vert det tydeleg kor viktig det er å skilje mellom kva som fører fram til at ein deltek på eitt bestemt arbeidsmarknadstiltak *gitt* at ein deltek på tiltak, og kva for følgjer dei ulike tiltaka har for personane sin suksess på arbeidsmarknaden.

Eg legg deretter fram dei første modellane, som er logistiske, og her utleier eg seks modellar. Alle hypotesane vert undersøkte ved desse seks logistiske modellane. Til slutt tek eg føre meg den andre modellen, Heckman sin seleksjonsmodell, der eg vurderer samanhengen mellom dei ulike tiltaka og suksess på arbeidsmarknaden. Eg har fire hypotesar eg skal undersøkje ved ein variant av Heckman sin modell, og eg utleier ein modell for kvar av dei. I denne modellen finn eg nok den viktigaste lærdomen eg kan hente frå tidlegare forskarar på feltet (Hardoy & Zhang, 2013; Kvinge & Djuve, 2006), nemleg at det ikkje alltid er like rett fram som ein trur. Som vi har sett indikasjonar på, kan det vere at det ikkje er tilfeldig kven som deltek på dei ulike tiltaka. Heckman sin modell gjev ein tilleggsverdi til analysen ved at den korrigerer for seleksjon til tiltaka.

## 7.2 Verdien av god metode

Eit forskingsdesign er sjeldsynt, om nokon gong, perfekt. For at eit forskingsdesign skal verte best mogleg, er det nyttig å ta utgangspunkt i korleis eit ideelt forskingsdesign ville sett ut. På

denne måten kan ein danne seg eit godt bilete av korleis ein kan korrigere for manglane ved designet. Dette kan gjere ein merksam på kvar ein må ta metodiske grep for å få eit velfungerande design. Vidare kan eit idealdesign fortelje noko om kva for atterhald og føresetnader ein må leggje til grunn ved vurderinga av resultata ein får.

Det ideelle forskingsdesignet for å svare på mi problemstilling er eit randomisert, kontrollert eksperiment. Populasjonen ville vere ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarar som har delteke i introduksjonsprogrammet, og eg ville trekt eit tilfeldig utval frå denne gruppa. For å hindre at eventuelle langtidseffektar av deltaking i introduksjonsprogrammet påverkar resultata, skulle personane som var valt ut ha like mange år mellom avslutta program og deltaking i eksperimentet. Plassering i arbeidsmarknadstiltak skulle gjerast ved loddtrekking, og eg ville ha følgd deira utvikling på arbeidsmarknaden etter avslutta tiltak i ei tid etterpå, til dømes i fem år. På denne måten er funna generaliserbare til universet, så lenge avstanden i tid mellom introduksjonsprogram og arbeidsmarknadstiltak er lik den i utvalet.

Dette var det ideelle forskingsdesignet. Det reelle forskingsdesignet er nokså annleis. Å utføre eksperiment er ofte ressurs- og tidkrevjande. Dette eksperimentet ville ha gått over mange år, kanskje så mykje som seks år. Det høver dårleg for eit masterprosjekt. For det andre er det ei lang rekkje naturlege årsaker til at det er umogleg å nytte loddtrekking for å avgjere kva for tiltak ein person skal delta på. Den mest openbare er sjølv sagt at eg ikkje har mynde til å gjere dette, og ein annan er at det neppe er etisk forsvarleg å la folk si framtid og ressursane til staten verte forvalta så tilfeldig. Desse to hindra gjer at eg må vende meg til innsamla data i von om å klare å svare på problemstillinga.

Når ein først skal nytte føreliggjande data, hadde det vore best om eg hadde hatt data frå både personar som *har* delteke på tiltak, og personar som ikkje har det. Då kunne eg ha svart på om tiltak generelt har effekt. Mitt datasett består berre av data frå personar som *har* delteke på tiltak, og eg kan difor berre seie noko om eventuelle *skilnader* i effektane tiltaka har på overgangen til arbeid, og ikkje effekten av å delta på tiltak jamført med å ikkje delta på tiltak. Ei anna utfordring ved data er at dei berre fortel om personar har delteke på introduksjonsprogrammet eller ikkje. Dei seier ingenting om *når* dei eventuelt deltok. Det same problemet har eg når det gjeld utviklinga på arbeidsmarknaden. NAV sine data registrerer berre om personane som har vore i tiltakssystemet er i arbeid seks månader etter avslutta tiltak, korkje før eller seinare. For å gjennomføre prosjektet må eg altså akseptere at det kan vere langtidseffektar av introduksjonsprogrammet som eg ikkje får kontrollert for, og eg må akseptere at personane sjølve påverkar kva for tiltak dei deltek på. Eg må dessutan akseptere at målinga av suksess på arbeidsmarknaden, å vere i arbeid, berre er målt seks



månader etter avslutta tiltak. Eg må også akseptere at desse data ikkje skil mellom om personen er i fast eller mellombels arbeid, eller om det er heiltids- eller deltidsarbeid.

Analysen har to delar, og det er viktig å skilje mellom desse. Den første freistar å forklare korleis variablar påverkar seleksjon *til* eit bestemt arbeidsmarknadstiltak, gitt at dei deltek på arbeidsmarknadstiltak. Kva fører til at ein vel eitt tiltak framfor dei andre? Den andre delen skal forklare effekten av arbeidsmarknadstiltak *gitt* seleksjonen.

I den første delen av analysen nyttar eg logistisk regresjon. I den andre delen av analysen korrigerer eg for seleksjon med ein variant av Heckman sin modell. Her viser resultata av analysane om det er ein seleksjonseffekt til tiltaka, og det avgjer korleis eg kan tolke resultata av regresjonen. Tiltaka er gruppert etter dimensjonane frå teorien om policy-verktøy og etter om dei tilbyr spesifikk eller generell kompetanseheving. Dette viste eg i kapittel 4.2.

### 7.3 Binomisk logistisk regresjon

Avhengig variabel i analysen er ein dikotom variabel på nominalnivå, ikkje-arbeid og arbeid, derav namnet *binomisk* regresjon. Når avhengig variabel er binær, er logistisk regresjon ein god metode å bruke. Med lineær regresjon kan ein risikere å få meiningslause resultat. I lineær regresjon er avhengig variabel bunde mellom null og éin, og på grunn av dette kan ein risikere å få negative sannsyn og sannsyn over éin, noko som ikkje gjev mening. Ein annan fordel med logistisk regresjon er at ein slepp å ta omsyn til om samanhengen er lineær eller ikkje (Christophersen, 2013, p. 132). Ulempen med logistisk regresjon er at resultata er vanskelegare å tolke, sidan dei vert oppgitt i logit og oddsrater. I presentasjonen av resultata reknar eg om resultata til prosentvis endring i oddsrater, slik at tolkinga vert meir intuitiv.

Modellane eg bygger for analysane er multivariate, altså har dei fleire uavhengige variablar. Dette inneberer at modellane tek omsyn til at utfallet på avhengig variabel, suksess på arbeidsmarknaden, vert påverka av mange variablar samstundes. Den generelle modellen for logistisk regresjon ser slik ut:

$$L = b_0 + b_1x_1 + \dots b_nx_n + e$$

Der  $L$  står for utfall på avhengig variabel oppgitt i logit, altså om personen er i arbeid eller ikkje.  $b_0$  er koeffisienten for konstanten,  $b_1$ - $b_n$  er koeffisientane til dei uavhengige variablane,  $x_1$ - $x_n$  er dei uavhengige variablane, og  $e$  er restleddet. Fordi mine modellar ikkje er

determinerte, nyttar eg hierarkiske modellar for å finne ut kva som best kan forklare utfall på avhengig variabel. I hierarkiske modellar vert uavhengige variablar lagt inn i analysen i førehandsbestemt rekkjefølgje, etter kva som best kastar ljøs over forskingsspørsmålet (Christophersen, 2013, p. 64). Modellane skil seg frå kvarandre ved at modellen for humankapital har *type kompetansehevingstiltak* som avhengig variabel, medan dei andre modellane har *arbeidsmarknadsstatus* som avhengig variabel.

### 7.3.1 Norsk velferdsøkonomi

Teorien om norsk velferdsøkonomi seier at dess meir generøse velferdsordningar ein vert tilbydd, dess større vert kostnaden ved å delta i arbeidslivet. Teorien resulterte i tre hypotesar som eg skal teste i modellen. Når eg undersøkte datamaterialet og gjorde nokre innleiande regresjonsanalyser, fann eg at det var ein signifikant samspelseffekt mellom den dikotome variabelen nordmenn/ikkje-vestlege innvandrarakar, kjønn og tiltakstype. Dette samspelet var signifikant i alle modellane som har suksess på arbeidsmarknaden som avhengig variabel, som er modellane ein, tre, fire, fem og seks. I desse modellane står ikkje fødeland oppført som forklaringsvariabel, og årsaken er at eg undersøker nordmenn og ikkje-vestlege innvandarar kvar for seg. Eg får altså ti ulike resultat for desse fem modellane. Sjå vedlegg H for resultatata av desse analysane.

#### Velferdsfaktoren

Den første hypotesen i teorien om norsk velferdsøkonomi gjeld insentiva ein person har for å arbeide når alternativet er å ta imot velferdsytingar. Dess større ytingane er, dess større vert insentivet til å velje stønader framfor arbeid. Hypotesen har følgjande ordlyd:

*NVØ H<sub>1</sub>: Generøse velferdsordningar aukar insentivet til å stå utanfor arbeidslivet.*

#### Kjønnsfaktoren

Den andre hypotesen gjeld sannsynet for at kvinner står utanfor arbeidslivet på grunn av familieforhold. Hypotesen lyder som følgjer:

*NVØ H<sub>2</sub>: Kvinner sitt sannsyn for å stå utanfor arbeidslivet aukar dersom kvinna har partnar eller omsorgsoppgåver for barn.*

## **Aldersfaktoren**

Teorien om norsk velferdsøkonomi føreseier at insentiva for å arbeide vert mindre dess eldre ein vert. Den siste hypotesen i teorien om norsk velferdsøkonomi er som følgjer:

*NVØ H<sub>3</sub>: Dess eldre ein er, dess mindre er sannsynet for at ein deltek i arbeidslivet.*

## **Modell ein**

For å teste om hypotesen stemmer lagar eg ein hierarkisk modell der eg legg til variablar stegvis til eg får ein komplett modell. Arbeidsmarknadsstatus er avhengig variabel. Den hierarkiske modellen har eit samspelsledd mellom *kjønn* og *tiltakstype*, sidan det er vist at det eksisterar eit samspel mellom desse to variablane og den dikotome variabelen *fødeland*. Dette er modell éin, og den ser slik ut:

$$\begin{aligned} \text{Arbeid} = & b_1\text{utdanning} + b_2\text{alder} + b_3\text{kjønn} + b_4\text{kontantstøtte} + b_5\text{einsleg} \\ & \text{forsørgjarstønad} + b_6\text{introduksjonsstønad} + b_7\text{innvandringsårsak} + \\ & b_8(\text{kjønn} * \text{tiltakstype}) + b_9\text{sivilstand} + b_{10}\text{barn i hushaldet} + b_{11}\text{tiltakstype} + e \end{aligned}$$

## **7.3.2 Humankapital**

Teorien om humankapital fortel om investering i eigen kompetanse, og kva for utslag det har på arbeidsmarknaden og den einskilde. Teorien leidde til fire hypotesar, og tre av dei skal undersøkjast ved ein logistisk regresjonsmodell. Ein av hypotesane vert undersøkt ved Heckman sin modell som vert skildra i kapittel 7.2.3.

### **Relasjonen mellom inntekt og alder**

Teorien om humankapital seier at framtidig avkasting på utdanning er større dess yngre ein er. Risikoen ved å investere i eigen kompetanse er med andre ord større dess eldre ein er. Hypotese to i teorien ser slik ut:

*HK H<sub>2</sub>: Dess yngre personen er, dess meir truleg er det at tiltaket personen nyttar gjev spesifikk kompetanseheving. Dess eldre personen er, dess meir truleg er det at personen nyttar eit tiltak som gjev generell kompetanseheving.*

## **Kvinner og insentiv til kompetanseheving**

Teorien om humankapital seier at kvinner har mindre insentiv enn menn til å investere i spesifikk kompetanse, på grunn av omsorgsoppgåver i heimen. Fordi dei i lengre periodar står utanfor arbeidslivet, til dømes på grunn av barn, har dei større insentiv til å ynskje kompetanse som både kan nyttast i heimen og i arbeidslivet. Hypotesen vart difor slik:

*HK H<sub>3</sub>: Kvinner har færre insentiv enn menn til å velje tiltak som gjev spesifikk kompetanseheving.*

### **Det høgteknologiske samfunnet**

Den siste hypotesen som vert undersøkt ved logistisk regresjon, er hypotese fire frå teorien om humankapital. Hypotesen vart utleidd av korleis det norske arbeidslivet stadig vert meir digitalisert. Somme typar arbeid forsvinn, og det vert stadig færre yrke som ikkje krev utdanning. Dei teoretiske forventingane førte til denne hypotesen:

*HK H<sub>4</sub>: Dess lågare utdanning ein har, dess større er sannsynet for at ein deltek på tiltak som gjev generell kompetanseheving.*

### **Modell to**

Tiltakstype er avhengig variabel i denne modellen, og er dikotom med kategoriane spesifikt eller generelt kompetansehevingstiltak. Dette er modell to, og i denne modellen vert niordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak undersøkt samstundes. Variabelen *fødeland* er difor med i denne modellen. Modellen har eit samspelsledd på grunn av dei innleiande analysane som viste at det var samspel mellom *kjønn* og *fødeland*, sjå vedlegg H. Modellen har følgjande form:

$$\begin{aligned} \text{Tiltak (spesifikt)} = & b_1\text{kjønn} + b_2\text{fødeland} + b_3(\text{kjønn}*\text{fødeland}) + b_4\text{utdanning} + b_5\text{alder} \\ & + b_6\text{kontantstøtte} + b_7\text{einsleg forsørgjarstønad} + b_8\text{introduksjonsstønad} + \\ & b_9\text{innvandringsårsak} + b_{10}\text{sivilstand} + b_{11}\text{barn i hushaldet} + e \end{aligned}$$

### **Generell og spesifikk kompetanseheving**

Humankapitalteori fortel om skilnadene mellom generell og spesifikk kompetanseheving. Teorien førte til følgjande hypotese:

*HK H<sub>1</sub>: Dess meir spesifikk opplæringa i tiltaket er, dess meir truleg er det at personen kjem i arbeid.*

### **Modell tre**

Den tredje modellen har arbeidsmarknadsstatus som avhengig variabel. Også her er det eit samspelsledd mellom kjønn og tiltak. Analysene skil mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar. Modellen ser slik ut:

$$\begin{aligned} \text{Arbeid} = & b_1 \text{type kompetansehevingstiltak} + b_2 \text{kjønn} + b_3(\text{kjønn} * \text{type} \\ & \text{kompetansehevingstiltak}) + b_4 \text{utdanning} + b_5 \text{alder} + b_6 \text{kontantstøtte} + b_7 \text{einsleg} \\ & \text{forsørgjarstønad} + b_8 \text{introduksjonsstønad} + b_9 \text{innvandringsårsak} + b_{10} \text{sivilstand} + \\ & b_{11} \text{barn i hushaldet} + e \end{aligned}$$

### **7.3.3 Policy-verktøy**

Teorien om policy-verktøy skil mellom ulike dimensjonar ved tiltak. I dette delkapittelet skal eg undersøkje korleis effekten av desse dimensjonane påverkar sannsynet for å kome i arbeid. Sidan eg har tre dimensjonar, får eg tre modellar.

#### **Leveransesystemet**

Dimensjonen om leveransesystemet dreier seg om kor mange aktørar som deltek i leveringa av ein policy. Teorien førte til følgjande hypotese:

*P-V H<sub>2</sub>: Dess meir direkte tiltaka er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.*

#### **Modell fire**

Arbeidsmarknadsstatus er avhengig variabel, og samspelsleddet mellom kjønn og tiltak er med, også her. I analysen skil eg mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandararakar. Modellen ser slik ut:

$$\begin{aligned} \text{Arbeid} = & b_1 \text{indirekte/direkte tiltak} + b_2 \text{kjønn} + b_3(\text{kjønn} * \text{indirekte/direkte tiltak}) + \\ & b_4 \text{utdanning} + b_5 \text{alder} + b_6 \text{kontantstøtte} + b_7 \text{einsleg forsørgjarstønad} + \end{aligned}$$

$$b_8 \text{introduksjonsstønad} + b_9 \text{innvandringsårsak} + b_{10} \text{sivilstand} + b_{11} \text{barn i hushaldet} + e$$

### Grad av automatikk

Kor automatisk eit tiltak er, fortel om ein nyttar eit eksisterande system for å levere det eller ikkje. Hypotesen for dimensjonen er denne:

*P-V H<sub>3</sub>: Dess meir automatisk eit policy-verktøy er, dess mindre er sjansen for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.*

### Modell fem

I modell fem er arbeidsmarknadsstatus avhengig variabel, samspelsleddet mellom kjønn og tiltak er med, og eg skil også her mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar. Modellen ser ut på dette viset:

$$\text{Arbeid} = b_1 \text{ikkje automatisk/automatisk tiltak} + b_2 \text{kjønn} + b_3 (\text{kjønn} * \text{ikkje automatisk/automatisk}) + b_4 \text{utdanning} + b_5 \text{alder} + b_6 \text{kontantstøtte} + b_7 \text{einsleg forsørgjarstønad} + b_8 \text{introduksjonsstønad} + b_9 \text{innvandringsårsak} + b_{10} \text{sivilstand} + b_{11} \text{barn i hushaldet} + e$$

### Kor synleg verktøyet er

Den siste dimensjonen innanfor teorien om policy-verktøy dreier seg om tiltaket er synleg eller ikkje. Teorien førte til følgjande hypotese:

*P-V H<sub>4</sub>: Dess meir synleg eit arbeidsmarknadstiltak er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarar kjem i arbeid.*

### Modell seks

Også den siste modellen har arbeidsmarknadsstatus som avhengig variabel. Modellen har eit samspelsledd mellom kjønn og tiltak, og nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar vert analysert kvar for seg. Modellen ser slik ut:

$$\text{Arbeid} = b_1 \text{ikkje synleg/synleg tiltak} + b_2 \text{kjønn} + b_3 (\text{kjønn} * \text{ikkje synleg/synleg tiltak}) + b_4 \text{utdanning} + b_5 \text{alder} + b_6 \text{kontantstøtte} + b_7 \text{einsleg forsørgjarstønad} + b_8 \text{introduksjonsstønad} + b_9 \text{innvandringsårsak} + b_{10} \text{sivilstand} + b_{11} \text{barn i hushaldet} + e$$

## 7.4 Seleksjonsutfordring

Populasjonen i datasettet er vald på bakgrunn av kva som er tenleg for analysen, og difor er det ikkje eit sannsynsutval (Hellevik, 2009, p. 120). Populasjonen er alle nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar i Noreg som har delteke på tiltak i perioden januar 2011 til og med desember 2015. Data går frå mars 2010 til og med desember 2015.

At utvalet er valt med overlegg har viktige implikasjonar. Sidan utvalet er avgrensa til personar som har delteke i arbeidsmarknadstiltak, har eg ikkje informasjon om personar som *ikkje* har delteke i tiltak. Dette kallar vi utvalsseleksjon (Heckman, 1979, p. 153). Konsekvensen av at denne gruppa er utelaten kan vere at resultatata ikkje vert forventingsrette, fordi variablar kan verte over- eller underestimerte. Årsaken er at ein risikerer at personar som *ikkje* deltek i tiltak er annleis enn dei som faktisk deltek på tiltak (Toomet & Henningsen, 2008, p. 1). Dette vere personar som av ulike årsaker greier seg betre på arbeidsmarknaden enn andre, og difor ikkje treng tiltak for å kome i arbeid. Det kan også vere personar som ikkje er interesserte i å arbeide, eller som ikkje vil greie seg på arbeidsmarknaden. Dette er det første seleksjonsproblemet eg har, men eg har også eit til. Det er nemleg ikkje tilfeldig kven som deltek på dei ulike tiltaka. Personar kan ynskje å delta på eit tiltak framfor eit anna. Når brukarane kan påverke kva for tiltak dei deltek på, kallar vi det for *sjølvseleksjon* (Heckman, 1979, p. 153). Konsekvensane av sjølvseleksjon kan vere at somme tiltak er kjenneteikna av at ein viss type personar deltek på det. Dersom eit tiltak er karakterisert av at personane som deltek har uvanleg stor *vilje* til å kome i arbeid, kan det føre til at resultatata vert skeive fordi ein overestimerer *tiltaket* sin påverknad på sannsynet for å få folk i arbeid.

For å få så forventingsrette estimat som mogleg, må ein ta hand om seleksjonsproblema. Ein måte å gjere dette på er ved å nytte Heckman sin seleksjonsmodell, som justerer for skeive forventingar når utvalet ikkje er valt tilfeldig. Fordi eg ikkje har data på heile arbeidsstyrken i analyseperioden, kan eg ikkje justere for utvalsseleksjon. Analyseresultatata må difor vurderast med atterhald om at dei kan vere forventingsskeive. Det eg *kan* gjere, er å justere for sjølvseleksjon, for eg veit kven som har delteke på dei ulike tiltaka. Eg kan såleis setje dei opp mot kvarandre i analysen. Eg skal no vise korleis dette gjerast i praksis.

## 7.5 Ein variant av Heckman sin seleksjonsmodell

James J. Heckman sin seleksjonsmodell tek utgangspunkt i at ein har ei fordeling som er sensurert eller trunkert (Heckman, 1976, 1979). Sensurerte utval tyder at ein ikkje har eksakte data for ein del av befolkninga under eller over eit visst nivå. Ein kan då vite at observasjonane er innanfor eit intervall, men ikkje verdien til ein enkelt observasjon (Greene, 2012, p. 873). Eit klassisk døme på eit sensurert utval er å studere personar som har inntekt over eit visst nivå, til dømes 400 000 i årleg inntekt. Ein har data på dei som har inntekt under 400 000, men ikkje på personane sitt faktiske lønsnivå. Alle med inntekt under 400 000 blir handsama som ei einsarta gruppe. I mitt tilfelle har eg eit trunkert utval, noko som tyder at eg ikkje har data på heile utvalet, men på ei avgrensa undergruppe av utvalet. Generaliserte slutningar for heile populasjonen vil difor kunne verte skeive dersom ein ikkje korrigerer for at utvalet er trunkert (ibid.).

Eg ynskjer å finne ut korleis arbeidsmarknadstiltak påverkar sannsynet for at ikkje-vestlege innvandrarakjem i arbeid, men eg har berre data på personar som har *delteke på arbeidsmarknadstiltak*, og ikkje personar som *ikkje* har delteke i arbeidsmarknadstiltak. Fordi gruppa eg studerer kan vere annleis enn folket elles, kan eg risikere å over- eller underestimere variabelverdiar. Dette må takast omsyn til når eg vurderer resultatata, for eg kan ikkje korrigere for dette seleksjonsproblemet utan å ha data på den delen av arbeidsstyrken som ikkje har delteke på tiltak. Eg treng eit referansepunkt, og det har eg ikkje.

Sidan eg har data som skil mellom ulike arbeidsmarknadstiltak, kan eg nytte Heckman sin modell når eg skal vurdere korleis dei ulike tiltaka påverkar sannsynet for å kome i arbeid. Eg korrigerer då for sjølvseleksjon. Resultata vert då forventingsrette. Frå no av refererer eg til omgrepet ”seleksjonsproblem” når eg syner til at eg må korrigere for at det kan vere seleksjon til dei ulike tiltaka.

Heckman sin modell handsamar seleksjonsproblemet som eit utelate variabelproblem, der den utelate variabelen er den omvendte Mills-raten, som er gitt ved

$$\lambda(\cdot) = \frac{\phi(\cdot)}{\Phi(\cdot)}$$

der  $\phi(\cdot)$  og  $\Phi(\cdot)$  følgjeleg er tettleiken og fordelingsfunksjonen til ein standard normalfordelt variabel (Toomet & Henningsen, 2008, pp. 3-4). Dette tyder at variabelen har same fordeling som råskårefordelinga, men gjennomsnitt 0 og standardavvik 1 (Christophersen, 2013, pp. 20-21). Den omvendte Mills-raten er ein monoton, minkande funksjon for sannsynet for at ein observasjon er valt (selektert) inn i utvalet. For å finne den omvendte Mills-raten nyttar Heckman ein tostegsmodell der steg éin er ei seleksjonslikning og steg to er utfallet på avhengig variabel estimert ved OLS-regresjon.



Seleksjonslikninga gjev estimat som forklarar korleis dei uavhengige variablane på steg éin i metoden påverkar om personane kjem i arbeid, gjennom utfallslikninga i steg to. Seleksjonsvariabelen, variabelen eg skal korrigere for mogleg seleksjon på, må vere dikotom. Vi kallar slike likningar for probit-modellar. I teorien om humankapital er tiltaka gruppert etter om dei er spesifikke eller generelle, medan dei i teorien om val av policy-verktøy er gruppert etter policy-dimensjon. Desse variablane utgjir seleksjonsvariabelen, og her skil mine modellar seg frå Heckman sine. Der hans idé var å ha éin dikotom variabel som seleksjonsvariabel, og som vart nytta til å predikere verdi til ein uavhengig variabel til likning to, vil eg undersøkje om eg kan bruke den same modellen, men heller ha fleire dikotome variablar som seleksjonsvariabel, og desse genererer eg frå éin multinomisk variabel. I mine modellar vert difor den *same* multinomiske variabelen nytta i ulike former, men sjølvsagt alltid som dikotomi.

Utfallslikninga, i steg to, er ei OLS-likning, og er lik den i Heckman sin modell. Utfallslikninga undersøker om dei uavhengige variablane påverkar utfallet på avhengig variabel, altså om ein er i arbeid eller ikkje seks månader etter fullført tiltak. Regresjonane gjev forventingsrette estimat på i kva grad dei ulike tiltaka påverkar sannsynet for at personane i utvalet kjem i arbeid eller ikkje seks månader etter fullført tiltak.

For å unngå perfekt multikolaritet må eg ha minst éin instrumentvariabel i seleksjonslikninga som ikkje inngår i utfallslikninga. Eit instrument påverkar avhengig variabel *berre* gjennom sin effekt på ein uavhengig variabel. I denne oppgåva skal ein variabel, for å oppnå det vi kallar *eksklusjonskriteriet*, altså berre påverke seleksjonen, og ikkje utfallslikninga (Bushway, Johnson, & Slocum, 2007, p. 153). Ingen av variablane i datasettet kan seie å oppfylle dette kriteriet, og dette reduserer kvaliteten på analysen. Residualen i utfallslikninga korrelerer med den instrumentvariabelen. Variabelen som vurderast å påverke utfallslikninga *minst*, er *innvandringsårsak*. To av kategoriane til variabelen, *arbeid* og *utdanning*, vil truleg påverke avhengig variabel i mykje større grad enn dei andre kategoriane. Sidan instrumentet er omgjort til ein dummy-variabel, kan eg i større grad kontrollere for effektane til desse to kategoriane.

Den generelle tostegsmodellen ser slik ut:

$$\text{Steg 1:} \quad P(t=1) = Z + i + u$$

Her står  $t$  for tiltaksdimensjon eller type kompetansehevingstiltak,  $Z$  for forklaringsvariablar,  $i$  for instrumentet og  $u$  for restleddet.

Steg 2:  $Y = Z + z$

$Y$  står for utfall på avhengig variabel, altså arbeid/ikkje-arbeid, og  $z$  for restleddet. Dei fire modellane er identiske utanom at dei skil mellom kva for tiltaksdimensjon eller kompetansehevingstiltak dei korrigerer for. Altså er det berre seleksjonslikninga som er ulik i dei fire modellane, for den avhengige variabelen er lik frå modell til modell. Modellane er like også på det viset at eg her ikkje skil mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak. Årsaken er at analysane er utført i dataprogrammet R, og Heckman-modellen har ikkje i dette dataprogrammet ein kode som fungerer for samspel (Frondel & Vance, 2012, p. 4). Desse modellane er difor utan samspelsledd. Dette reduserer forklaringskrafta til modellane, sidan det er signifikante samspelsledd i modellen. Dette er ein annan årsak til at det er så viktig at eg også tester hypotesene under med logistiske modellar.

### 7.5.1 Humankapital

Ein av hypotesane frå teorien om humankapital skal undersøkjast ved Heckman sin modell. Dette er fordi prediksjonen til hypotesen gjeld for tida *etter* fullført tiltak, og eg er difor nøydd til å korrigere for seleksjon.

#### Generell og spesifikk kompetanseheving – modell sju

I teorien om humankapital dreier den første hypotesen seg om dei to typane kompetansehevingstiltak fører til ulikt sannsyn for å kome i arbeid. Teoretiske forventingar førte meg til denne hypotesen:

*HK  $H_1$ : Dess meir spesifikk opplæringa i tiltaket er, dess meir truleg er det at personen kjem i arbeid.*

Kompetansehevingstiltak er avhengig variabel, og koda etter om det er spesifikt eller generelt. Med innvandringsårsak som instrument, vert modell sju slik:

Steg 1:  $P(\text{spesifikt tiltak})_a = b_1\text{utdanning} + b_2\text{alder} + b_3\text{kjønn} + b_4\text{kontantstøtte} + b_5\text{einsleg forsørgjarstønad} + b_6\text{sivilstand} + b_7\text{barn i hushaldet} + b_8\text{introduksjonsstønad} + b_9\text{fødeland} + b_{10}\text{innvandringsårsak}_i + u$

Steg 2:  $Arbeid = b_1utdanning + b_2alder + b_3kjønn + b_4kontantstøtte + b_5einsleg forsørgjarstønad + b_6sivilstand + b_7barn i hushaldet + b_8introduksjonsstønad + b_9fødeland + \lambda(\cdot)_a + z$

### 7.5.2 Val av policy-verktøy

På bakgrunn av kodinga av tiltak etter dimensjonar frå teorien om policy-verktøy, får eg tre modellar. Dei er bygde opp likt, men korrigerer for ulik tiltaksdimensjon. Tiltaksvariabelen er ein dikotom variabel der utfallet får positiv verdi på tiltakstypene som høyrer under dimensjonen, og får null i verdi for alle dei andre tiltakstypene. Innvandringsårsak er instrumentvariabel i alle dei tre modellane.

#### Leveransesystemet - modell åtte

Den første modellen korrigerer for seleksjon til direkte tiltak, altså om tiltaket har vorte autorisert, finansiert og levert av same aktør eller ikkje. Dei teoretiske forventingane førte meg til denne hypotesen:

*P-V H<sub>2</sub>: Dess meir direkte tiltaka er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.*

Modellen som nyttast for å undersøkje hypotesen, modell åtte, ser slik ut:

Steg 1:  $P(\text{tiltaksdimensjon} = \text{direkte})_b = b_1utdanning + b_2alder + b_3kjønn + b_4kontantstøtte + b_5einsleg forsørgjarstønad + b_6sivilstand + b_7barn i hushaldet + b_8introduksjonsstønad + b_9fødeland + b_{10}innvandringsårsak_i + u$

Steg 2:  $Arbeid = b_1utdanning + b_2alder + b_3kjønn + b_4kontantstøtte + b_5einsleg forsørgjarstønad + b_6sivilstand + b_7barn i hushaldet + b_8introduksjonsstønad + b_9fødeland + \lambda(\cdot)_b + z$

#### Grad av automatikk – modell ni

Den andre modellen om policy-verktøy korrigerer for seleksjon til automatiske tiltak. Automatiske policy-verktøy nyttar eksisterande system for å setje i verk policyen, og går difor gjennom meir automatiserte system. Teorien førte meg til denne hypotesen om effekten av automatiske policy-verktøy:

*P-V H<sub>3</sub>: Dess meir automatisk eit policy-verktøy er, dess mindre er sjansen for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.*

Modellen som høyrer til hypotesen, modell ni, ser slik ut:

$$\begin{aligned} \text{Steg 1:} \quad & P(\text{tiltaksdimensjon} = \text{automatisk})_c = b_1\text{utdanning} + b_2\text{alder} + b_3\text{kjønn} + \\ & b_4\text{kontantstøtte} + b_5\text{einsleg forsørgjarstønad} + b_6\text{sivilstand} + b_7\text{barn i} \\ & \text{hushaldet} + b_8\text{introduksjonsstønad} + b_9\text{fødeland} + b_{10}\text{innvandringsårsak}_i + u \\ \text{Steg 2:} \quad & \text{Arbeid} = b_1\text{utdanning} + b_2\text{alder} + b_3\text{kjønn} + b_4\text{kontantstøtte} + b_5\text{einsleg} \\ & \text{forsørgjarstønad} + b_6\text{sivilstand} + b_7\text{barn i hushaldet} + b_8\text{introduksjonsstønad} \\ & + b_9\text{fødeland} + \lambda(\cdot)_c + z \end{aligned}$$

### **Kor synleg verktøyet er – modell ti**

Synlege tiltak er tiltak som tek plass i offentlege budsjett og rekneskapar, og er den fjerde dimensjonen i teorien om policy-verktøy. Den tredje modellen korrigerer for seleksjon til synlege tiltak, og hypotesen eg skal teste går slik:

*P-V H<sub>4</sub>: Dess meir synleg eit arbeidsmarknadstiltak er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarar kjem i arbeid.*

Modellen for i korrigere for seleksjon til synlege tiltak ser slik ut:

$$\begin{aligned} \text{Steg 1:} \quad & P(\text{tiltaksdimensjon} = \text{synleg})_d = b_1\text{utdanning} + b_2\text{alder} + b_3\text{kjønn} + \\ & b_4\text{kontantstøtte} + b_5\text{einsleg forsørgjarstønad} + b_6\text{sivilstand} + b_7\text{barn i} \\ & \text{hushaldet} + b_8\text{introduksjonsstønad} + b_9\text{fødeland} + b_{10}\text{innvandringsårsak}_i + u \\ \text{Steg 2:} \quad & \text{Arbeid} = b_1\text{utdanning} + b_2\text{alder} + b_3\text{kjønn} + b_4\text{kontantstøtte} + b_5\text{einsleg} \\ & \text{forsørgjarstønad} + b_6\text{sivilstand} + b_7\text{barn i hushaldet} + b_8\text{introduksjonsstønad} \\ & + b_9\text{fødeland} + \lambda(\cdot)_d + z \end{aligned}$$

## **7.6 Hovudpunkt i kapittelet**

Dette kapittelet har teke føre seg modellane som skal nyttast i analysen. Den første er dei logistiske regresjonsmodellane, som nyttast for å svare på hypotesane som dreier seg om

seleksjonen til eit tiltak. Kvifor lukkast ein ikkje på arbeidsmarknaden? Den andre metoden, Heckman sin seleksjonsmodell, korrigerer for seleksjonen til arbeidsmarknadstiltak og ser på korleis ein kan forklare kvifor somme personar kjem i arbeid og somme ikkje ved ein lineær regresjonsmodell. På bakgrunn av dette kapitlet har eg ti modellar eg skal analysere i det komande kapitlet.

# 8 Resultat

*Vår kunnskap  
er en liten øy  
i et stort hav  
av uvitenhet.*

*Isaac Bashevis Singer*

## 8.1 Introduksjon

Isaac Bashevis Singer sitt sitat er ei god påminning om alt ein ikkje veit her i verda. Ein kan velje om ein vil sjå på hans utsegn som ein fantastisk moglegheit, eller som noko nokså nedslåande. Eg vel det første. Ein bør likevel alltid hugse den andre sida av dette skiljet, for sjølv om ein kan kjenne seg nokså sikker på noko, vil det oftast, ja kanskje alltid, vere ein sjanse for at ein tek feil.

Dette kapittelet tek føre seg resultata av analysane, og Singer sitt sitat høver ekstra godt her. Årsaken er at det nettopp illustrerer at sjølv om eg ein legg fram det ein sjølv meiner er grundig arbeid basert på eit godt materiale, bør ein likevel vere audmjuk for at ein kan ta feil. Dette er særleg eit poeng å hugse når eg i dette kapittelet skal vurdere om modellane eg har utvikla gjev valide svar på problemstillinga.

I dette kapittelet skal eg teste hypotesane frå kapittel fire, alle utanom éin av dei. Eg kan ikkje teste den første hypotesen innanfor teorien om policy-verktøy, sidan det ikkje var positive utfall på den første dimensjonen. I delkapitla som kjem, skal eg først presentere deskriptiv statistikk frå datasettet, og sjå på samanhengar i datamaterialet meir overordna. Eg skal så sjå på kva for tiltak ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarar faktisk deltek på. Svaret på dette spørsmålet er også svaret på første del av problemstillinga.

Når eg så går vidare til resultata frå analysane, presenterer eg først kort datamaterialet, og nyttar hypotesene som strukturerande verktøy. Eg svarer i hovuddelen av kapittelet på om hypotesane får støtte i empirien, og i drøftinga til kvar modell tek eg for meg samanhengane som viser seg i resultata meir generelt. Dette gjev svar på del to av problemstillinga, nettopp om kva for påverknad tiltaka har på sannsynet for at kvinnene kjem i arbeid.

## 8.2 Presentasjon av data

I den logistiske regresjonen er utvalet på heile 205 988 observasjonar. Med eit så stort utval må ein vere medviten om at det skal svært mykje til for at ein ikkje får signifikante resultat. Ein bør difor ikkje gå ut ifrå at resultatata er valide *berre* fordi dei er signifikante, men fordi det er sannsynleg på grunn av teoretiske forventingar eller tidlegare funn.

Før ein går i djupna og ser konkret etter det modellane skal predikere, er det både interessant og viktig å få eit overblikk over viktige, overordna samanhengar i datasettet. Eit slikt oversyn gjer at ein får ei betre forståing av samanhengane mellom variablane, og kan hjelpe ein til å ha eit kritisk blikk dersom ein får funn ein ikkje hadde venta. Det vil dessutan kunne hjelpe på tolkingane av funna dersom ein veit noko om materialet frå før.

For å kartleggje datasettet gjorde eg frekvensanalyser, krysstabeller, kjikvadrattestar og undersøkte Cramers V. Kjikvadrattestane viser samanhengen mellom forventa og faktiske fordelingar, og er nyttig for å undersøkje om det er samanhengar mellom variablar (Hellevik, 2009, p. 408). Eg gjorde analyser av samanhengane mellom sannsynet for å vere i arbeid og kjønn, fødeland, tiltaksgruppe og tiltak klassifisert etter policy-dimensjonar og type kompetansehevingstiltak. Eg gjorde analyser av heile populasjonen, men såg særleg på ikkje-vestlege innvandrarak, sidan det er fokuset for denne oppgåva. Målet var å avdekkje om det eksisterte viktige samanhengar i datasettet som eg burde ta omsyn til når eg skulle teste modellane mine. Deretter testa eg nokre hierarkiske logistiske regresjonsmodellar. Her inkluderte eg alder som forklaringsvariabel, og eg undersøkte også om det var eit samspel mellom tiltak og kjønn.

Eg byrja dei førebuande analysane med å sjå på korleis fordelinga på dei ulike tiltaka er, og kor mange som har kome i arbeid etter seks månader. Eg undersøkte dette for både kjønn og fødeland. I tabell 4 ser ein fordelinga på ulike tiltak gruppert etter dimensjonar og type kompetansehevingstiltak, og kva utfallet på arbeidsmarknaden har vore. Eg ser på dette i ljøs av om dei er frå Noreg eller er ikkje-vestlege innvandrarak, og også etter kjønn.

			Direkte	Automatiske	Synlege	Spesifikke
<b>Nordmenn</b>	<b>K</b>	Ikkje arbeid	<b>59,6%</b>	<b>56,3%</b>	<b>51,2%</b>	<b>56,3%</b>
		Arbeid	<b>40,4%</b>	<b>43,6%</b>	<b>48,8%</b>	<b>43,7%</b>
	Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %
			22117	22397	19245	37902
<b>M</b>	Ikkje arbeid		<b>66,5%</b>	<b>55,7%</b>	<b>52,1%</b>	<b>57,3%</b>
		Arbeid	<b>33,5%</b>	<b>44,3%</b>	<b>47,9%</b>	<b>42,7%</b>
	Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %
			28380	33522	30084	53121
<b>Ikkje-vestlege</b>	<b>K</b>	Ikkje arbeid	<b>69,2%</b>	<b>59,1%</b>	<b>65%</b>	<b>63,3%</b>
		Arbeid	<b>30,7%</b>	<b>40,9%</b>	<b>35,0%</b>	<b>36,7%</b>
	Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %
			6959	13858	13561	26305
<b>M</b>	Ikkje arbeid		<b>70,1%</b>	<b>55,7%</b>	<b>60,0%</b>	<b>60,3%</b>
		Arbeid	<b>29,9%</b>	<b>44,3%</b>	<b>40,0%</b>	<b>39,7%</b>
	Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %
			9161	10044	12298	20390

Tabell 4

*Deltaking på tiltak i perioden januar 2011-desember 2015 i prosent og absolutte tal. Det er berre tal på dei som deltek på den oppgitte dimensjonen/kompetansehevingstiltaket. K = kvinner, M = menn.*

Av tabell 4 ser ein at sysselsetjingsgraden etter gjennomført tiltak ikkje er særleg ulikt mellom kjønna. Ein ser derimot at det er ein systematisk skilnad mellom dei som kjem i arbeid og dei som ikkje gjer det, når ein ser på om dei er norske eller innvandrarak. Nordmenn har i nesten alle tilfella større sysselsetjing etter fullført tiltak enn innvandrarak. Ein ser til dømes at for norske kvinner som har delteke på synlege tiltak, er sysselsetjinga etter fullført tiltak på 48,8 prosent, medan den for ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak er 35 prosent.



I tabell 5 er tiltaka kategorisert etter dei statlege arbeidsmarknadstiltaka til NAV. Også her ser eg på om dei er nordmenn eller ikkje-vestlege innvandrarakar, og kva for kjønn dei har.

			Tilskot til løns- utgifter	Arbeidsut- prøving	Kvalifisering	Oppfølging	Avklaring
<b>Nord- menn</b>	<b>K</b>	Ikkje arbeid	<b>31,2%</b>	<b>61,4%</b>	<b>56,1%</b>	<b>58,0%</b>	<b>74,2%</b>
			1167	11457	8697	11549	1640
	Arbeid	<b>68,8%</b>	<b>38,6%</b>	<b>43,9%</b>	<b>42,0%</b>	<b>25,8%</b>	
		2573	7200	6808	8358	570	
Totalt		100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	
		3740	18657	15505	19907	2210	
	<b>M</b>	Ikkje arbeid	<b>36,8%</b>	<b>64,2%</b>	<b>60,2%</b>	<b>64,9%</b>	<b>79,6%</b>
			3863	14797	11799	16452	2418
	Arbeid	<b>63,2%</b>	<b>25,8%</b>	<b>39,8%</b>	<b>35,1%</b>	<b>20,4%</b>	
		6622	8240	7800	8890	620	
Totalt		100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	
		10485	23037	19599	25342	3038	
<b>Ikkje- vestlege</b>	<b>K</b>	Ikkje arbeid	<b>46,4%</b>	<b>61,5%</b>	<b>68,0%</b>	<b>68,6%</b>	<b>78,9%</b>
			353	7837	8469	4459	360
	Arbeid	<b>53,6%</b>	<b>38,5%</b>	<b>32,0%</b>	<b>31,4%</b>	<b>21,1%</b>	
		761	4907	3978	2044	96	
Totalt		100%	100%	100%	100%	100%	
		1114	12744	12447	6503	456	
	<b>M</b>	Ikkje arbeid	<b>34,1%</b>	<b>60,9%</b>	<b>64,9%</b>	<b>69,3%</b>	<b>80,0%</b>
			665	4928	6714	5853	574
	Arbeid	<b>65,9%</b>	<b>39,1%</b>	<b>35,1%</b>	<b>30,7%</b>	<b>20,0%</b>	
		1287	3164	3632	2591	143	
Totalt		100%	100%	100%	100%	100%	
		1952	8092	10346	8444	717	

Tabell 5

*Deltaking på ulike tiltak i perioden januar 2011-  
desember 2015 i prosent og absolutte tal. K =  
kvinner, M = menn.*

Tabell 5 viser at norske kvinner konsekvent har høgare sysselsetjing etter fullført tiltak enn norske menn. Dei norske kvinnene har også høgare sysselsetjingsgrad enn ikkje-vestlege kvinner. Dette mønsteret ser ein ikkje att hos menn. Der vekslar det på kva for gruppe som

har høgast sysselsetjingsgrad etter fullført tiltak. Tabellane som tabell 4 og 5 er avleidd frå finst i vedlegg G.

I analysane vart dei fleste samanhengar som vart prøvde signifikante. Dette er ikkje overraskande med eit så stort utval. Det var ingen særlege skilnader i samanhengane mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar, men det var ein signifikant samheng mellom kjønn og sannsynet for å vere i arbeid. Det var signifikante samanhengar mellom arbeid og om personane var nordmenn eller ikkje-vestlege innvandrarakar når eg etter tur kontrollerte for kvart av kjønna. Alle samanhengane som vart avdekkja var svake. Somme utmerka seg likevel, og eg vil vie plassen til desse i denne gjennomgangen.

Når eg undersøkte samanhengen mellom kjønn og arbeid, på vilkår av fødeland, såg eg at samanhengen var sterkare for kvinner. Denne samanhengen såg eg att når eg undersøkte samanhengen mellom arbeid og fødeland for undergruppa som deltok på oppfølgingstiltak. Også der var samanhengen sterkare for kvinner enn for menn.

Eit viktig funn var at når eg avgrensa analysane til å berre gjelde for personar på visse tiltak, då vart mange av samanhengane ikkje-signifikante. At samanhengane ikkje lenger var signifikante når utvalet vart mindre indikerer samanhengane er signifikante kun fordi utvalet er så stort. (Sjå minnepenn for test av kjiqvadrat og Cramers V.)

Dei logistiske regresjonsanalysane avdekkja at det var ein svak, negativ korrelasjon mellom sannsynet for å vere i arbeid for ikkje-vestlege innvandrarakar og variablane alder og kjønn. Dette tyder at ikkje-vestlege kvinner har lågare sannsyn for å vere i arbeid enn ikkje-vestlege menn, og sannsynet for å vere i arbeid vert mindre dess eldre ein er, kontrollert for dei andre variablane i modellen. Forklaringskrafta til modellen var akseptabel, med ein sensitivitet på 65,7 prosent. Når den same modellen vart testa, men *med* eit samspelsledd mellom tiltakstype og kjønn, vart ikkje forklaringskrafta til modellen noko større. Samspelsleddet vart signifikant, men det var berre éi av undergruppene som også vart signifikant. Fordi samspelsleddet var signifikant, førte det til at eg inkluderte dette leddet i modellane eg testa i hovuddelen av analysen. Eit interessant funn var at tiltakstypene var negativt korrelerte med sannsynet for å vere i arbeid. Årsaken til dette er at *tilskot til lønsutgifter* er referansekategori for tiltaksvariabelen. I litteraturgjennomgangen viste tidlegare forskning at *tilskot til lønsutgifter* er det tiltaket som har størst effekt på sannsynet for å kome i arbeid. I tabell 4 ser ein at dette er tilfellet også i denne studien, og det forklarar kvifor alle tiltakskoeffisientane er negative. Når verdien som har sterkast positiv påverknad på avhengig variabel er referansekategori, vert dei andre verdiane på variabelen rekna ut *i*

*høve* til denne referansekategori. Dersom verdiane har svakare effekt enn referanseverdien, får koeffisientane negative forteikn.

Når eg testa tiltakstypane etter policy-dimensjonane og etter om dei gav spesifikk kompetanseheving, så var alle positivt korrelerte med sannsynet for å kome i arbeid. Dette tyder på at referansekategoriene i desse tilfella, generell kompetanseheving, ikkje-automatiske tiltak, indirekte tiltak og ikkje-synlege tiltak, har svakare påverknad på avhengig variabel enn utfallsverdien. Her er det spesifikk kompetanseheving, direkte tiltak, automatiske tiltak og synlege tiltak. Kjønn og spesifikk kompetanseheving hadde ein positiv korrelasjon med sannsynet for å kome i arbeid, kontrollert for dei andre variablane i modellen. Det same gjaldt samspelsledda mellom kjønn og tiltakstype etter policy-dimensjonane. (Resultata frå desse analysane finst på minnepenn.)

Grappa eg ser spesielt på i denne oppgåva er ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara. For å undersøkje om det er viktige samanhengar og samspel som ein burde vere klar over i analysane, køyrte eg ulike logistiske regresjonsanalyser der eg særleg såg på samanhengen mellom dikotomien ikkje-vestlege innvandrara og nordmenn og tiltakstypar, kjønn og moglege samspelseffekter mellom kjønn og landbakgrunn og kjønn og tiltak. Analysane viste at samspelsleddet mellom kjønn og dikotomien ikkje-vestleg/nordmann er signifikant i alle analysane. At samspelet er signifikant, tyder at effektane dei uavhengige variablane kjønn og ikkje-vestleg/nordmann-variabelen har på sannsynet for å kome i arbeid er avhengig av kvarandre. Når eg samanliknar modellane der tiltaksdimensjon eller type kompetansehevingstiltak er avhengig variabel, er det i modellen der kompetansehevingstiltak er avhengig variabel at samspelet er størst. I modellar der arbeid er avhengig variabel vert samspelsleddet mellom tiltakstype og kjønn signifikant. Dette tyder at kjønn og tiltakstype påverkar kvarandre og har ulik effekt på avhengig variabel avhengig av verdien på den andre variabelen.

### **8.3 Kva for tiltak deltek ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara på?**

Enkle frekvensanalyser kan gje svaret på den første delen av problemstillinga, som dreier seg om kva for tiltak dei ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara deltek på. Når resultata av analysane er klare, vert det interessant å sjå om tiltaka kvinne faktisk deltek på, er dei som faktisk gjev dei størst sannsyn for å kome i arbeid. Det skal vi sjå på i kapittel 8.5. I tabell 6 ser ein kva for tiltak kvinnene deltek på.

<b>Tiltaksgruppe</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent</b>
Tilskot til lønsutgifter	1114	3
Arbeidsutprøving	12744	38
Kvalifiseringstiltak	12447	37
Oppfølgingstiltak	6503	20
Avklaringstiltak	456	1
Total	33264	100
<b>Kompetansehevingstiltak</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent</b>
Generell kompetanseheving	6959	20,9
Spesifikk kompetanseheving	26305	79,1
Total	33264	100
<b>Tiltaksdimensjon</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent</b>
Indirekte	26305	79,1
Direkte	6959	20,9
Total	33264	100
<b>Tiltaksdimensjon</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent</b>
Ikkje-automatisk	19406	58,3
Automatisk	13858	41,7
Total	33264	100
<b>Tiltaksdimensjon</b>	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent</b>
Ikkje-synleg	19703	59,2
Synleg	13561	40,8
Total	33264	100

Tabell 6 *Deltaking på ulike tiltak i perioden januar 2011- desember 2015 for ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakar.*

Av tabellen ser ein at arbeidsutprøving og kvalifiseringstiltak er dei to mest brukte av dei reelle arbeidsmarknadstiltaka. Når vi ser på tiltaka inndelt etter teoriane, viser tabell 6 at storparten av ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakar på tiltak deltek på spesifikke kompetansehevingstiltak. På tiltaksdimensjonen indirekte/direkte tiltak, ser vi ei stor overvekt av ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakar på indirekte tiltak. På dimensjonen automatiske/ikkje-automatiske tiltak er kvinnene nokså jamt fordelt på tiltaksdimensjonen, men litt fleire enn halvparten, 58 prosent, deltek på ikkje-automatiske tiltak. På den siste dimensjonen, om tiltaket er synleg eller ikkje, ser vi at også her er fordelinga mellom deltaking på tiltaka nokså jamn. Det er ei lita overvekt av deltakarar, 59 prosent, på ikkje-synlege tiltak. Svaret på den første delen av problemstillinga er at ikkje-vestlege kvinnelege

innvandrara i hovudsak deltek på tiltak som er spesifikke og indirekte, og at nokon fleire deltek på ikkje-synlege og ikkje-automatiske tiltak enn dei synlege og automatiske tiltaka. Kvinnene deltek i størst grad på arbeidsutprøving og kvalifiseringstiltak.

## 8.4 Resultat frå logistisk regresjonsanalyse

I dette kapittelet skal eg først ta føre meg modell to. Årsaken er at denne modellen skil seg frå dei fem andre ved at dette er den einaste modellen som ikkje har suksess på arbeidsmarknaden som avhengig variabel. Denne modellen har *type kompetansehevingstiltak* som avhengig variabel. Modellen undersøker som kva som påverker om ein vel generelle eller spesifikke kompetansehevingstiltak, og kjem såleis *før* dei andre analysane i tid, reint kronologisk. Her skal eg undersøkje om tre av hypotesane frå teorien om *humankapital* vert stadfesta eller avvist av empirien.

Etter at eg har sett på modell to, skal eg analysere resultata frå dei fem andre modellane og vurdere om hypotesane får støtte i empirien. Til slutt ser eg på Heckman-modellane.

Eg viser resultata frå dei fem modellane med suksess på arbeidsmarknaden som avhengig variabel i éin tabell, tabell 8. På denne måten vert det enklare å følgje gjennomgangen og analysen av resultata. I desse modellane skal eg svare på éi hypotese frå teorien om *humankapital*, og hypotesane frå teorien om *norsk velferdsøkonomi* og *policy-verktøy*.

Resulta vert oppgitt ved signifikansnivå og prosentvis endring i oddsrater. Alle resultata som er oppgitt er frå det siste steget i dei hierarkiske modellane. Oddsrate er ikkje det lettaste å forstå, og eg har difor rekna dei om til prosentvis endring for å gjere det lettare å tolke resultata. Oddsrate er som namnet indikerer, raten mellom to odds. Tek vi talet på oddsen når avhengig variabel har verdien éin og ein uavhengig variabel har ein gitt verdi, og deretter deler dette talet på tilsvarende odds når den uavhengige variabelen er ein verdi lågare, då får vi oddsraten (Tufté, 2000, p. 27). For å gjere det lettare for lesaren å forstå samanhengane eg avdekkjer, er utvalde samanhengar framstilt grafisk ved sannsyn. Eg ser mest på effekter for kvinner og ikkje-vestelege innvandrara, sidan dette er hovudfokuset i oppgåva.

For alle modellane utanom modell to legg eg fram ei matrise der sannsynet for å kome i arbeid er rekna ut for deltaking på tiltaka. Her finn eg dei konkrete svara på del to av

problemstillinga mi, nemleg *korleis påverkar tiltaka sannsynet for at ikkje-vestlege kvinner kjem i arbeid?*

### 8.4.1 Modell to

Teorien om humankapital fortel om investering i eigen kompetanse, og korleis det kan påverke sannsynet for å kome i arbeid. Avhengig variabel er i denne modellen er sannsynet for å velje generell eller spesifikk kompetanseheving. Teorien leidde til fire hypotesar, men berre tre av dei skal eg undersøkje her. Den siste skal undersøkjast ved Heckman sin metode. Resultata frå analysen av modell to er presentert i tabell 7.

## Estimert sannsyn for å delta på spesifikke tiltak

Avhengig variabel: Generelt/spesifikt kompetansehevingstiltak


Variablar	% endring i oddsrate	
Kjønn	-5,8 %	***
Fødeland, referansekategori: Noreg		***
Fødeland: Afrika	-19,8%	***
Fødeland: Asia	-19,9%	***
Fødeland: Sør-Amerika	0,9%	
Fødeland: Oceania	-31,6 %	
Kjønn*Fødeland		***
Kjønn*Afrika	58%	***
Kjønn*Asia	75,9%	***
Kjønn*Sør-Amerika	48,7%	***
Kjønn*Oceania	121,3%	
Utdanning, referansekategori: grunnskuleutdanning		***
Utdanning: vidaregåande skule	-22,5%	***
Utdanning: uni.- og høgskole, lågare nivå	-27,1%	***
Utdanning: uni.- og høgskole, høgare nivå	-39,5%	***
Alder, gruppert i intervall	-17,3	***
Introduksjonsstønad	435%	***
Kontantstøtte	-47,6%	***
Einsleg forsørgarstønad	1,4%	
Sivilstand, ikkje partner/partner	23,6%	***

Barn i hushaldet, intervallskalert	6,9%	***
Innvandringsårsak, referansekategori: nordmenn		***
Innvandringsårsak: arbeid	87,3%	***
Innvandringsårsak: familie	47,8%	***
Innvandringsårsak: flukt	50,7%	***
Innvandringsårsak: utdanning	75,4%	***
Innvandringsårsak: anna	78,1%	*
Konstant	3,234	***

Tabell 7

*Tabellen viser effektar oppgitt i prosentvis endring i oddsrate. Konstantkoeffisienten er ikkje prosentuert. Samspelseffektar er illustrert ved \* mellom variablar.  $p < 0,01 = ***$ ,  $p < 0,05 = **$ ,  $p < 0,1 = *$ .*

Den første hypotesen innanfor teorien om humankapital har følgjande ordlyd: *Dess yngre personen er, dess meir truleg er det at tiltaket personen nyttar gjev spesifikk kompetanseheving. Dess eldre personen er, dess meir truleg er det at personen nyttar eit tiltak som gjev generell kompetanseheving.* Det er altså aldersvariabelen vi skal sjå på, og vi veit at avhengig variabel har verdien éin for spesifikke kompetansehevingstiltak. Aldersvariabelen er intervallskalert, og har låg verdi for låg alder. Aldersvariabelen syner at oddsraten for å nytte spesifikke kompetansehevingstiltak vert redusert med -17,3 prosent for kvar einings auke på aldersvariabelen, kontrollert for andre variablar. Resultata er i tråd med det hypotesen predikerte, altså at sannsynet for å delta på spesifikke kompetansehevingstiltak er mindre dess eldre ein er, og eg kan konkludere med at hypotesen får støtte i empirien. Dette er den hovudeffekten av aldersvariabelen på sannsynet for å delta på spesifikke kompetansehevingstiltak. No er det jo ikkje slik at ein i røynda ikkje kan isolere effekter på denne måten. Resultata som er framstilt i tabell 7 viser hovudeffektane av variablane på avhengig variabel. Skal dette kunne overførast til røynda, er ein nøydd til å sjå på effektane av fleire variablar samstundes, altså den *indirekte* effekten til variablane. Ein slik effekt kan ein sjå i figur 3. Her er sannsynet for å delta på spesifikke tiltak etter alder og introduksjonsstønad illustrert.



Figur 3

Aldersgruppering: 0 = alder < 20, 1 = alder 20-29, 2 = alder 30-39, 3 = alder 40-49, 4 = alder 50-59, 5 = alder ≥ 60.

Figur 3 viser at for både dei som har fått introduksjonsstønad og dei som ikkje får det, så reduserast oddsraten for at dei deltek på spesifikke tiltak med aukande alder. Dette gjeld i mykje større grad for dei som ikkje har fått introduksjonsstønad, og grafen viser at sannsynet for at ein deltek på spesifikke tiltak aukar dersom ein har delteke på introduksjonsprogrammet.

Hypotese to seier at *kvinner har færre insentiv enn menn til å velje tiltak som gjev spesifikk kompetanseheving*. Resultata viser at det er ein signifikant samspelseffekt mellom kjønn og fødeland. Samspelseffekten er signifikant for alle kombinasjonane av kjønn og fødeland utanom for Oceania. «Noreg» og «menn» er referansekategori. Kvifor samspeleeffekten mellom kjønn og fødeland ikkje er signifikant, er det vanskeleg å avgjere. Ein årsak kan vere at det nettopp ikkje er ein samvariasjon mellom kjønn og folk frå Oceania på sannsynet for å delta på spesifikke tiltak. Ein annan årsak kan vere det faktum at det er svært få personar i datasettet som er frå Oceania. Det er den absolutt minste underpopulasjonen i utvalet med 97 personar. Til samanlikning er utvalet til den nest minste undergruppa, Sør-Amerika, på over 3500, og den største, Noreg, har over 140 000 (sjå vedlegg F). Når resultata viser ein signifikant samspelseffekt, er det jo nettopp slik at verdi på avhengig variabel ikkje berre er avhengig av verdien på den eine uavhengige variabelen, for



den uavhengige variabelen vert påverka verdien på ein tredje variabel, og denne påverknaden er ulik for kvar verdi. Vi må altså sjå på samspelseffektane mellom dei ulike verdiane på dei uavhengige variablane for å avgjere om hypotesen får støtte eller ikkje. Vi ser at alle samspelseffektane mellom kjønn og fødeland er positive, noko som tyder at positive verdier på avhengig variabel går saman med positive verdier på begge dei uavhengige variablane. Ser vi vekk ifrå den ikkje-signifikante samspelseffekten mellom kjønn og fødeland, har samspelet mellom kjønn og personar frå Asia størst effekt på avhengig variabel. Oddsraten for at kvinner frå Asia deltek på spesifikke tiltak er 75,9 prosent høgare enn menn frå Noreg. Sidan alle samspelsvariablane er positive, tyder det at hypotesen vert avvist. Om det er insentiv eller noko anna som gjer at kvinner har høgare sannsyn for å delta på spesifikke tiltak kan eg ikkje vite, men det viser seg at det å vere kvinne, det aukar sannsynet for å delta på spesifikke tiltak. Hypotesen får altså ikkje støtte i empirien.

Den tredje hypotesen lyder som følgjer: *Dess lågare utdanning ein har, dess større er sannsynet for at ein deltek på tiltak som gjev generell kompetanseheving.* Når vi ser på resultatane, ser vi med éin gong at hypotesen ikkje får støtte i empirien, alt anna likt. Alle dei tre dikotome utdanningsvariablane har negative forteikn, som tyder at hovudeffekten av variabelen er negativt korrelert med avhengig variabel. Her går altså spesifikke kompetanhevingstiltak saman med låg utdanning, stikk i strid med hypotesen. Effektane er moderate.

## **Drøfting**

I modell to vert to av tre hypoteser avvist. Resultatane viser at kvinner har større sannsyn for å delta på spesifikke tiltak enn menn. Dei viser også at dess lågare utdanning ein har, dess større er sjansen for at ein deltek på desse tiltaka. Empirien viser også at dess yngre ein er, dess større er sannsynet for at ein deltek på spesifikke tiltak.

Det er verdt å leggje merke til den sterke effekten introduksjonsstønaden har på sannsynet for å delta på spesifikke tiltak. Oddsraten for å delta på spesifikke tiltak er 435% større for personar som har delteke på introduksjonsprogrammet, samanlikna med dei som ikkje har det. Denne effekten er signifikant på 1%-nivå. Dette resultatet bygger opp under det faktum at hypotese tre vart avvist. Som vi har sett, har storparten av innvandarane som kjem til Noreg lågare kompetanse enn nordmenn, og lider under kompetansegapet på arbeidsmarknaden (NOU 2016:7, 2016, p. 193). Humankapitaltesen predikerte at desse personane i større grad ville ha generelle kompetansebehov, men det verkar til ikkje å vere tilfelle.

## 8.4.2 Sannsynet for å kome i arbeid

Dei fem modellane som gjenstår å analysere viser alle sannsynet for å kome i arbeid. Dei skil seg frå kvarandre når det kjem til kva for type tiltak er som forklaringsvariablar. I tabell 8 under vert dette tydeleg sidan modellane har fleire tomme ruter. I innleiande analyser vart det avdekkja signifikante samspel mellom den dikotome variabelen nordmenn/ikkje-vestlege innvandrarakar, kjønn og tiltak. Eg har utført analysane for nordmenn og for ikkje-vestlege innvandrarakar kvar for seg. I tabellen ser ein det ved at tal i blått gjeld for nordmenn, medan tala i lilla er for ikkje-vestlege innvandrarakar.

I dette delkapittelet presenterer eg tabell 8 som viser resultatata frå modell éin, tre, fire, fem og seks. Modellane vert analysert kvar for seg i delkapitla som følgjer. Eg startar med modell éin og tek for meg kvar modell i stigande rekkjefølgje.

### Estimert sannsyn for å kome i arbeid

Avhengig variabel: Ikkje arbeid/arbeid

Variabel	Modell 1	Modell 3	Modell 4	Modell 5	Modell 6
	%vis endring i oddsrate	%vis endring i oddsrate	%vis endring i oddsrate	%vis endring i oddsrate	%vis endring i oddsrate
<b>Kjønn</b>	17,5%***/6,1%	30,3%***/9,8%**	0,6%/-9,4%***	22,4%***/-0,4%	21,5%***/10,4%**
<b>Tiltaksgruppe. ref.gruppe: tilskot til lønstutgifter</b>	***/**				
<b>Tiltak: Arbeidsutprøving</b>	-65,3%***/-67,8%***				
<b>Tiltak: Kvalifiseringstiltak</b>	-61,5%***/-71,6%***				
<b>Tiltak: Oppfølgingstiltak</b>	-69,7%***/-77,3%***				
<b>Tiltak: Avklaringstiltak</b>	-84,5%***/-87,3%***				
<b>Tiltak: generelt/spesifikt</b>		59,9%***/55,3%***			
<b>Kjønn*tiltak: generelt/spesifikt</b>		-22,8%***/-17,5%***			
<b>Tiltak: indirekte/direkte</b>			-37,5%***/-35,6%***		
<b>Kjønn*tiltak: indirekte/direkte</b>			29,6%***/21,3%***		
<b>Tiltak: ikkje</b>				55,8%***/	

automatisk/automatisk				61,2%***	
Kjønn*tiltak: automatisk/automatisk	ikkje			-22,6%***/-11,2%***	
Tiltak: ikkje synleg/synleg					72,8%***/32,6%**
Kjønn*tiltak: ikkje synleg/synleg					-19,0%***/-24,5%**
Kjønn*tiltaksgruppe	***/**				
Kjønn*Tiltak: arbeidsutprøving	-6,1%/-5,2%				
Kjønn*Tiltak: Kvalifiseringstiltak	-3,3%/-14,7%*				
Kjønn* Tiltak: Oppfølgingstiltak	11,2%/-1,8%				
Kjønn*Tiltak: Avklaringstiltak	11,5%***/13,4%				
Utdanning: ref.kat.: grunnskule	***/**	***/**	***/**	***/**	***/**
Utdanning: vidaregåande skule	57,0%****/23,3%***	63,9%****/25,7%***	63,9%****/25,7%***	64,2%****/24,0%***	58,2%***/23,4%**
Utdanning: uni.- og høgskole, lågare nivå	88,1****/29,9%***	93,0%****/33,0%***	93,0%****/33,0%***	94,0%****/29,6%***	85,5%***/32,2%**
Utdanning: uni.- og høgskole, høgare nivå	100,7%****/15,9%***	106,9%****/1,3%***	106,9%****/21,3%***	102,2%****/15,1%***	102,5%***/20,8%***
Alder	-5,5%****/-11,8%***	-2,6%****/-12,3%***	-2,6%****/-12,3%***	-1,8%****/-10,7%***	-6,2%****/-13,3%**
Kontantstøtte	-32,7%****/-37,5%***	-31,1%****/-39,6%***	-31,1%****/-39,6%***	-31,1%****/-37,4%***	-34,1%***/-41,5%**
Einsleg forsørgarstønad	-39,0%****/-45,0%***	-39,0%****/-46,7%***	-39,0%****/-46,7%***	-37,9%****/-45,0%***	-41,0%***/-46,4%**
Introduksjonsstønad	-25,4%***	-29,5%	-29,5%***	-26,9%***	-25,6%**
Sivilstand	25,5%****/14,7%	26,1%****/15,5%***	26,1%****/15,5%***	26,8%****/16,9%***	25,8%***/16,7%**
Barn i hushaldet	1,7%****/-7,6%***	1,1%****/-7,8%***	1,1%*/-7,8%***	0,8%/-8,2%***	2,5%****/-7,8%***
Innvandringsårsak. Ref.kat.: nordmenn	***	***	***	***	***
Innvandringsårsak: arbeid	23,9%**	18,9%**	18,9%**	21,1%**	21,7%**
Innvandringsårsak: familie	1,5%	0,1%	0,1%	0,5%	2,9%
Innvandringsårsak: flukt	0,9%	0,1%	0,1%	0,7%	2,5%

Innvandringsårsak: utdanning	71,5%***	68,0%***	68,0%***	68,7%***	72,3%** *
Innvandringsårsak: anna	-1,1%	-0,9%	-0,9%	-0,6%	2,7%
Konstant	1,522***/2,6 46***	0,39***/0,58 6***	0,624/0,91 **	0,432/0,643 ***	0,478/0,7 15

Tabell 8

*Tabellen viser prosentvis endring i oddsrate. Konstantkoeffisienten er ikkje prosentuert. Samspelseffektar er illustrert ved \* mellom variablar. Blå tal for nordmenn, lilla tal for ikkje-vestlege innvandrarakar.  $p < 0,01 = ***$ ,  $p < 0,05 = **$ ,  $p < 0,1 = *$ .*


### 8.4.3 Modell ein

Resultata av denne modellen skal gje svar på om tre av hypotesane frå teorien om norsk velferdsøkonomi finn støtte i empirien. Eg skal først gå systematisk gjennom kvar av hypotesane før eg skildrar resultata meir generelt.

#### Velferdsfaktoren

Den første hypotesen har ordlyden *generøse velferdsordningar aukar insentivet til å stå utanfor arbeidslivet*. Velferdsordningane vi undersøker er kontantstøtte og einsleg forsørgjarstønad. Gjev resultata grunn til å gje hypotesen støtte? Tabell 8 viser at for både nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar vert oddsraten for å kome i arbeid redusert dersom ein får velferdsyttingane kontantstøtte eller einsleg forsørgjarstønad, kontrollert for dei andre variablane i modellen. Begge effektane er signifikante på 1%-nivå. Effekten er noko større for einsleg forsørgjarstønad, noko som kan spegle at personar som får denne stønaden er åleine med omsorgsansvar for barn. Det kan vere vanskelegare å kome i arbeid dersom ein er åleine med born enn dersom ein delar på omsorgsansvaret, for kapasiteten til å finne arbeid kan vere redusert. Effektane er moderate, men for begge stønadene er sannsynet for at ikkje-vestlege innvandrarakar står utanfor arbeidslivet større enn det er for nordmenn. Hypotesen om at generøse velferdsordningar auker sannsynet for å stå utanfor arbeidslivet får støtte i empirien.

Tidlegare forskning peikar på at det er særleg personar med låg utdanning som vel kontantstøtte, og at mange av desse er innvandrarakar (Kvande, 2015, p. 23). Sannsynet for å vere i arbeid for ikkje-vestlege innvandrarakar når ein ser på utdanningsnivå og om dei mottek kontantstøtte er illustrert i figur 4 under.



Figur 4

Utdanningsnivå: 1 = grunnskule, 2 = vidaregåande, 3 = uni- og høgskoleutd., lågare nivå, 4 = uni.- og høgskoleutd., høgare nivå.

Utdanningsnivå går frå lågt til høgt, og er éin for grunnskuleutdanning og fire for høgare grads universitets- og høgskuleutdanning. Grafen syner at av dei som får kontantstøtte, er det fleire som har låg utdanning enn høg utdanning.

### Kjønnsfaktoren

Den andre hypotesen går som følgjer: *Kvinner sitt sannsyn for å stå utanfor arbeidslivet aukar dersom kvinna har partner eller omsorgsoppgåver for barn.* For denne hypotesen må vi altså vurdere variablane *kjønn, sivilstand og barn i hushaldet.* Hypotesen seier ingenting om desse to faktorane forsterkar kvarandre eller ikkje, og eg ser difor på dei kvar for seg. Referansekategoriane er menn, ingen partner og ingen born. Positivt utfall på sivilstandvariabelen tyder at ein har partner. Variabelen som fortel om talet på barn i hushaldet er intervallskalert, i intervalla null, eitt born, to til tre born, fire til seks born og sju til tretten born. Fordi kjønn har ein samspelseffekt med tiltak, må eg undersøkje om effekten er lik for kvart samspel. Av tabell 8 ser vi at samspelseffekten er signifikant på 1%-nivå, og referansekategoriane er menn og tilskot til lønsutgifter. Dei einaste samspela som er

signifikante er mellom nordmenn, kjønn og avklaringstiltak og ikkje-vestlege innvandrarak, kjønn og kvalifiseringstiltak.

For både norske og ikkje-vestlege personar som deltek på dei andre tiltaka, er det ingen signifikante samspelseffekter. Når samspelet ikkje er signifikant, tyder det at det ikkje er nokon samvariasjon mellom dei andre tiltaka og kjønn. Då er det hovudeffekten av kjønn ein tolkar for å finne svar på hypotesen. Det er berre for nordmenn at kjønnsvariabelen er signifikant. Dette tyder at kjønn påverkar sannsynet for at nordmenn arbeider, men at dette ikkje gjeld for ikkje-vestlege innvandrarak. Kjønn kan ikkje i denne modellen forklare om innvandrarak deltek i arbeidslivet eller ikkje, og det er med andre ord ingen skilnad mellom kjønna på om talet på born påverkar om dei deltek eller ikkje. Frå tabellen ser vi at oddsraten for å arbeide vert redusert med over sju prosent for kvar einings auke i talet på barn ein har, kontrollert for andre variablar. Dette er ein negativ effekt som er lik for ikkje-vestlege menn og kvinner.

For nordmenn er kjønnsvariabelen signifikant, altså er det her ein skilnad mellom kjønna på sannsynet for å arbeide eller ikkje. Sidan både kjønnsvariabelen og variabelen for talet på barn er positiv, tyder det at sannsynet for å delta i arbeidslivet er større for kvinner med barn enn menn utan barn. Utrekningar viser at når ein held alle andre variablar konstante, har norske kvinner med eitt barn 64,5 prosent sannsyn for å delta i arbeidslivet. Når kvinnene har mellom fire og seks barn, er har sannsynet auka til 65,3 prosent. (Sjå fil på minnepenn for utrekningar.)

Samspelseffekten mellom avklaringstiltak og kjønn er signifikant for nordmenn, men ikkje for ikkje-vestlege innvandrarak. Funna indikerer at det for begge gruppene ikkje spelar noko rolle kva for kjønn ein er for om ein deltek på arbeidsutprøving og oppfølgingstiltak. Det spelar heller inga rolle når ein er nordmann og deltek på kvalifiseringstiltak, og for ikkje-vestlege innvandrarak på avklaringstiltak.

Hovudeffektane av barn er signifikante for både nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak, og effektane er positive, men svært svake. Dette inneberer at oddsraten for å kome i arbeid auker for kvar einings auke på variabelen, kontrollert for andre variablar. Når ein ser på denne effekten for *kvinner*, er den for norske kvinner på avklaringstiltak, positiv. Ei utrekning av sannsynet for at norske kvinner med born som har delteke på avklaringstiltak er i arbeid, estimerar modellen at for kvinner med eitt barn deltek 24 prosent, medan 24,6 prosent av kvinnene med fire til seks born deltek. Den positive effekten er som vi ser svært liten når kvinnene gå frå å ha få til fleire born. For ikkje-vestlege kvinner som deltek på kvalifiseringstiltak er det ein *negativ* samspelseffekt. Utrekningar viser at for ikkje-vestlege

innvandrarkvinner med eitt barn som har delteke på kvalifiseringstiltak, er 38,6 prosent yrkesaktive seks månader etter fullført tiltak. Når desse kvinnene har fire til seks barn, er det 35 prosent som er yrkesaktive. Dette viser ein svak negativ effekt på sannsynet for å vere i arbeid når kvinna får fleire barn, kontrollert for andre variablar.


Svaret på hypotesen er at det er skilnad mellom nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakvinner. Sannsynet for å delta i arbeidslivet vert større for norske kvinner dess fleire barn dei har, medan sannsynet vert redusert for ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakvinner på kvalifiseringstiltak. For ikkje-vestlege innvandrarakvinner som har delteke på andre tiltak, er det ingen skilnad mellom kjønna, men effekten av barn på sannsynet for å vere i arbeid er negativ. Denne effekten er gjennomgåande for alle modellane, og den er det også når ein kontrollerar for kontantstøtte eller einsleg forsørgarstønad.

Den andre delen av hypotesen seier at sannsynet for at kvinner deltek i arbeidslivet vert mindre dersom kvinna har ein partner. Av tabellen ser ein at hovudeffekten av sivilstand på sannsynet for å vere i arbeid berre er signifikant for nordmenn. For ikkje-vestlege innvandrarakvinner tyder det at sivilstand ikkje er ein forklaringsfaktor for om dei deltek i arbeidslivet. For nordmenn er effekten moderat. For kvinnene som ikkje har partner, viser utrekningar at når ein held alle andre variablar konstante, estimerer modellen at 64,1 prosent deltek i arbeid. Når kvinnene går frå å ikkje ha partner til å ha partner, aukar dette sannsynet til 69,2 prosent. Samspelseffektane mellom kjønn og tiltak gjer at desse resultatane ikkje gjeld for norske kvinner som har delteke på avklaringstiltak og for ikkje-vestlege kvinner som har delteke på kvalifiseringstiltak. For norske kvinner på avklaringstiltak estimerer modellen, alle andre variablar konstant, at 23,6 prosent av kvinnene utan partner deltek i arbeidslivet etter seks månader, medan 28 prosent av kvinnene *med* partner deltek. Her ser ein altså ein svak, positiv effekt av å ha partner. For ikkje-vestlege kvinner på kvalifiseringstiltak, er sannsynet for å delta i arbeidslivet når ein ikkje har partner 40,5 prosent. Når ein har partner, aukar dette sannsynet til 43,9 prosent. Dette er når alle andre variablar vert halde konstante. Det er altså ein svak, positiv effekt av det å ha partner på sannsynet for å arbeide når ikkje-vestlege kvinner har delteke på kvalifiseringstiltak.

Konklusjonen av sivilstand sin påverkan på deltaking i arbeidslivet er at sivilstand ikkje påverkar ikkje-vestlege innvandrarakvinner sitt sannsynet for å kome i arbeid, utanom for personar som har delteke på kvalifiseringstiltak. For desse personane ser ein at sannsynet for å delta er noko større dersom ein har partner. For nordmenn påverkar sivilstand sannsynet for å arbeide positivt, men svært svakt. Hypotesen som seier at å ha partner reduserar sannsynet for å stå i arbeid, vert avvist for begge gruppene.

## Aldersfaktoren

Den tredje hypotesen i teorien seier at *dess eldre ein er, dess mindre er sannsynet for at ein deltek i arbeidslivet*. Eg studerer aldersvariabelen for å vurdere denne hypotesen. For begge gruppene finn eg ein signifikant effekt. For begge gruppene er effekten svakt negativ, men den er noko større for ikkje-vestlege innvandrarar. For kvar einings auke i aldersvariabelen, alle andre variablar konstant, vert oddsraten for å arbeide redusert med nesten tolv prosent. For nordmenn vert oddsraten redusert med 5,5 prosent. Funna er i tråd med hypotesen, men det er likevel ein interessant samanheng. Ein ville kanskje vente at sannsynet for å vere i arbeid aukar til ein når ein viss alder, for så å verte redusert når ein nærmar seg pensjonsalder, og for innvandrarar tidlegare enn for nordmenn, slik tidlegare forskning har vist (NOU 2016:7, 2016, p. 193). Her er det spanande å sjå om ein kan finne skilnader i effekten mellom etniske grupper, særleg mellom nordmenn og innvandrarar. Under er ei grafisk framstilling som syner det estimerte sannsynet for å vere i arbeid avhengig av alder og utdanning, først for nordmenn, og så for ikkje-vestlege innvandrarar.




Figur 5

Aldersgruppering: 0 = alder < 20, 1 = alder 20-29, 2 = alder 30-39, 3 = alder 40-49, 4 = alder 50-59, 5 = alder  $\geq$  60.



For nordmenn ser ein at sannsynet for å arbeide vert svakt redusert for dei tre øvste utdanningsnivåa, medan det for grunnskuleutdanna personar ikkje endrar seg med alderen. Det kan ha å gjere med at mange av desse er i låglønte yrke, og difor ikkje har råd til å slutte å arbeide tidlegare. Under, i figur 6, ser ein tilsvarende graf for ikkje-vestlege innvandrarar.



Figur 6

Aldersgruppering: 0 = alder < 20, 1 = alder 20-29, 2 = alder 30-39, 3 = alder 40-49, 4 = alder 50-59, 5 = alder  $\geq$

For ikkje-vestlege innvandrarar er biletet nokså annleis enn det er for nordmenn. Her ser ein ein mykje sterkare samla effekt på sannsynet for å delta i arbeidslivet når ein ser på utdanning og alder samstundes. For alle utdanningsnivåa vert sannsynet for å delta i arbeidslivet redusert ved aukande alder. Den aller største reduksjonen finn ein for dei med høgare grads universitet- og høgstoleutdanning

Konklusjonen er at hypotesen får støtte i empirien. Med aukande alder vert sannsynet for å delta i arbeidslivet svakt redusert for begge grupper.

## Drøfting

I den første modellen får to av hypotesane støtte, og den tredje vert delvis avvist. Å ha partner reduserer ikkje sannsynet for å vere i arbeid for nokon av gruppene. Når det gjeld om born har ein negativ effekt på sannsynet for å vere i arbeid, finn eg at for nordmenn er det det motsette som er tilfellet. Det mest interessante funnet her var kanskje at det ikkje er nokon skilnad mellom kjønna på om born påverkar ikkje-vestlege innvandrarak sitt sannsyn for å arbeide, bortsett frå for dei som har delteke på kvalifiseringstiltak. For ikkje-vestlege kvinner som har delteke på kvalifiseringstiltak vert sannsynet for å arbeide mindre dess fleire born ho har.

Resultata viser også andre samanhengar enn eg har tala om så langt. Ein av dei sterkaste samanhengane er den negative samanhengen mellom tiltak og arbeid. At desse effektane er negative reflektere at tiltaket *tilskot til lønsutgifter* er referansekategori, og dette er det tiltaket som har den sterkaste positive effekten av tiltaka på sannsynet for å kome i arbeid. Etter tilskot til lønsutgifter er det kvalifiseringstiltak som har den største hovudeffekten av tiltaka på sannsynet for å kome i arbeid. Avklaringstiltak har den minste hovudeffekten av tiltaka. Tabell 9 viser effektane av tiltak og kjønn for begge gruppene. Fordi tilskot til lønsutgifter er referansekategori, finn ein ikkje effektane for dette tiltaket.

Estimert sannsyn for å kome i arbeid				
	Nordmenn		Ikkje-vestlege	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Tilskot til lønsutgifter</b>	X	X	X	X
<b>Arbeidsutprøving</b>	38,30 %	34,60 %	47,5 %	46,00 %
<b>Kvalifiseringstiltak</b>	40,80 %	36,90 %	40,5 %	42,90 %
<b>Oppfølgingstiltak</b>	35,20 %	31,60 %	38,9 %	37,50 %
<b>Avklaringstiltak</b>	23,60 %	19,10 %	26,3 %	25,20 %

Tabell 9

Tabell 9 viser at arbeidsutprøving er det tiltaket som gjev størst positiv effekt på sannsynet for at ikkje vestlege kvinnelege innvandrarak kjem i arbeid. Tiltaket som gjev minst effekt er avklaringstiltak. Det er ingen spesielt store skilnader mellom sannsynet for at ein kjem i arbeid etter deltaking på tiltaka, bortsett frå at avklaringstiltak gjennomgåande fører til lågare sannsyn for å kome i arbeid.

Modell éin viser ein sterk samanheng mellom utdanning og arbeid, kontrollert for dei andre variablane i modellen. Her ser vi ein stor skilnad mellom gruppene. Nordmenn har

stadig større sannsyn for å vere i arbeid etter stigande utdanningsnivå. Denne effekten er mykje svakare for ikkje-vestlege innvandrarakar.

#### 8.4.4 Modell tre: generell og spesifikk kompetanseheving

Skiljet mellom generell og spesifikk kompetanseheving dreier seg om kva for type kompetanse personane treng for å kome i arbeid. Hypotesen modell tre skal teste har ordlyden *dess meir spesifikk opplæringa i tiltaket er, dess meir truleg er det at personen kjem i arbeid*. Når ein ser på hovudeffekten av tiltaket, ser ein at denne hypotesen får støtte frå empirien. Oddsraten for å kome i arbeid aukar med nesten 60 prosent når ein går frå generell til spesifikk kompetanseheving for nordmenn, og 55 prosent for ikkje-vestlege innvandrarakar, kontrollert for andre variablar. Av resultatane ser ein at det er eit signifikant samspel mellom tiltaket og kjønn for begge gruppene. I tabell 10 under er sannsynet for kome i arbeid rekna ut for begge gruppene og begge kjønn, når eg held alle andre variablar konstante.

Estimert sannsyn for å vere i arbeid				
	Nordmenn		Ikkje-vestlege	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Generelle tiltak</b>	33,70 %	28,00 %	62,20 %	63,00 %
<b>Spesifikke tiltak</b>	38,50 %	38,40 %	77,90 %	72,60 %

Tabell 10

Av tabell 10 ser ein at sannsynet for å vere i arbeid generelt er mykje større for ikkje-vestlege innvandrarakar. Generelt estimerer modellen også at spesifikke tiltak aukar sannsynet for å kome i arbeid med om lag ti prosent for begge gruppene, samanlikna med generelle tiltak. Hypotesen får støtte i empirien. Dette har implikasjonar for dei tre andre hypotesane innanfor teorien om humankapital. Dei predikerer sannsynet for at ulike grupper vel å delta på spesifikke eller generelle tiltak. Dersom det viser seg at somme grupper tenderar til å velje spesifikke tiltak, vil også desse gruppene ha større sannsyn for å kome i arbeid.

#### Drøfting

Resultata frå modellen er elles at tre av innvandringsårsakene ikkje får signifikante resultat. Dei to resultatane som *er* signifikante, har positive effekter på sannsynet for å kome i arbeid. Som i modell éin, har innvandrarakar som kjem til Noreg på grunn av utdanning mykje større sjanse for å kome i arbeid, kontrollert for dei andre variablane. Kjønn har ein positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid, men effekten er mykje større for nordmenn enn for ikkje-

vestlege innvandrarak. Som i modell ein ser ein her at utdanning har positiv p averknad p  sannsynet for   kome i arbeid, og at denne effekten er mykje st rre for nordmenn enn for ikkje-vestlege innvandrarak. Alder har ogs a i denne modellen negativ p averknad p  sannsynet for   kome i arbeid, og effekten er st rst for innvandrarakne. Introduksjonsprogrammet har ein negativ effekt p  sannsynet for   kome i arbeid, og det same har barn for ikkje-vestlege innvadrarak. For nordmenn er effekten av barn marginalt positiv. For begge gruppene har velferdsytingar moderate negative effekter p  sannsynet for   kome i arbeid, medan det   ha partner har ein positiv effekt for begge gruppene.

#### 8.4.5 Modell fire: indirekte og direkte tiltak

Den fjerde modellen skal predikere kva som avgjer om folk deltek p  indirekte eller direkte tiltak. Hypotesen som modellen skal svare p  har ordlyden *dess meir direkte tiltaka er, dess st rre er sannsynet for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid*. Finn denne hypotesen st tte i empirien? Tabellen viser at det er signifikant hovudeffekt og samspelseffekt. Hovudeffekten er positiv, og kontrollert for andre variablar aukar oddsraten med 55 og 60 prosent n r ein g r fr  indirekte til direkte tiltak i modellen, for h vesvis ikkje-vestlege innvandrarak og nordmenn. Samspelseffekten er derimot negativ. Tabell 11 under viser sannsynet for   kome i arbeid for begge grupper og begge kj nn for dei to ulike tiltakstypene.

Estimert sannsyn for � vere i arbeid				
	Nordmenn		Ikkje-vestlege	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Indirekte tiltak</b>	38,50 %	38,40 %	54,80 %	52,30 %
<b>Direkte tiltak</b>	33,70 %	28,10 %	48,60 %	41,40 %

Tabell 11

Vi ser fr  tabell 11 at hypotesen om at direkte tiltak har st rst positiv p averknad p  sannsynet for   kome i arbeid ikkje f r st tte i empirien. For begge grupper har indirekte tiltak st rre positiv p averknad, og effekten er st rst for ikkje-vestlege innvandrarak. Vi ser ogs a at ikkje-vestlege kvinner er dei som har st rst effekt av begge tiltaka.

#### Dr fting

I modell fire er ikkje hovudeffekten av kj nn signifikant for nordmenn, noko som tyder at kj nn ikkje er ein forklaringsfaktor for om nordmenn kjem i arbeid eller ikkje i denne

modellen. Hovudeffekten av kjønn er svakt positiv for ikkje-vestlege innvandrarakar, som tyder at kvinner har større sannsyn for å kome i arbeid enn menn, kontrollert for andre variablar.

Resultata elles følger det same mønsteret som for modell ein og tre. Utdanning har positive effekter på sannsynet for å kome i arbeid, og er absolutt sterkast for nordmenn. Velferdsytingar har negative effekter på sannsynet for å kome i arbeid, og det same gjeld introduksjonsstønad. Det er berre innvandringsårsakene *utdanning* og *arbeid* som er signifikante, og utdanning har også i denne modellen mykje større positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid enn arbeid har. Å ha ein partner gjev positiv effekt på sannsynet for å vere i arbeid for begge grupper, men er størst for nordmenn. Alder har negativ effekt på sannsynet for å kome i arbeid. Som i dei tidlegare modellane er det skilnad mellom gruppene på om born har positiv eller negativ effekt på sannsynet for å delta i arbeidslivet. Den er positiv for nordmenn, og negativ for ikkje-vestlege innvandrarakar. Det er viktig å sjå at denne effekten går saman med den negative effekten av kjønn for ikkje-vestlege innvandrarakar. Det tyder at sannsynet for å vere i arbeid når ein har born er mindre for kvinner enn for menn.

#### 8.4.6 Modell fem: automatiske og ikkje-automatiske tiltak

Denne modellen skal teste om sannsynet for å kome i arbeid vert påverka av om tiltaket er automatisk eller ikkje. Dimensjonen kjem frå teorien om policy-verktøy, og fortel om tiltaka går gjennom eksisterande system eller ikkje. Hypotesen som modellen skal vurdere er denne: *dess meir automatisk eit policy-verktøy er, dess mindre er sjansen for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid*. Hovudeffekten av tiltaket er at automatiske tiltak har positiv påverknad på sannsynet for å kome i arbeid for begge grupper. Samspelseffekten mellom kjønn og tiltaket er signifikant og negativ. I tabell 12 viser sannsynet for å kome i arbeid etter deltaking på begge tiltaka for både nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarakar.

Estimert sannsyn for å kome i arbeid				
	Nordmenn		Ikkje-vestlege	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Ikkje-automatiske tiltak</b>	34,60 %	30,20 %	39,00 %	39,10 %
<b>Automatiske tiltak</b>	38,90 %	40,20 %	47,80 %	50,90 %

Tabell 12

Tabell 12 viser at automatiske tiltak gjev størst sannsyn for at ein kjem i arbeid når ein ser på landbakgrunn og kjønn, kontrollert for andre variablar. Hypotesen om at desse tiltaka har mindre effekt enn ikkje-automatiske tiltak vert difor avvist. Det er rundt ti prosent større

sjanse for at personane kjem i arbeid når dei deltek på automatiske tiltak framfor ikkje-automatiske tiltak. Ikkje-vestlege innvandrarak har noko større sannsyn for å kome i arbeid på begge tiltaka, men effekten er nokså lik kjønna imellom.

### Drøfting

I modell fem er hovudeffekten av kjønn signifikant for nordmenn, men ikkje for ikkje-vestlege innvandrarak. Dette er det motsette resultatet som for modell fire. Resultatet viser at hovudeffekten av kjønn tyder at norske kvinner som deltek på automatiske tiltak har større sannsyn for å kome i arbeid enn norske menn. Som dei tidlegare modellane viser også denne modellen at sannsynet for å vere i arbeid vert sterkt påverka av utdanning. Også her er effekten mykje større for nordmenn enn for innvandrarakane. Alder har negativ effekt på sannsynet for å kome i arbeid, og er større for innvandrarak også her. Velferdsytingar og introduksjonsstønad har negative effekter på sannsynet for å kome i arbeid. Om ein har partnar er dette ein faktor som har positiv påverknad på sannsynet for å kome i arbeid, medan sannsynet for å kome i arbeid minkar dess fleire barn ein har dersom ein er ikkje-vestlege innvandrarak. Effekten er ikkje signifikant for nordmenn. Også i denne modellen er det berre innvandringsårsakene *utdanning* og *arbeid* som har signifikant samanheng påverknad på avhengig variabel, og utdanning har desidert størst påverknad.

#### 8.4.7 Modell seks: synlege og ikkje-synlege tiltak

Den siste modellen ser på sannsynet for å kome i arbeid når ein deltek på *synlege* tiltak. Dette er den fjerde og siste dimensjonen innanfor teorien om policy-verktøy. Hypotesen som skal testast er denne: *dess meir synleg eit arbeidsmarknadstiltak er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarak kjem i arbeid*. Hovudeffektane av tiltaket er positive for begge gruppene, men mykje sterkare for nordmenn. Samspelseffektane er negative for begge gruppene, og også her er effekten sterkare for nordmenn. Tabell 13 viser effektane av tiltaket modellen føreseier for sannsynet for arbeid for begge kjønn, for både nordmenn og ikkje-vestlege innvandrarak, kontrollert for andre variablar.

Estimert sannsyn for å kome i arbeid				
	Nordmenn		Ikkje-vestlege	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Ikkje-synlege tiltak</b>	36,70 %	32,30 %	44,10 %	41,70 %
<b>Synlege tiltak</b>	44,80 %	45,20 %	44,10 %	48,60 %

Tabell 13

Tabell 13 viser at hypotesen om at synlege tiltak har størst positiv påverknad på sannsynet for å kome i arbeid vert støtta av empirien for alle grupper med unntak av éi: For ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarak har synlege og ikkje-synlege tiltak like stor påverknad på sannsynet for å kome i arbeid. Skilnaden mellom dei to tiltaka er mellom fem og ti prosent, og tiltaket viser ikkje veldig sterke effektar på sannsynet for å kome i arbeid. Under halvparten av deltakarane kjem i arbeid etter seks månader.

### **Drøfting**

Resultata for denne siste modellen er nokså like dei to føregåande modellane. Ein stor skilnad på denne modellen samanlikna med dei to føregåande modellane er at i modell seks er kjønnsvariabelen signifikant for begge kjønn, den er positiv, og den er sterkare enn i dei andre modellane for begge grupper. Utanom denne skilnaden, viser modellen om lag dei same effektane som føregåande modellar. Utdanning har ein sterk positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid, men er mykje svakare for innvandrarak enn for nordmenn. Alder er svakt, negativt korrelert med sannsynet for å vere i arbeid, og effekten er sterkast for innvandrarak. Dei negative effektane av velferdsytingar og introduksjonsstønad er nokså like som i alle modellane som viser utfall på arbeidsmarknaden. Også i denne modellen aukar sannsynet for å vere i arbeid dersom ein har ein partnar, og effekten er størst for nordmenn. For nordmenn har barn ein svak positiv påverknad på sannsynet for å vere i arbeid, medan det er motsett for ikkje-vestlege innvandrarak. I modell seks er det som i dei andre modellane berre innvandringsårsakene *utdanning* og *arbeid* som viser ein signifikant effekt på sannsynet for å vere i arbeid. Begge effektane er positive, men utdanning har mykje sterkare påverknad enn arbeid.

## **8.5 Resultat frå Heckman-modellane**

To-stegsanalysane vart gjennomført ved den tilpassa Heckman-modellen. Eg lagde fire ordinære modellar, men eg køyrte ein robusthetstest på ein femte modell for å vurdere om modellane eg hadde laga gav valide og forventingsrette resultat.

Oppbygginga av modellane var identiske. I staden for å nytte den multinomiske variabelen *tiltaksgruppe*, som eg hadde omgjort til dikotome variablar som spegla dimensjonar og kompetansehevingstiltak, avgrensa eg datasettet til å berre inkludere personar som hadde delteke på dei to tiltaka som hadde størst oppslutning hos ikkje-vestlege

innvandrara. Årsaken var at sjølv om dei opphavlege diktome variablane var nettopp det, dikotome, bestod dei like fullt av fleire verdiar enn to. Tiltaka med størst oppslutning hos ikkje-vestlege innvandrara var *arbeidspraksis* og *kvalifiseringstiltak*. Eg avgrensa datasettet til tiltaka som var mest brukt av denne gruppa, fordi det er dei eg ser spesielt på i oppgåva.

Resultata av alle dei fem modellane var at ingen av dei hadde ein signifikant seleksjonseffekt. Med eit så stort utval ville ein nesten vente signifikans uansett, så at resultata ikkje viste seleksjonseffekt var uventa. Tidlegare forskning har vist at det kan vere ein seleksjonseffekt ved utvelging til deltaking på arbeidsmarknadstiltak (Hardoy & Zhang, 2013; Kvinge & Djuve, 2006). At effekten ikkje vart påvist tyder ikkje at den ikkje er der. Modellane kan ha vore dårleg spesifiserte, og viktige variablar kan ha vore utelatt.

Ein viktig grunn til at effekten ikkje vart signifikant *kan* vere at instrumentet var for svakt. Å bruke *innvandringsårsak* som instrument var ikkje ideelt, særleg sidan effekten mellom arbeidsinnvandring og arbeid truleg er sterk. Det var det beste instrumentet eg hadde i datasettet, og eg ynskte difor å teste om det fungerte. Ein annan årsak til at effekten uteblei kan vere at min vri på Heckman sin modell, å gjere ein multinom variabel om til dikotomiar, som så vart endra for kvar modell i steg éin, ikkje fungerte. Det er likevel grunn til å tru at dette ikkje er årsaken. Eg utførte ein robustheitstest der eg hadde reelle diktome variablar, og heller ikkje her fekk eg signifikant seleksjonseffekt. På grunnlag av resultata mine må eg leggje til grunn at det *ikkje* er ein seleksjonseffekt.

Sidan eg ikkje har ein signifikant seleksjonseffekt, tolkar eg ikkje resultata frå desse modellane. Årsaken er at steg to i Heckman sin modell er ein OLS. Logistiske regresjonsmodellar er betre eigna for dette datamaterialet, sidan avhengig variabel er dikotom og eg kan kome til å få problem med at OLS predikerer meningslause sannsyn. Når eg ikkje har ein signifikant seleksjonseffekt, tilfører ikkje Heckman-modellane meirverdi til analysen, for OLS-modellar kan gje dårlegare estimat enn logistiske modellar. (Resultata frå Heckman-modellane kan lesaren sjå på minnepenn).

## 8.6 Oppsummering av resultata frå modellane

I tabell 14 er alle hypotesane eg har testa i dette delkapittelet oppsummerte etter teori og om dei fekk støtte frå empirien eller ikkje.



Teori		Hypotese	Støtte i empirien
Norsk velferdsøkonomi	NVØ H <sub>1</sub>	Generøse velferdsordningar aukar insentivet til å stå utanfor arbeidslivet	Støtte
	NVØ H <sub>2</sub>	Kvinner sitt sannsyn for å stå utanfor arbeidslivet aukar dersom kvinna har partner eller omsorgsoppgåver for barn.	Ikkje støtte
	NVØ H <sub>3</sub>	Dess eldre ein er, dess mindre er sannsynet for at ein deltek i arbeidslivet.	Støtte
Humankapital	HK H <sub>1</sub>	Dess meir spesifikk opplæringa i tiltaket er, dess meir truleg er det at personen kjem i arbeid.	Støtte
	HK H <sub>2</sub>	Dess yngre personen er, dess meir truleg er det at tiltaket personen nyttar gjev spesifikk kompetanseheving. Dess eldre personen er, dess meir truleg er det at personen nyttar eit tiltak som gjev generell kompetanseheving.	Støtte
	HK H <sub>3</sub>	Kvinner har færre insentiv enn menn til å velje tiltak som gjev spesifikk kompetanseheving.	Ikkje støtte
	HK H <sub>4</sub>	Dess lågare utdanning ein har, dess større er sannsynet for at ein deltek på tiltak som gjev generell kompetanseheving.	Ikkje støtte
Policy-verktøy	P-V H <sub>1</sub>	Arbeidsmarknadstiltak det ligg makt bak, aukar sannsynet for at folk kjem i arbeid.	Ikkje relevant
	P-V H <sub>2</sub>	Dess meir direkte tiltaka er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.	Ikkje støtte
	P-V H <sub>3</sub>	Dess meir automatisk eit policy-verktøy er, dess mindre er sjansen for at tiltaksbrukarane kjem i arbeid.	Ikkje støtte
	P-V H <sub>4</sub>	Dess meir synleg eit arbeidsmarknadstiltak er, dess større er sannsynet for at tiltaksbrukarar kjem i arbeid.	Støtte, utanom for ikkje-vestlege kvinner som har lik effekt for begge tiltak.

Tabell 14

## 8.7 Kva var det eg lurte på, igjen?

Det er lett å gå seg vill og gløyme kva det er ein *eigentleg* vil undersøkje når ein ynskjer å vise mange samanhengar. Føremålet med analysen var tredelt. For det første ville eg svare på hypotesane. Om hypotesene vert aksepterte eller avviste gjev svar på om teoriane har forklaringskraft i oppgåva. Det er det gjort greie for i den første delen av utgreiingane av resultatane for kvar modell. I den andre delen har eg gjort greie for det andre eg ville ta føre meg, nemleg dei meir generelle mønstra som teikna seg i modellane. For å systematisere funna, og kunne gje eit tydeleg og konkret svar på del to av problemstillinga mi, nemleg *korleis påverker tiltaka sannsynet for at ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakjem i arbeid*, skal eg i dette delkapittelet oppsummere effektane av tiltaka. Alle dei andre variablane er halde konstante. Tabell 15 viser sannsynet for å vere i arbeid seks månader etter deltaking på dei ulike tiltaka.

Estimert sannsyn for å kome i arbeid				
	Nordmenn		Ikkje-vestlege	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Tilskot til lønsutgifter</b>	X	X	X	X
<b>Arbeidsutprøving</b>	38,30 %	34,60 %	47,5 %	46,00 %
<b>Kvalifiseringstiltak</b>	40,80 %	36,90 %	40,5 %	42,90 %
<b>Oppfølgingstiltak</b>	35,20 %	31,60 %	38,9 %	37,50 %
<b>Avklaringstiltak</b>	23,60 %	19,10 %	26,3 %	25,20 %
<b>Generelle tiltak</b>	33,70 %	28,00 %	62,20 %	63,00 %
<b>Spesifikke tiltak</b>	38,50 %	38,40 %	77,90 %	72,60 %
<b>Indirekte tiltak</b>	38,50 %	38,40 %	54,80 %	52,30 %
<b>Direkte tiltak</b>	33,70 %	28,10 %	48,60 %	41,40 %
<b>Ikkje-automatiske tiltak</b>	34,60 %	30,20 %	39,00 %	39,10 %
<b>Automatiske tiltak</b>	38,90 %	40,20 %	47,80 %	50,90 %
<b>Ikkje-synlege tiltak</b>	36,70 %	32,30 %	44,10 %	41,70 %
<b>Synlege tiltak</b>	44,80 %	45,20 %	44,10 %	48,60 %

Tabell 15

Estimert sannsyn i prosent for å kome i arbeid for alle typar tiltak utanom tilskot til lønsutgifter, som er regjeringskategorier.

Tabell 15 viser korleis dei seks ulike modellane føreseier om ein kjem i arbeid eller ikkje etter fullført tiltak. Effekter for tilskot til lønsutgifter er ikkje med sidan dette er ein referansekategori. Det er viktig å hugse på at denne tiltakstypen er den tabell 4 viser har gjeve størst positiv effekt på arbeidsmarknadsdeltaking for utvalet eg studerer.

Når ein ser på ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakar, som er gruppa eg studerer i oppgåva, ser ein at modellane peikar ut arbeidsutprøving, spesifikke tiltak, indirekte tiltak og automatiske tiltak som tiltaka som modellane føreseier vil gje størst positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid, kontrollert for andre variablar. Det er ikkje føresagt nokon skilnad på effekten av synlege og ikkje-synlege tiltak for gruppa. Når ein no ser kva for tiltak modellane føreseier vil gje størst effekt på sannsynet for å kome i arbeid, er det interessant å sjå i kva grad dei ikkje-vestlege kvinnene deltek på desse tiltaka eller ikkje. Det skal eg sjå på i neste delkapittel.

## **8.8 Deltak kvinnene på tiltaka som gjev dei arbeid?**

I kapittel 8.3 viste eg at ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarakar deltek i større grad på somme typar tiltak enn andre. Når eg no har sett på kva for tiltak som faktisk fører til at sannsynet for å kome i arbeid aukar, vert spørsmålet om det er desse tiltaka kvinnene eg studerer deltek på.

Nesten 80 prosent av kvinnene deltok på spesifikke tiltak heller enn generelle. Modellane føreseier at denne typen tiltak gjev større sannsyn for å kome i arbeid enn generelle tiltak.

På dimensjonen om direkte og indirekte tiltak, deltek 79 prosent av kvinnene på indirekte tiltak. Modellane føreseier at sannsynet for å kome i arbeid er noko større dersom ein deltek på desse tiltaka, så det er difor positivt for både kvinnene og samfunnet at storparten av dei ikkje-vestlege kvinnene deltek på indirekte tiltak.

58 prosent av kvinnene deltok på ikkje-automatiske tiltak. Modellane føreseier at *automatiske* tiltak gjev størst positiv effekt på sannsynet for å kome i arbeid, og det er difor desse tiltaka kvinnene bør delta på for å auke sannsynet sitt for å kome i arbeid.

60 prosent av dei ikkje-vestlege kvinnene deltek på synlege tiltak. Modellane føreseier at det ikkje er nokon skilnad på om kvinnene deltek på synlege eller ikkje-synlege tiltak for om dei kjem i arbeid.

38 prosent av kvinnene deltok på arbeidsutprøving, og er såleis det mest populære tiltaket rett etter kvalifiseringstiltak. Prediksjonen frå kapittel 5.3 var at dette tiltaket ikkje ville føre til suksess på arbeidsmarknaden. Arbeidsutprøving er ikkje direkte, noko som aukar sannsynet for at personane kjem i arbeid. Det er automatisk, noko som også aukar sannsynet for suksess på arbeidsmarknaden. At det er eit synleg tiltak spelar inga rolle for sannsynet for å kome i arbeid, sidan modellane viser at effekten mellom synlege og ikkje-synlege tiltak for gruppa er lik. Arbeidsutprøving er eit spesifikt tiltak, som modellane føreseier at aukar

sjansen for å kome i arbeid. Fire av fire element peiker altså mot at arbeidsutprøving skal føre fram til arbeid. Modell éin føreseier også at det er arbeidsutprøving som gjev størst positiv effekt på sannsynet for at kvinnene kjem i arbeid, etter tilskot til lønsutgifter. Her deltek altså den største gruppa av kvinnene på det tiltaket som gjev nest størst sannsyn for å kome i arbeid. På tiltaket som gjev størst sjanse for å føre fram til arbeid, tilskot til lønsutgifter, er det berre tre prosent av kvinnene som deltek på.

37 prosent av kvinnene deltok på kvalifiseringstiltak. Det er ikkje eit direkte tiltak, noko som er positivt for sjansane for å få arbeid i følgje empirien, men det er ikkje automatisk, noko som er negativt. Det er i tillegg både eit synleg tiltak og eit tiltak som gjev spesifikk kompetanseheving. Her er det altså tre av fire element som peikar mot at tiltaket vil auke sannsynet for at kvinnene kjem i arbeid.

Av tiltaka ikkje-vestlege kvinnelege innvandrarar vel, plasserer dei seg i stor grad på tiltaka som aukar sannsynet for å kome i arbeid. Likevel viser datamaterialet at berre 35,4 prosent av desse kvinnene har kome i arbeid seks månader etter fullført tiltak.

## **8.9 Hovudpunkt i kapitlet**

I dette kapitlet har eg gått gjennom kva for tiltak dei ikkje-vestlege kvinnene har delteke på i perioden, og eg har vist kva for tiltak som har ført til at dei har kome i arbeid. Eg har analysert resultatane av modellane, og på bakgrunn av resultatane finne ut om hypotesane eg deduserte frå teoriene vart støtta eller avvist. Eg har særleg teke føre meg korleis modellane predikerer at sannsynet for å kome i arbeid er når ein deltek på dei ulike tiltaka.

I delkapittel 8.6 viste eg kva for hypoteser som har fått støtte og kva for hypoteser som vart avvist. Av hypotesane som predikerte korleis ulike arbeidsmarknadstiltak påverkar sannsynet for å kome i arbeid fekk to av fire relevante hypotesar støtte i empirien. For den eine av desse, at synlege tiltak fører til større sannsyn for å kome i arbeid, såg ein at den fekk støtte frå dei tre andre gruppene (norske kvinner og menn, ikkje-vestlege menn), men gjaldt ikkje for gruppa eg ser på her, nemleg ikkje-vestlege innvandrarar.

Eit viktig resultat frå dette kapitlet er at det viser seg at overvekta av dei ikkje-vestlege kvinnene deltek på dei tiltaka som empirien syner aukar sannsynet for at dei får arbeid.

# 9 Validitet og reliabilitet

*It ain't what you don't know  
that gets you into trouble.  
It's what you know for sure  
that just ain't so.  
Mark Twain*

## 9.1 Introduksjon

Mark Twain er har eit godt poeng når han seier at ein kan hamne i langt større problem ved å naivt gå ut ifrå at det ein ser på som faktum, faktisk stemmer, heller enn å vere uvitande om det ein ikkje veit noko om. I forskinga inneberer dette at ein undersøker grundig stega ein tek, og at ein drar slutningar berre dersom ein er svært sikker på at funna ikkje kan forklarast på andre måtar.

I dette kapitlet skal eg ta føre meg nettopp det ein lett kan ta for gitt for å vere sant. Sjølv om ein har eit godt forskingsdesign, er det naivt å tru at det ikkje finst rom for forbetringar. Ved å synleggjere desse forbetringspotensiala gjer ein resultata meir truverdige, og ein kan drive forskinga på feltet vidare ved å synleggjere kvar neste forskar bør vere ekstra oppmerksom på moglege problem. Dette kapitlet skal difor ta føre seg spørsmålet om modellane er robuste. Vert dei påverka av betydningsfulle einingar? Eg går gjennom korleis eg har undersøkt om eg har utfordringar med multikolinearitet og autokorrelasjon, før eg avsluttar kapitlet med å gå gjennom dei to sentrale spørsmåla ved ein studie, nemleg om den er valid og reliabel.

## 9.2 Høver modellane godt til data?

I logistisk regresjon legg ein til grunn at datamaterialet er uavhengig. Sidan mitt utval ikkje er tilfeldig valt ut, held ikkje denne føresetnaden. Ein konsekvens av at denne føresetnaden ikkje er oppfylt er at standardfeilane kan verte feilestimerte (Christophersen, 2013, p. 145).

Alle modellane eg har undersøkt er logistiske regresjonsmodellar i hierarkisk struktur. Dette inneberer at variablane vert lagt til regresjonen stegvis, og på den måten kan ein sjå om forklaringskrafta til modellane endrar seg når ein legg til nye variablar. Det finst fleire måtar å vurdere om ein modell høver godt til data, og eg undersøker klassifiseringstabellar, Omnibus-testar og Hosmer-Lemeshow-testen.

I modell éin byrja eg med å sjå på klassifiseringstabellane for å vurdere spesifisiteten til modellen. Den første modellen, nullmodellen, predikerte riktige verdiar for avhengig variabel i 59,1 prosent av tilfella i modellen for nordmenn, og 63,5 prosent for ikkje-vestlege innvandarar. Den komplette modellen har noko større prediksjonskraft enn nullmodellen, høvesvis 62,9 prosent og 65,3 prosent. Dette er akseptabel prediksjonskraft, gitt dei komplekse modellane eg har. Omnibus-testen er signifikant, som indikerer at modellane høver godt til data. Hosmer-Lemeshow-testen viser signifikant kjikvadrat i alle stega av modellen for nordmenn, noko som indikerer at modellen er feilspesifisert. Hosmer-Lemeshow er ein streng test, men sett i samanheng med prediksjonskraft på 63,2 prosent, som ikkje er særleg høgt, kan eg vere nokså sikker på at det er ein eller fleire variablar som har stor påverknad på utfallet som ikkje er med i modellen. For ikkje-vestlege innvandarar er Hosmer-Lemeshow-testen signifikant på 1 prosent-nivå i det siste steget. Det indikerer at modellen gjev betre forklaringskraft til modellen for ikkje-vestlege innvandarar enn modellen for nordmenn.

I modell to predikerer modellen riktig i 67 prosent av tilfella, noko som er eit akseptabelt nivå innanfor denne typen forskning, der det finst svært mange variablar som kan spele inn. Omnibus-testen er signifikant, som indikerer at modellen høver til data. Hosmer-Lemeshow-testen er også signifikant, noko som indikerer at modellen *ikkje* er riktig spesifisert. Som diskutert i førre delkapittel, er denne testen konservativ, og vil difor heller akseptere ei nullhypotese som er feil heller enn å akseptere ei alternativ hypotese som er feil. Modellen ser ut til å predikere på akseptabelt nivå.

Modell tre følgjer det same mønsteret som dei to føregåande med ikkje-signifikante Hosmer-Lemeshow-testar, og kjikvadrat som vert signifikante i Omnibus-testane. Sensitiviteten, altså kor godt modellen predikerer korrekte, positive verdiar, stig frå 63,5 prosent i nullmodellen til 63,8 prosent i den komplette modellen for ikkje-vestlege innvandarar. For nordmenn er tala 59,1 og 60,4. Dette er ikkje spesielt imponerende, men heller ikkje så dårleg at modellen ikkje kan nyttast. Men det indikerer tydeleg at eg har uteletne variablar som har stor forklaringskraft.

Klassifiseringstabellane viser at modell fire predikerte riktig utfall på avhengig variabel i 63,5 prosent av tilfella i nullmodellen for ikkje-vestlege innvandarar, og i den komplette modellen har dette stige til 63,8 prosent. For nordmenn er tala høvesvis 59,1 og 63,8. Dette er ein akseptabel verdi og ei god modellforbetring, og saman med signifikant Omnibus-test indikerer dette at modellen høver relativt godt til data. Som tidlegare er ikkje

den konservative Hosmer-Lemeshow-testen signifikant, så det er framleis ein veg å gå for å få ein verkeleg god modell med tilsvarande god prediksjonskraft.

Modell fem har som dei tidlegare testane signifikante Hosmer-Lemeshow-testar, og Omnibus-testane viser signifikante kjikvadrat. Desse to testane peiker altså i to ulike retningar når det kjem til spørsmålet om modellen er godt spesifisert. Når det gjeld resultata frå klassifiseringstabellane, har forklaringskrafta auka frå 63,5 prosent i nullmodellen til 63,8 prosent for ikkje-vestlege innvandrarakar i den komplette modellen. For nordmenn er tala høvesvis 59,1 og 61. Dette indikerer, som i modell tre, at det er ein veg igjen å gå for å få ein god modell.

Den siste modellen, modell seks, har også signifikante Hosmer-Lemeshow-testar og signifikante kjikvadrat i Omnibus-testane. Sensitiviteten auka frå 63,5 prosent i nullmodellen til 63,8 prosent i den komplette modellen for ikkje-vestlege innvandrarakar. For nordmenn er desse tala høvesvis 59,1 og 61. Det er heilt openbart frå alle modellane at det er viktige variablar som er utelate. Modellane kan framleis brukast, då dei er innanfor eit akseptabelt nivå, men dei kan ikkje predikere så sikkert som ein skulle ynskje. Sjå vedlegg H for desse resultata.

### **9.3 Ekstreme verdiar og uteliggjarar**

Ekstreme verdiar eller uteliggjarar kan påverke både styrken og retninga til variabelkoeffisientane. Ei eining definerast som uteliggjar når den avviker to eller tre standardavvik frå gjennomsnittet til ein variabel, avhengig av kor ein set grensa. For at ei eining skal definerast som ekstrem må den ha eit enno større avvik enn dette (Christophersen, 2013, p. 78).

Dess større eit utval er, dess mindre påverknad har eventuelle ekstremverdiar eller uteliggjarar. I store utval kan ein vente å finne verdiar som får uvanleg stor verdi, utan at dette treng å tyde at dei er uteliggjarar eller ekstreme.

Mitt utval hadde 246 650 observasjonar, og sidan utvalet var så stort, gav det ikkje stor meining å undersøkje univariate eller bivariate uteliggjarar. Univariate uteliggjarar er einingar som har avvikande verdi på éin variabel. Bivariate uteliggjarar, har, som namnet indikerer, einingar med avvikande verdi på to variablar. Det gjev ikkje særleg meining i å undersøkje slike uteliggjarar fordi ein i store utval nettopp venter at somme verdiar har uvanleg stor verdi, utan at dette treng å vere avvikarar. Eg valde difor å berre undersøkje multivariate uteliggjarar. Slike uteliggjarar har avvikande verdiar på meir enn éin variabel, og

kan i større grad enn uni- og bivariate uteliggjarar fortelle om avhengig variabel i uforholdsmessig stor grad vert påverka av einingane.

For å identifisere ekstremverdiar rekna eg ut mahalanobis' d for alle variablane. For å inkludere manglande verdiar erstatta eg dei med gjennomsnitt i utrekninga. Eg har elleve fridomsgrader, fordi eg har elleve uavhengige variablar i regresjonen. Mahalanobis d-verdiane indikerte at eg hadde ein del uteliggjarar, men for å verte tryggare på at dette var riktig samanlikna eg dei med ei kjikvadratfordeling av utvalet med dei same fridomsgradene som i utrekninga av mahalanobis' d, altså elleve. Når eg samanlikna desse verdiane, og nytta 0,001 som signifikansnivå, fann eg at 9491 observasjonar var å rekne som uteliggjarar eller ekstremverdiar. Dette utgjorde 3,85 % av utvalet. Eg fjerna først desse observasjonane, og vurderte så det nye datasettet. Fjerninga av uteliggjarane fjerna også all variasjon på variablane *einsleg forsørgjarstønad*, *introduksjonsstønad* og *kontantstøtte*. Sidan dette var sentrale variablar for analysane, ville eg ikkje fjerne desse observasjonane. Det ville fjerna forklaringsvariablar som potensielt var viktige, og ville gjort det umogleg å svare på fleire av hypotesane.

Eg rekna ut mahalanobis' d og kjikvadratfordelinga for datasettet, men utelèt dei tre variablane over. Eg fekk då 103 verdiar som vart identifisert av kjikvadratfordelinga som uteliggjarar. Dette utgjorde 0,04 prosent av utvalet. d-verdiane viste at desse verdiane ikkje skilte seg markant frå dei som låg utanfor signifikansområdet. Dette gjorde det vanskeleg å avgjere om det faktisk var uteliggjarar eller ikkje.

Når eg fjerna dei 103 observasjonane frå datasettet, og så køyrte frekvensanalyser, fekk eg full variasjon på alle variablar. I hovudanalysen fjerna eg difor desse observasjonane. For å teste om dei fjerna observasjonane dreiv resultata testa eg modell 2 *med* desse observasjonane for å teste kor robuste modellen er. Dette vil også indikere om dei utelatne einingane driv resultata eller ikkje. Resultatet frå denne testen var at modellen der uteliggjarar var ekskludert hadde lik forklaringskraft som modellen der uteliggjarane var inkludert. Eg konkluderer med at å ekskludere uteliggjarande ikkje har endra forklaringskrafta til modellen, og var såleis eit riktig metodisk val. Tabellar frå robustheitstesten finst i vedlegg A.

## 9.4 Multikolaritet

Når to eller fleire uavhengige variablar korrelerar sterkt med kvarandre får ein problem med *multikolaritet*. Konsekvensen av multikolaritet er at estimata vert unøyaktige, det er



vanskeleg å få signifikante resultat, og variansen til regresjonskoeffisienten vert stor (Christophersen, 2013, p. 77). For å vurdere multikolaritet undersøkte eg bivariate korrelasjonar mellom alle uavhengige variablar, der manglande verdiar var utelate listevis. Med grenseverdi på 0,7, er det berre éin korrelasjon som er urovekkjande, nemleg korrelasjonen mellom innvandringsårsak og fødeland. Det kan tenkjast at det er eit samspel mellom desse to. Det vart teke med eit samspeledd i modellane for å kontrollere for ein slik, eventuell effekt.

Eg undersøkte også variansinflasjonsfaktoren (VIF-verdiane) til alle variablane. VIF-verdien fortel kor mykje av variansen til koeffisientestimatet som skuldast multikolaritet. VIF-verdiar over 4 bør undersøkjast for multikolaritet, men den høgste VIF-verdien er 3,007. Analysen indikerer at eg ikkje har problem med multikolaritet. Tabellar for korrelasjonsanalysane og VIF finst i vedlegg C.

## **9.5 Autokorrelasjon**

Ein har autokorrelasjon når verdiane til ein variabel er avhengig av verdiane variabelen hadde på eit tidlegare tidspunkt. Dette er eit problem som naturleg nok er mest relevant når ein har tidsseriedata. Eg har tverrsnittsdatta, og det er difor lite truleg at autokorrelasjon vert eit problem. Når restledd korrelerar, indikerer det autokorrelasjon (Christophersen, 2013, p. 78). For å vurdere autokorrelasjon har eg gjort Durbin-Watson-testen for alle variablane. Ein d-verdi nært to indikerer ingen autokorrelasjon. I mitt tilfelle vert d-verdien 1,599, noko som tyder at eg truleg ikkje har eit problem med autokorrelasjon. Tabell for Durbin-Watson-testen er i vedlegg D.

## **9.6 Validitet**

Validitet dreier seg om ein kan trekkje gyldige slutningar frå det ein har sett seg føre å analysere (Bryman, 2012, p. 47). Er resultatata gyldige for utvalet ein ser på, og er dei kanskje gyldige for andre utval og i andre situasjonar også? Når ein vurderer validiteten i ein studie, kan ein finne svara på desse spørsmåla. Det finst mange ulike former for validitet, og eg skal ta føre meg dei tre av dei mest kjende og brukte, nemleg intern og ekstern validitet og definisjonsvaliditet.

### **9.6.1 Indre validitet**

Den indre validiteten fortel om resultatene er gyldige for utvalet ein undersøker, og meir konkret om ein kan dra kausale slutningar frå resultatene (Bryman, 2012, p. 47). Dersom ein finn at ein variabel  $x$  påverkar ein annan  $y$ , kan ein då vere sikker på at effekten faktisk skuldast variabel  $x$ , eller kan resultatene kanskje skuldast ein variabel som ikkje ein gong er med i analysen?

Når ein nyttar kvantitative metodar, er det lett å vise til at ein eller fleire uavhengige variablar har effekt på avhengig variabel. Dette er også tilfellet i denne oppgåva, men tyder det at ein kan hevde at det er kausale samanhengar mellom variablane? Eg kan ikkje vere sikker på at eg ikkje har utelate variablar som påverkar utfallet, sjølv om eg har inkludert alle variablar eg av teoretiske og empiriske årsaker vurderer som relevante. Ein har også sjeldan tilgang til alle relevante variablar, og kan difor ikkje undersøke om ein har utelate ein forklaringsvariabel. I denne oppgåva hadde eg eit ynskje om å få ein variabel som fortalte om norskkunnskapane til personane i utvalet, men fordi SSB og NAV ikkje har data på dette, er denne utelate. At ein språkvariabel, eller andre variablar, er utelate, kan føre til eit utelate variabel-problem. Ein bør altså vere forsiktig med å trekkje kausale slutningar, og eg vil heller ikkje gjere det i denne oppgåva. Det er viktig å understreke at resultatene like fullt kan vere valide, og at dei fortel om samanhengar mellom variablar. Det treng berre ikkje å vere snakk om kausalsamanhengar.

I analysen av den første modellen finst det eit døme på at ein bør vere forsiktig med å dra slutningar ved berre å sjå på nokre få resultat. I tabellen over resultatene verka det som at hypotesen om at det er mindre sannsynleg at ein deltek i arbeidslivet dess eldre ein er, skulle få støtte av empirien, for logiten oddsraten til variabelen indikerte det. Når eg deretter såg på variabelen i samanheng med fødeland og kjønn, var biletet plutsleg eit heilt anna. Dette fortel at ein er nøydd til å sjå nærare på resultatene før ein dreg endelege konklusjonar.

Kva er konklusjonen, har studien høg indre validitet? I vurderinga om modellane høver til data, konkluderte eg med at modellane var akseptable, men at det var eit stykke att å gå for å få modellar med god og påliteleg prediksjonskraft. Å trekkje slutningar frå resultat der modellane ikkje er godt spesifiserte er ikkje tilrådeleg. Ein kan då kome til å trekkje ikkje-valide slutningar.

Noko anna som trekk ned den interne validiteten er at eg har eit trunkert utval. Eg har ikkje data på heile arbeidsstokken i tidsrommet eg ser på, men på ein avgrensa del av populasjonen. Denne delen av populasjonen er heller ikkje vald tilfeldig. Når eg ikkje veit kva som kjenneteiknar den delen av populasjonen eg *ikkje* har data på, kan eg ikkje vite om

det er eigenskaper ved personane i det andre utvalet eg burde ha teke omsyn til. Dersom eg freistar å dra slutningar frå utvalet mitt, kan eg risikere at slutningane vert ikkje-valide.

Ein siste faktor som trekk ned den indre validiteten er at eg er usikker på om det fins ein seleksjon til tiltaka. Mine modellar avviste seleksjonseffekten, men det kan ha vore fordi modellen var dårleg spesifisert. Eg visste på førehand at instrumentet eg nytta ikkje var ideelt, og dette kan vere årsaken til at eg ikkje fekk signifikante seleksjonseffektar. Dersom det faktisk *er* ein seleksjon til tiltaka, og ein ikkje får kontrollert for det, vil ikkje slutningane ein dreg frå analysen vere valide.

### 9.6.2 Ytre validitet

Dersom den ytre validiteten er høg, tyder det at ein kan generalisere resultata frå eitt utval til andre utval (Bryman, 2012, p. 47). Er konklusjonane gyldige for andre utval og i andre situasjonar også? I denne samanhengen vert spørsmålet om mine resultat kan generaliserast til den større populasjonen av personar på arbeidsmarknadstiltak i Noreg.

Den ytre validiteten i studien vurderast som låg. Analysane av dei manglande verdiane i datamaterialet indikerer at åtte av variablane har manglande verdiar som ikkje er tilfeldige (NMAR). Når manglande verdiar har systematiske årsaker, vert ikkje materialet representativt for andre utval (Christophersen, 2013, p. 81). Det er likevel vanskeleg å *endeleg* slå fast årsakene til manglande verdiar. Eg vil difor vurdere andre faktorar som kan påverke den ytre validiteten i studien også.

Dersom denne studien *har* representative data, kan ein generalisere resultata til utval som studerast *etter* at arbeidsavklaringspengeordninga vart innført i 2010, men ikkje før. Arbeidsmarknadstiltaka vart endra som følge av innføringa av ordninga, og er i dag meir arbeidsretta enn tidlegare. Ein kan heller ikkje utan vidare generalisere funna til utval der arbeidsmarknadsstatus er registrert på andre tidspunkt enn etter seks månader. Ein kan heller ikkje generalisere funna til å gjelde utval utanfor Noreg. Velferdsordningane og integreringstiltaka som finst i Noreg er baserte på prinsippa om velferdsstaten, integreringsmodellen og arbeidslinja, og kan difor ikkje overførast til andre statar der desse prinsippa ikkje gjeld. Dessutan er oppbygginga av system, som ordninga for integrering av innvandrarak eller stønadssystemet, utforma på bakgrunn av nasjonal politikk, økonomi og ein indre logikk i systema. Dersom ein freistar å generalisere funn frå slike system *over* landegrensar, kan ein risikere at dei ikkje er valide, utan at ein heilt kan finne eksakte årsaker til det.

### 9.6.3 Målevaliditet

Målevaliditet svarar på om det er samsvar mellom indikator og fenomenet ein ynskjer å undersøkje (Bryman, 2012, p. 47). Er operasjonaliseringane av fenomenene gode? I datasettet er det fleire variablar som med fordel kunne vore betre operasjonalisert, og eg skal no ta føre meg kvar og ein av dei.

Variabelen einsleg forsørgjarstønad vart levert av NAV, og variabelen skil ikkje mellom ytingane i ordninga. Variabelen er dikotom, og fortel berre om ein person har motteke stønad eller ikkje. Utfordringa med dette er at under paraplyen einsleg forsørgjarstønad finst fleire stønader. Ein har i ordninga eit spenn på årlege utbetalingar frå nokre tusen kroner til 2,25 G (NAV, 2017c). Det vil altså utgjere stor skilnad for dei økonomiske insentiva til å arbeide om ein er i det nedre eller øvre sjiktet innanfor denne ordninga. Validiteten til studien vert noko redusert ved at variabelen er upresist operasjonalisert.

Ein annan variabel som er levert av NAV, og som også er ein dikotomi trass i eit internt spenn, er kontantstøtte. Dersom ein har kontantstøtte, kan ein velje mellom full utbetaling på 6000 kroner i månaden, eller halvparten dersom ein har gradert støtte. At variabelen ikkje skil mellom full og gradert støtte er uheldig sidan gradert støtte truleg aukar sannsynet for at foreldra, og særleg kvinna (Kvande, 2015, p. 23; Rønsen, 2004, p. 24), er i arbeid. Validiteten til studien vert noko redusert av at operasjonaliseringa av variabelen ikkje tek omsyn til dei ulike nivåa i utbetalingane.

Tiltaksvariabelen fortel kva for tiltak ein person har delteke på. Dersom personen har delteke på *fleire* tiltak i perioden, vert berre det siste tiltaket registrert. Vi veit altså ikkje om personen har delteke på eitt eller kanskje mange tiltak. Målevaliditeten til studien vert redusert på grunn av dette, for definisjonen av variabelen er ikkje eintydig. Definisjonen, altså operasjonaliseringa av variabelen, fangar opp potensielt svært ulike data og kategoriserer dei likt. Det er openbart skilnad på om ein person har vore i tiltakssystemet i mange år og delteke på fleire ulike tiltak, sett opp mot ein person som berre har vore på eitt tiltak, og kanskje berre over ein kort periode. Personar som deltek på fleire tiltak får vonleg meir kompetanse enn om dei berre deltek på eitt tiltak. Samstundes må ein spørje seg om kva det er som gjer at somme personar tek ein sviptur innom tiltakssystemet, medan andre vert verande over lang tid. Er det personlege eigenskapar som gjer at dei har større vanskar med å kome i arbeid? Ein kan også tenkje seg at dess lengre tid det er sidan ein har vore i arbeid,

dess mindre vert håpet om å kome tilbake att. Det hadde styrka validiteten til analysen å kunne undersøkje desse latente variablane.

Den viktigaste reduksjonen i målevaliditeten finn vi når vi ser på utdanningsvariabelen, som er levert av SSB. Variabelen er detaljert kva gjeld kor mange år og kva nivå utdanninga er på, men den skil ikkje mellom om utdanninga er teken i Noreg eller i utlandet. Dette er beklageleg. Forsking viser nemleg at flyktningar som tek utdanninga si i Noreg ofte har uobserverte eigenskapar som aukar sannsynet deira for å lukkast på arbeidsmarknaden, uavhengig av utdanninga dei tek i Noreg (Bratsberg, Raaum, & Røed, 2016). Dersom funna er valide, gjeld dei kanskje for andre grupper enn berre flyktningar. Kanskje finst det ein latent variabel som kan forklare at ein person tek utdanning og kjem i arbeid, og utan å kunne kontrollere for denne effekten kan ein risikerer å overestimere utdanning sin påverknad på sannsynet for å kome i arbeid.

## 9.7 Reliabilitet

Reliabilitet dreier seg om målingane som er gjort i ein studie er konsistente. Kan studien repliserast, er resultata konsistente over tid, og er variablar godt definerte slik at dei ikkje måler fleire ting samstundes (Bryman, 2012, p. 169)? Eg skal no gå gjennom tre mål på reliabilitet, og vurderer korleis reliabiliteten i mi analyse er mot desse måla.

### 9.7.1 Stabilitet i omgrepa

Dersom eit omgrep er stabilt over tid, tyder det at endringar i resultata for ei gruppe kan ikkje tilskrivast endringar i definisjonen av omgrepet. I mi analyse er det tiltakstype som kan ha denne utfordringa. Stabiliteten til omgrepa *tiltak* endrar seg over tid etter kva for tiltak som vert tilbydd. For å hindre at tiltaksgruppene eg analyserer fekk utfordringar ved omgrepsstabiliteten, avgrensa eg utvalet til personar som har delteke på tiltak først etter at arbeidsavklaringsordninga vart introdusert i mars 2010. Innrettinga av tiltaka var mindre retta mot arbeid før ordninga kom i stand, så ved å berre ha data på deltaking på tiltak frå *etter* dette tidspunktet, aukar eg reliabiliteten til studien. Dersom denne studien skulle verte replisert, og tiltakstypene i mellomtida vert endra, vil ein få ei utfordring med å få konsistente resultat.

Eit anna grep som aukar reliabiliteten er inndelinga og analyseringa av tiltakstypar etter dimensjonar og type kompetansehevingstiltak. Dersom tiltakstypene over tid skulle verte endra, vil dei teoretiske inndelingane framleis vere intakte, og ein kan såleis analysere dei

nye tiltaka med det same teoretiske rammeverket, og på den måten analysere det same omgrepet på nytt.

### 9.7.2 Indre reliabilitet

Indre reliabilitet dreier seg kort og godt om ein måler det ein seier ein måler. Er omgrepa godt definerte, eller overlappar dei kvarandre? Er resultatata pålitelege (Bryman, 2012, pp. 169-170)? Ein enkel måte å få eit svar på om ein har god indre reliabilitet er å tenkje seg at ein ber respondentar svare på det same spørsmålet, og vurdere om dei kan gje ulike svar. I mitt tilfelle vil det vere å vurdere om eit spørsmål som kvar ein er født kan gje opphav til ulike tolkingar. Det verkar lite truleg at dette er eit spørsmål som skulle skape forvirring, men eit liknande spørsmål, som "kvar er du frå?" er eit spørsmål som ville fått låg indre reliabilitet. Mange ville ha svart kva for land dei vart født i, medan somme ville truleg svart kva for land dei hadde vakse opp i. Variablane som nyttast i denne analysen er velprøvde og mykje brukte variablar som kjem frå anarkjend offentleg statistikk. Dette gjer dei ikkje ufeilbarlege, men gjev ein større tryggleik for at dei vert vurderte som variablar som gjev reliable og valide resultat. Når det gjeld dei statistiske variablane kan ein vere nokså trygg på at dei gjev reliable resultat. Dei har uttømande kategoriar, og er konkrete og tydelege spørsmål. I tillegg har eg ikkje oppretta indeksar ved å slå saman fleire variablar. Dette er eit typisk tilfelle der ein kan få problem med den indre reliabiliteten, men dette er altså ikkje ei problemstilling i denne oppgåva. Variablane i oppgåva er ikkje uttrykk for eit eller fleire latente aspekt. Eg kan difor ikkje nytte statistiske mål som cronbach's alfa for å undersøkje den interne reliabiliteten.

Fordi eg nyttar tiltaksgrupper som kategoriar for tiltak i dei logistiske regresjonsanalysane, har desse høg grad av indre validitet. Det er NAV som har utført inndelinga, og det er også NAV som har samla inn og kategorisert desse data. Skulle ein forskar seinare gjere eit liknande prosjekt, ville forskaren måtte forholde seg til same type data, og til same inndeling av tiltaksgrupper, om dei då ikkje vert endra med tida. Dei ville uansett vere konsistente i tid, og ein vil kunne gå tilbake og sjå korleis inndelingane var på tidspunktet denne oppgåva er skrive.

I analysane der eg nyttar tiltaksgruppene som analysemateriale, er utfordringa med indre reliabilitet handtert. Inndelingane er gjort på grunnlag av NAV sine skildringar av tiltakstypene, og er deretter kategorisert etter anerkjende teoriar. Fordi inndelingane er gjort etter skriftlege kjelder, er det høgst truleg at ein annan forskar ville ende på den same

kategoriseringa av tiltaka. Inndelinga etter om tiltaka er direkte eller indirekte kan kanskje føre til ulike tolkingar, for kvar grensar går mellom direkte og indirekte tiltak er ikkje heilt tydeleg i teorien. Dersom tiltaket er autorisert og finansiert av ein part, men levert av ein annan, vert den då karakterisert som eit direkte eller indirekte tiltak? Mi vurdering er gjort på grunnlag av om parten som leverer tiltaket får avgjerande påverknad på om personen kjem i arbeid eller ikkje. Har parten avgjerande tyding her, er tiltaket kategorisert som eit indirekte tiltak. Dersom leveringa vert gjort av ein ekstern part, men er straumlinjeforma og lite arbeidsretta, er tiltaket kategorisert som eit direkte tiltak, fordi leverandøren her ikkje har avgjerande tyding for utfallet på arbeidsmarknaden.

### **9.7.3 Ytre reliabilitet**

Har ein studie høg ytre reliabilitet, kan studien repliserast av ein annan forskar og resultata vert like. Det finst fleire trugsmål mot den ytre reliabiliteten. Eit av dei viktigaste trugsmåla er at subjektive vurderingar utgjer grunnlaget for koding av datamaterialet. Dersom fleire forskarar er involvert i kodinga, vert problemet større (Bryman, 2012, p. 169). Er kodinga konsistent, både for den einskilde forskaren, men ikkje minst frå den eine forskaren til den andre?

I dette prosjektet er kodinga av datamaterialet gjort av NAV og SSB. Dersom ein forskar skulle ynskje å replisere studien, ville dei ha fått det same datamaterialet. Her har studien høg grad av ytre reliabilitet. Dei teoretiske vurderingane som ligg til grunn for inndelingane av tiltak i policy-dimensjonar og type kompetansehevingstiltak er gjort på bakgrunn av teoretiske vurderingar, og vedkjem både den interne og eksterne validiteten. At inndelinga er gjort etter skriftlege kjelder, gjer det lett for ein annan forskar å gjere den same inndelinga på nytt. Som nemnt i delkapittel 9.3.2 om indre reliabilitet, er noko subjektiv tolking brukt ved inndelinga etter om tiltaka høyrer til éin policy-dimensjon eller ein annan, og også i korleis inndelinga etter spesifikk og generell kompetanseheving er vurdert. Dette reduserer den eksterne validiteten, for subjektive tolkingar er nettopp det, subjektive. Dei kan altså vere annleis frå person til person. For avgrense dette problemet er inndelinga gjort grundig greie for i delkapittel 5.1.

## **9.8 Hovudpunkt i kapittelet**

I dette kapittelet har eg vist at modellane har eit stykke att å gå for å verte godt spesifiserte og såleis få stor prediksjonskraft. Dei kan likevel nyttast til å vurdere resultata, men det er

openbart at det er nokre variablar som er utelate som har stor forklaringskraft. Det kan også tenkjast at det er ein seleksjonseffekt som eg ikkje har klart å kontrollere for. Eg har også sjekka om modellane er sensitive for uteliggjarar, og undersøkte dette ved å køyre ein robustheitstest. Modellen utan uteliggjarane hadde størst forklaringskraft, og dette tyder på at det var riktig å utelate uteliggjarane i analysane.

Eg avslutta kapittelet med å vurdere om studien har høg validitet og reliabilitet. Eg vurderte indre og ytre validitet i tillegg til målevaliditet. Eg konkluderte med at den indre validiteten mest truleg var låg, og at den ytre validiteten var det. Målevaliditeten har nokre utfordringar, men vurderast som høgare enn dei to andre validitetsmåla. Eg nytta også tre mål for reliabilitet. I vurderinga om omgrepa i studien har stabilitet, konkluderer eg med at dersom innahaldet policy-verktøya endrar deg, vert ikkje omgrepa stabile. Fordi eg har koda og analysert policy-verktøya etter skriftlege kjelder, er desse omgrepa stabile. Den indre reliabiliteten vurderast som god fordi omgrepa er godt definerte. Dei overlappar ikkje, og er klare og tydelege.

Den siste typen reliabilitet eg vurderer er den ytre reliabiliteten, altså om ein anna forskar kan replisere studien og få dei same resultata. Fordi denne forskaren ville ha fått det same datamaterialet, og kodinga av datamaterialet er gjort av SSB og NAV, har studien høg grad av ytre reliabilitet. Kodinga eg har utført er gjort på grunnlag av skriftlege, tilgjengelege kjelder, og det er truleg at ein annan forskar difor ville ha koda det med same resultat. Ein skal likevel vere merksam på at ein kan ha lete subjektive oppfatningar ha påverka ein meir enn ein sjølv er klar over, og at dette reduserer den ytre reliabiliteten til studien.



# 10 Konklusjon

*There is a crack in everything.*

*That's how the light gets in.*

*Leonard Cohen*

## 10.1 Svar på problemstillingane

Denne masteroppgåva har sett på ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara si tilknytning til arbeidslivet. Utgangspunktet for oppgåva er at gruppa er den samfunnsgruppa som står lengst frå arbeidslivet i Noreg. Arbeidslivet er den viktigaste integreringsarenaen norske styresmakter har, og når så mange i denne gruppa ikkje vert integrert der, kan dei verte fanga i utanforskap. Utanforskap fører til sosioøkonomiske problem både for den einskilde og samfunnet som heilskap.

Gjennom tre teoriar og ei kvantitativ analyse av over 200 000 personar som har delteke på arbeidsmarknadstiltak, har eg sett på kva for faktorar som spelar inn for gruppa sin suksess på arbeidsmarknaden. Ved hjelp av teoriane har eg laga eit forskingsprosjekt som skulle gje svar på ei todelt problemstilling. Det første spørsmålet dreier seg om kva for arbeidsmarknadstiltak ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara deltek på. Mine funn viser at meir enn halvparten av dei ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara deltek på tiltaka som modellane utvikla i studien føreseier at gjev størst sjanse for å føre fram til arbeid. Svært få kvinner deltek likevel på det tiltaket som viser størst effekt, nemleg tilskot til lønsutgifter. Storparten av kvinnene deltek på dei to tiltaka som etter tilskot til lønsutgifter gjev størst sjanse for å kome i arbeid, nemleg arbeidsutprøving og kvalifiseringstiltak.

Den andre delen av problemstillinga handlar om korleis deltaking i tiltak verker inn på sannsynet for at kvinnene kjem i arbeid. Datamaterialet viser at 35,4 prosent av kvinnene var i arbeid seks månader etter fullført tiltak. Dette resultatet må sjåast i samanheng med at mange av kvinnene ikkje deltek på dei tiltaka som gjev størst sjanse for å kome i arbeid: Ser ein vekk i frå tilskot til lønstilskot, som berre tre prosent av kvinnene deltek på, er det, avhengig av kva for klassifisering av tiltak ein ser på, mellom tjue til neste seksti prosent av kvinnene som deltek på tiltak som gjev lågare sjanse for å kome i arbeid.

I tillegg til effektane av tiltaka sjølve, er det andre faktorar som påverkar om kvinnene kjem i arbeid. Analysane viste at innvandrara som kjem til Noreg på grunn av utdanning har mykje større sjanse for å kome i arbeid etter fullførte arbeidsmarknadstiltak enn om ein kjem

til landet av andre årsaker. Velferdsytingane kontantsøtte og einsleg forsørgarstønad har tydeleg negativ påverknad på sannsynet for å kome i arbeid, og det same gjeld dess fleire barn ikkje-vestlege innvandrara. Denne studien finn, som tidlegare forskning har vist, at sannsynet for at ikkje-vestlege innvandrara er i arbeid er mindre dess eldre dei er. Denne effekten er større enn den er for nordmenn.

Ein effekt som kanskje er overraskande, er at utdanning har mykje større positiv påverknad på nordmenn sitt sannsyn for å kome i arbeid enn for ikkje-vestlege innvandrara. Resultata viser også ein klar negativ effekt av å ha delteke på introduksjonsprogrammet på sannsynet for å kome i arbeid. Dette kan spegle at det er stor skilnad mellom særleg ikkje-vestlege innvandrara og nordmenn sitt kompetansenivå, og at introduksjonsprogrammet ikkje klarar å tette dette gapet.

## 10.2 Teoretiske funn

Denne oppgåva skulle ikkje teste teori, men fordi eg har utleidd hypoteser frå tre teoriar, kan eg seie noko om teoriane si forklaringskraft i oppgåva. Teorien om norsk velferdsøkonomi førte til tre hypotesar, der to fekk støtte i empirien. Hypotesen om at generøse velferdsordningar kan føre til at fleire står utanfor arbeidslivet fekk god støtte i empirien, og vurderast som ein viktig forklaringsfaktor for kvifor kvinnene eg undersøker står så langt frå arbeidslivet.

Teorien om humankapital fortel om insentiva menneskje har til å investere i eigen kunnskap og kompetanse. To av fire hypotesar fekk støtte i empirien. Særleg hypotesen om at spesifikk kompetanseheving fører fram til arbeid er interessant, spesielt fordi i valet mellom dette og generelle kompetansehevingstiltak, så deltek 80 prosent av ikkje-vestlege kvinnelege innvandrara på spesifikke kompetansehevingstiltak. Av dei teoretiske inndelingane i tiltak er dette tiltaket som i nest størst grad fører fram til arbeid, som vi såg i tabell 4. Dersom denne typen tiltak har så stor påverknad på sannsynet for å kome i arbeid, kvifor er det då ikkje fleire i gruppa som faktisk har kome i arbeid?

Den tredje teorien handlar om utforming og gjennomføring av offentlege policy-verktøy. Ved å undersøkje korleis eit policy-verktøy er bygd opp, kan ein lettare forstå korleis dei er meint å verke, og ein kan også vurdere om dei *kjem til* å verke etter måla. Berre éi av tre relevante hypotesar fekk støtte i empirien. Hypotesen som fekk støtte, at synlege arbeidsmarknadstiltak aukar sannsynet for å kome i arbeid, føreser ikkje effekten for ikkje-vestlege kvinnelege innvandarar. Teorien var nyttig for å dele opp arbeidsmarknadstiltaka i

handterlege delar, for slik å kunne analysere dei grundigare. Teorien hadde derimot liten forklaringskraft i oppgåva.

### 10.3 Vidare forskning

Det viktigaste empiriske funnet i denne oppgåva er at dei ikkje-vestlege kvinnene i stor grad deltek på dei tiltaka som modellane føreseier skal føre fram til arbeid. Dersom funna er valide, bør enno fleire av kvinnene delta på tiltaka som gjev størst påverknad på sannsynet for å kome i arbeid. Prosjektet har validitetsufordringar ved at manglande verdiar i datamaterialet truleg manglar på systematisk vis. Det er også ei utfordring at analysane viste at det ikkje var nokon seleksjonseffekt til tiltaka, altså at deltakarane sjølve kan påverke kva for tiltak dei vil delta på. Tidlegare forskning viser nokså tydeleg at denne effekten eksisterar. Ei siste utfordring er at utvalet er trunkert, altså at ein ikkje om, og eventuelt korleis, underpopulasjonen ein har studert kan skilje seg frå ein større populasjon.

Fordi studien har høg reliabilitet, kan andre forskarar nokså lett replisere den og få like resultat. Dersom ein kan slå fast kva for tiltak som gjev dei ulike gruppene størst sjanse for å kome i arbeid, har ein teke eit stort steg på vegen i å inkluderer desse kvinnene i arbeidslivet og i samfunnet elles. Denne studien har funne indikasjonar på kva for tiltak som gjev størst effekt på sannsynet for å kome i arbeid, men det er ikkje nok å gjennomføre éin studie for å gje tilstrekkelege svar på spørsmåla eg har stilt.

Framtidige studiar treng fleire forklaringsvariablar og betre spesifiserte modellar. Ein bør også undersøkje om det faktisk er seleksjon til tiltaka, slik tidlegare forskning har vist. Heckman sin seleksjonsmodell er éin måte å undersøkje dette på, men ein metode som matching kan også vere eigna. Variablar som butid, kandidatane si tidlegare yrkeserfaring, språkkunnskapar og ein variabel som skil mellom utdanning teke i Noreg og i heimlandet peikar seg ut som viktige. Ein bør sjå nøyare på effektar av fødeland på sannsynet for å kome i arbeid, og undersøkje om det finst andre samspelseffekter enn dei som er undersøkt her. Vidare forskning bør også undersøkje meir inngåande kva som kjenneteiknar dei som *ikkje* har fått arbeid, og sjå om det er karakteristika som peikar seg ut som viktige for at dei ikkje lukkast på arbeidsmarknaden.

# Litteraturliste

- (2015-2016), M. S. (2016). *Fra utenforskap til ny sjanse*.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20152016/id2476199/>.
- Ager, A., & Strang, A. (2008). Understanding integration: A conceptual framework. *Journal of Refugee Studies*, 21(2), 166-191.
- Arbeids- og sosialdepartementet. (2016a). *Flyktninger og arbeid*. Retrieved from [https://www.regjeringen.no/contentassets/f0707078220a4d499fce2bbef7cdb37d/flyktninger\\_og\\_arbeid\\_rapport\\_2016.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/f0707078220a4d499fce2bbef7cdb37d/flyktninger_og_arbeid_rapport_2016.pdf):
- Arbeids- og sosialdepartementet. (2016b). Hvilke arbeidsmarkedstiltak finnes?
- Bakken, F. (2009). Det kjønnsdelte arbeidsmarkedet i Norge. *Arbeid og Velferd*, nr. 4 2009.
- Becker, G. S. (1962). Investment in human capital: A theoretical analysis. *The journal of political economy*, 9-49.
- Becker, G. S. (2008). Human Capital. Retrieved from <http://www.econlib.org/library/Enc/HumanCapital.html>
- Benum, E. (2015). Velferdsordningene utvikles. Retrieved from Norgeshistorie.no
- Bratsberg, B., Raaum, O., & Røed, K. (2016). Flyktninger på det norske arbeidsmarkedet. *Søkelys på arbeidslivet*, 33(03), 185-207.
- Brochmann, G. (2006). *Hva er innvandring*: Universitetsforlaget.
- Brochmann, G., Borchgrevink, T., & Rogstad, J. (2002). Sand i maskineriet. *Makt Og demokrati i detflerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Brochmann, G., & Hagelund, A. (2010). Velferdens grenser. *Innvandringspolitikk og velferdsstat i Skandinavia 1945-2010*, 1945-2010.
- Bryman, A. (2012). *Social Research Methods*: Oxford University Press.
- Bushway, S., Johnson, B. D., & Slocum, L. A. (2007). Is the magic still there? The use of the Heckman two-step correction for selection bias in criminology. *Journal of Quantitative Criminology*, 23(2), 151-178.
- Cahuc, P., & Zylberberg, A. (2004). *Labor economics*: MIT press.
- Castles, S., de Haas, H., & Miller, M. J. (2014). The age of migration: International population movements in the modern world. *5th Revised Edition*, Basingstoke: Palgrave.
- Christophersen, K.-A. (2009). Databehandling og statistisk analyse med SPSS. Oslo: Unipub forlag.
- Christophersen, K.-A. (2013). Introduksjon til statistisk analyse: regresjonsbaserte metoder og anvendelser: Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Djuve, A., Kavli, H., & Hagelund, A. (2011). Kvinner i kvalifisering: Introduksjonsprogram for nyankomne flyktninger med liten utdanning og store omsorgsoppgaver. Oslo: Fafo.
- Egge-Hoveid, K. (2014). Kontantstøtte - lite endring tross høyere sats. *Samfunnsspeilet*, 4/2014.
- Esping-Andersen, G. (1990). The three worlds of welfare capitalism: Princeton: Princeton University Press.
- Fjeldstad, Ø. (2016). NAV kjøper tjenester for milliarder. *Magasinet Velferd*.
- Freeman, G. P. (2004). Immigrant incorporation in Western democracies. *International migration review*, 38(3), 945-969.

- Frondel, M., & Vance, C. (2012). On Interaction Effects: The Case of Heckit and Two-Part Models. *Ruhr Economic Papers #309*.
- Greene, W. H. (2012). *Econometric analysis*. Harlow, Essex: Pearson Education Limited.
- Hansen, R. (2012). The Centrality of Employment in Immigrant Integration in Europe. *Washington DC: Migration Policy Institute*.
- Hardoy, I., & Zhang, T. (2013). Innvandrere i arbeid: Hjelper arbeidsmarkedstiltak?
- Heckman, J. J. (1976). The common structure of statistical models of truncation, sample selection and limited dependent variables and a simple estimator for such models *Annals of Economic and Social Measurement, Volume 5, number 4* (pp. 475-492): NBER.
- Heckman, J. J. (1979). Sample selection bias as a specification error. *Econometrica*, 47(1).
- Hellevik, O. (2009). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*: Universitetsforlaget.
- Høydahl, E. (2008). Innvandrerbegreper i statistikken: Vestlig og ikke-vestlig-ord som ble for store og gikk ut på dato. *Samfunnsspeilet 4/2008*.
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere, (2003). Justis- og beredskapsdepartementet. (2016). Asylsøkere skal komme raskere i arbeid [Press release]
- Kann, I. C., & Kristoffersen, P. (2015). Arbeidsavklaringspenger - helt forskjellig fra forløperne? *Arbeid og Velferd, nr. 3 2015*.
- Kommunal- og regionaldepartementet. (2005). Rundskriv H-20/05 Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven).
- Koopmans, R. (2009). Trade-Offs between Equality and Difference: Immigrant Integration, Multiculturalism and the Welfare State in Cross-National Perspective. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 36(1), 1-26.
- Kvande, E. (Ed.) (2015). *Den norske modellen. Internasjonalisering som utfordring og vitalisering*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Kvinge, T., & Djuve, A. B. (2006). Bruk av arbeidsmarkedstiltak for ikke-vestlige innvandrere. Hvem deltar, og hvordan er sysselsettingseffektene? *Faforapport Oslo, FAFO*.
